



Møteinnkalling

UTVAL:	Formannskap
MØTESTAD:	Bykle rådhus
DATO:	14.10.2025
TIDSPUNKT:	16:00

Forfall meldast på tlf 379 38 500 eller post@bykle.kommune.no som syter for innkalling av varamenn. Varamenn møter berre ved særskild innkalling. Representantar som meiner dei er ugilde i ei sak, vert bede om å melde frå før møtet.

Sak PS 82/25 er unnateke offentlegheit heimla i offentleglova §13 jamført forvaltningslova §13 2. ledd

Saksnr.	Innhold
PS 76/25	Godkjenning av innkalling og saksliste
RS 16/25	Strategisk næringsplan - høringsutkast okt. 25
RS 17/25	Hegni sommar 2025 - evalueringsrapport
	Delegerte saker
DS 6/25	Søknad om tilskudd til trampoline ved HSG
OS 19/25	Orientering frå Ordføraren
OS 20/25	Orientering frå Kommunedirektøren
OS 21/25	Orientering med drøfting om lokale skyssordningar og tilbod
PS 77/25	Økonomirapportering per august 2025
PS 78/25	Aktivitetskort for barn og unge i Bykle kommune
PS 79/25	Tildeling av sosial stønader ved busetting og etablering av flyktningar, Bykle kommune
PS 80/25	Rekrutteringsprosjekt Valle og Bykle - prosjektrapport fase 1
PS 81/25	NMSK-tilskott - Trydalsheii snuplass
PS 82/25	Grunnerverv gnr. 2 bnr. 151 – Framtidig hybelbygg for Hovden skigymnas

PS 76/25 Godkjenning av innkalling og saksliste



BYKLE
KOMMUNE – Bykle ser langt

Høringsutkast

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BYKLE KOMMUNE 2025–2035



Høringsutkast oktober 2025



Innleiing

Den nye kommuneplanen har som eitt av fire satsingsområde å utvikle eit breiare næringsliv!

Gjennom samanstilling av eit kunnskapsgrunnlag om næringsliv, moglegheiter og utfordringar, kjem det fram at det vil vere viktig å gjere næringslivet lokalt meir robust framover.

Bykle kommune sitt fokus innanfor næringsutvikling vil difor vere; omstilling, auka lønsemd og vekst i eksisterande næringsliv, samt vekst gjennom tilrettelegging for nye bransjar/etableringar og nye næringar, som tek utgangspunkt i dei fortrinna som finst her. Tilgjengeleg kraft er sentralt. I tillegg kjem klima, natur, kultur og geografisk plassering.

Næringsstøtte blir føreslege meir retta inn mot eksisterande verksemdar med vekstpotensial, strategiske nyetableringar og fellestiltak som styrkar attraktiviteten.

Bykle kommune har ambisjonar om å vere framoverlente og gode på å legge til rette for næringsutvikling. For å lukkast er det viktig å være tett på næringslivet, tilpasse seg raskt og sørge for kort veg mellom idé og handling.

Vi håpar næringsplanen blir eit godt verktøy, og at vi bruker fellesskapet sine ressursar til beste for å sikre berekraftig vekst og verdiskaping framover!



Innholdsfortegnelse

SAMANDRAG	6
Forming av næringsplan	7
KUNNSKAPSGRUNNLAGET I KORTVERSJON	8
Privat næringsliv i kommunen	8
Korleis rigge seg best på næringsutvikling?	11
GODE RÅD FRÅ EKSPERTPANELET!	12
KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL	13
STRATEGISK NÆRINGSPLAN - HANDLINGSDEL	14
Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida	14
Eit meir variert næringsliv	15
Stadutvikling i Bykle	16
Destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden	17
Vidareutvikling av fjellandbruket	18
Organisatorisk grep i arbeidet med næringsutvikling	18
Bruk av økonomiske verkemiddel til næringsutvikling	20
Rekruttering, kompetanse og arbeidskraft	22
Infrastruktur og mobilitet	23
RESULTAT-/EFFEKT MÅL	
- NÆRINGSARBEIDET INNAN 2035	24

Samandrag

Bykle har tre store hjørnesteinsverksemdar både i omsetning og tal arbeidsplassar. Ein av desse er knytt til besøksnæringane. Store delar av næringslivet kommunen er og knytt til omgrepet besøksattraktivitet gjennom utbygging og vedlikehald av fritidsbustader, overnatting, aktivitetar og handel mot dei besøkande. Dette er næringar som tradisjonelt har varierende lønsemd. Næringane gir sårbarheit for konjunktursvingingar og manglande heilårs besøksattraktivitet. Med ein så stor del av næringslivet retta mot den lokale besøksattraktiviteten må dette naturleg også ha fokus i det vidare næringsarbeidet.

Landbruksnæringane har ein særleg posisjon basert på at dei er stadbundne og nyttar lokale naturressursar, og har potensial for å auke sjølvforsyninga av mat lokalt framover.

Kraftverksbransjen er også viktig for kommunen i form av verdiskaping direkte og indirekte – og i høve lokale arbeidsplassar.

Det har vore nokre mindre etableringar av verksemdar i kommunen dei siste åra – men det har ikkje gitt vesentleg vekst i tal arbeidsplassar. Dei fleste etableringane sel varer og tenester til lokalk marknaden, såleis er vekstpotensiale avgrensa.

Gjennomgang av verkemiddelbruken syner at ein har hatt lite kommersielt fokus i tildelingane og lite vekt på effekt i tal arbeidsplassar og verdiskapingspotensial. Dette gir grunnlag for dreining mot meir effektiv og målretta bruk av næringsramma framover.

Kommunar som er gode på å leggje til rette for næringsutvikling, bidreg til at verksemdar får viktige konkurransefortrinn. For å lukkast er det viktig å være tett på næringslivet, tilpasse seg raskt og sørge for kort veg mellom idé og handling og å vidareutvikle ein samskapingskultur med ulike ansvar, roller og aktørar.

Kommuneplanen har som mål å gjere næringslivet i Bykle meir robust gjennom å auke breidda. Det kan vere å understøtte vekst og auka lønsemd i det eksisterande



næringslivet. Dei som har størst vekstpotensial har gjerne marknad utover kommunegrensene. Ein ser også trong for å initiere og legge til rette for nye etableringar som kan medverke til større breidde i næringslivet. For å oppnå dette må kommunen dreie sitt næringsarbeid til meir rådgjeving og formidling av regionale og nasjonale ordningar og apparat til dei som ønskjer vekst og styrkt lønsemd. Kommunen ser også at ein har ei tilretteleggjarrolle i høve innovasjon og attrahere nye større etableringar på område der kommunen har særlege fortrinn – som kraftkrevjande verksemdar.

Handlingsdelen er lagt opp for å stø opp under satsingsområda i kommuneplanen, konkretisere og utdjupe korleis kommunen vil arbeide med næringsutvikling framover.

Bykle kommune sitt hovudfokus i arbeidet med næringsutvikling framover vil vere å leggje til rette for vekst i lokale verksemdar med vekstpotensial, innovasjon og nye etableringar innanfor nye framveksande næringar.



FORMING AV NÆRINGSPLAN

Kommunestyret la premissane for utforminga av næringsplan i sak 53/21, vedtak 29.04.2021. Eit utkast til plan var ute på høyring våren 2023, men kom ikkje til politisk slutthandsaming.

Etter vedtak av ny samfunnsdel av kommuneplan i 2024, er arbeidet med næringsplan teke opp att med sideblikk på denne. Revidert planforslag er supplert med eit kunnskapsgrunnlag for å kunne peike ut forslag til grep og tiltak, og det er snevra inn til å gjelde meir konkret næringsstatistikk.

Næringsplanen tek utgangspunkt i satsingsområda i kommuneplanen og skildrar tiltak som inneber eit meir heilskapleg og langsiktig arbeid for å nå målsettingane.

Det er gjennomført 2 politiske verkstader med kommunestyret, og ein dag med eit ekspertpanel i 2024/2025, for å kome fram til føreslegne prioriteringar, grep og ordlyd i handlingsdelen slik ein no legg den fram.

Næringsplanen har som ambisjon om å omsetje dette til handling innafor næringsarbeidet i kommunal regi. Det blir føreslege å vri fokus og ressursbruk mot eit langsiktig arbeid for å skape vekstgrunnlag for vekst og auka lønsemd, og tilrettelegging for nye næringar og etableringar som ikkje finst i dag.

Gjennom en heilskapleg plan, uttettervendt arbeidsform, tydelege retningslinjer for lokale støtteordningar og samarbeid med andre virkemedelaktørar skal kommunen ta initiativ og koordinere innsats for næringslivet framover.

Kunnskapsgrunnlaget i kortversjon

Kunnskapsgrunnlaget i si heilheit med tabellar og talgrunnlag og utdjupande tekst følgjer som uttrykt vedlegg.

PRIVAT NÆRINGS LIV I KOMMUNEN

Arbeidsliv og sysselsetting

Trass i sterke nasjonale trendar som dreg folk og arbeid ut av distrikta, står det bra til med befolkningsutviklinga og arbeidslivet i Bykle.

Sysselsetjinga er høg og deltaking i arbeidslivet i Bykle fungerer godt også sett i forhold til samanliknbare kommunar og distrikt. Bykle har høgare del tilsette i privat sektor enn snittet for Agder. Dette er eit positivt utgangspunkt som ein må søkje å vidareføre og vidareutvikle.

Frå 2016 til 2023 har det vore ein auke på 37 arbeidsplassar, tilsvarande 5,9 % auke.

Flest arbeider innanfor bygg og anlegg, dernest overnatting, servering, varehandel og Industri. Dei største private verksemdene er Hovden hytteservice AS, Hovden Alpin Resort AS og Bykle Vindu AS.

Det er 28% innpendling og 20% utpendling til og frå kommunen. Ein har felles bu- og arbeidsmarknad med Valle og øvre Telemark (sterkt påverka av ei entreprenørverksemd).

Føretaksform, arbeidsplassar, lønsemd og lokalisering

Det er 419 registrerte verksemder i Bykle. Av desse er 135 aksjeselskap (AS), 7 verksemder med delt ansvar (DA), 107 enkeltpersonføretak (ENK) og 17 kommersielle under- einingar.

I følgje «Proff forvalt» er det sidan 2019 etablert 93 AS og ENK verksemder i Bykle kommune. 13 av dei har pr i dag (2023) tilsette og 20 av dei har pr i dag omsetning. Alle har eit, i all hovudsak, lokalt marknadsfokus. Det er altså ikkje etablert verksemder i denne perioden med et marknadsfokus ut av kommunen/regionen.

Verksemdene som er organisert som aksjeselskap sysselset flest – med om lag 114 i og kring Bykle og 299 i og kring Hovden.

Det er tre gonger så mange tilsette i privat verksemd på Hovden som det er i resten av Bykle.

Dei fleste landbruksverksemdene er organisert som enkeltpersonføretak og ligg i midtre og nedre del av kommunen.

Lønsemda for verksemdene i nedre del av kommunen, viser positiv utvikling gjennom dei siste 4 åra. Verksemdene med adresse Hovden, viser nedgang i lønsemd dei siste to åra, og har høgre variasjon. Dette kan nok knytast til at store delar av omsetninga er knytt til besøkande, turistar og hyttebuar. Omsetnad og lønnsamheit vil i denne marknaden vere meir konjunkturutsatt.

Bransjar og næringsstruktur

Store delar av næringslivet Bykle kommune er knytt til omgrepet besøksattraktivitet gjennom utbygging og vedlikehald av fritidsbustader og overnatting, aktivitetar og handel mot dei besøkande. Dette er næringar som tradisjonelt har varierande lønsemd og lågt lønnsnivå. Næringane gir sårbarheit for konjunktursvingingar og i høve sysselsetjing.

I privat næringsliv er bygge og anleggsverksemd den største enkelt bransjen, men slår en saman handel, tenesteyting, hotell og servering så utgjør det til saman ein omtrent like stor kategori.

Bygg og anlegg, (med unntak for Hovden Hytteservice AS), handel, tenesteyting, overnatting og servering har alle sin marknad lokalt. Dei er helt avhengige av besøksattraktivitet.

Hjørnesteinsverksemdene

Bykle vindu AS er den viktigaste enkeltverksemd i Bykle når det gjeld både omsetnad og tal tilsette.

Hovden Hyttetjeneste AS er den viktigaste enkelt verksemd på Hovden når det gjeld omsetnad.

Både verksemdene rettar seg mot marknader som i all hovudsak går ut av kommunen. Det er ei viktig erkjenning av at verksemdar med marknad utover eigen kommune er viktig for vekst og stabilitet.

Hovden Alpin Resort AS er et konsern som driv med mange aktivitetar retta mot eigedomsutvikling og besøkande. Dei representera den viktigaste verksemda på Hovden i tal tilsette og er sentral for utvikling av Hovden som destinasjon og reisemål.

Lokalt – eksternt marknadsfokus

Verksemdar med ei besøksrelatera marknad har stor tyding for næringslivet på Hovden. I tillegg leverer fleire av verksemdene i Bykle også til den besøksrelatera marknaden både i Bykle og på Hovden. Sett bort frå bygg og anleggsverksemdene er det knytt varierende til svak lønnssemd til dei besøksrelatera verksemdene.

Bygg og anleggsverksemdene er avhengig av ein fortsett utbygging av fritidseiningar for å oppretthalde tal tilsette og lønnssemd.

Felles for alle verksemdar som har ein lokal og besøksrelatera marknad er at auke i tal besøkande og ytterlegare utvikling mot heilårsdestinasjon venteleg vil medføre auka omsetning og lønnssemd.

Disponering av kommunale ressursar til lokalt næringsarbeid

Disponibel ramme næringsutvikling blir nytta til å dekke drift av næringskontor, kontingentar interesseorganisasjonar (som t.d. LVK og USS), tilskott til jordbruk, skogbruk og næringsutvikling og ymse søknadar til prosjekt, arrangement, destinasjonsmarknadsføring, aktivitetar i regi av næringslag og ulike organisasjonar. Kommunen nyttar næringsramma til eit breitt tilfang av tiltak som har fått støtte. Nokon faste og mange enkelståande tiltak og søknadar knytt til verksemdar og arrangement.

Næringsramma til næringsutvikling er disponert som følgjer:

Område	2025	2026	2027	2028
Ramme næringsutvikling	22 600	17 400	16 900	17 600
herav Destinasjon Hovden	2 333	2 333	2 333	2 333
herav Løypekjøring	4 288	4 288	4 300	4 300
herav Hovden skigymnas AS	7 500	7 500	7 500	7 500
herav Setesdal interkommunale politiske råd	1 300	1 300	1 300	1 300
Disponibel ramme næringsutvikling	7 179	1 979	1 467	2 167

Oppstillinga viser at det meste av næringsmidlane er bundne opp. Ramma er kvart år gjenstand for politisk handsaming og vil kunne variere frå år til år. Økonomiplanen legg opp til å redusere ramma i forhold til tidlegare år ytterlegare i åra som kjem.

Ambisjonar og lokalt handlingsrom for næringsarbeidet må ta utgangspunkt i økonomiske realitetar, og ev politiske prioriteringar/omprioriteringar.

Effekt av kommunal næringsstøtte

I forhold til bruk av næringsstøtte til nye etableringar er det eintydig at støtte til AS gir høgast avkastning og størst sannsynlegheit for vekst i tal tilsette. Det synast som om lønsemd er betre i selskap som ikkje har motteke støtte knytt til etablering. Her må ein samstundes nemne at tal i tabellen er låge og tilfeldigheter kan fort gi utslag som ikkje er representative.

I Bykle kommune er etableringshyppigheita god, men som i det større bildet for Norge har vi for få verksemdar som veks seg store, og som bidrar til auka breidde i næringsstrukturen.

Det er ikkje etablert verksemdar med eit marknadsfokus ut av kommunen dei seinare åra.

Av lokal og regional næringsretta støtte har mesteparten historisk vore løyvd til landbruk, reiselivet, og eksisterande næringsliv i form av støtte til enkelt verksemdar, næringslaga, marknadsrådet og arrangement. Kommunen har prioritert lågterskeltilbod og 1.line for søknadar som ikkje fell innfor regionale og nasjonale ordningar, der det er høgare krav til vekst, lønsemd og innovasjon. Det er og avgrensa midlar tilgjengeleg til etableringsstøtte for nye verksemdar.

I arbeidet med utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget tyder det på at støtte til nye næringsetableringar ikkje har gjeve stor effekt i høve tal arbeidsplassar eller vekst i eksisterande verksemdar. Det er heller ikkje noko som tyder på at det har gitt monaleg effekt for auka breidde i næringslivet, men det er gjerne etablert supplerande tenester og utvida lokale tilbod til eksisterande næringsstruktur.

Skal ein oppnå auka breidde i næringslivet i kommunen så må innsats leggjast inn mot å auke innovasjonsevna, og arbeide for å tiltrekke seg etablering av ny type verksemd.

Truleg vil det og vere viktig å rettleie gründerar inn på Innovasjon Norge sporet for å løfte ambisjonsnivået til fleire i startfasen.

For å auke effekten av lokale løyvingar bør ein truleg prioritere vekst verksemdar med potensiale til auka sysselsetting og lønsemd, og arbeid /støtte til nye etableringar av strategisk tyding – nye næringar for å breidde ut og få eit meir robust næringsliv over tid.

Ringverknadsanalyse – hyttebygging

Basert på ringverknadsanalysen for hyttebygging utarbeidd av Oxford Reserach AS, er det eintydig på at hyttebygging har monaleg tyding og næringsmessige ringverknadar for heile næringslivet i kommunen. Ho slår og fast at hyttebygginga styrker den lokale økonomien, skaper arbeidsplassar og genererer inntekter, og at omfanget er relatert til val av utbyggingstakta framover. Dette må ein ta politisk stilling til og avstemme mot ulike berekraftsomsyn m.a. i samband med ny arealdel og omfang på byggeområde til fritidsbustadar i komande periode.

NHO - kommunebarometer

Bykle kjem godt ut av denne rangeringa i NHO sitt kommunebarometer på næringsliv. Kommunen skil seg ut på nokre parametar som:

- Næringsliv. Det er liten variasjon i næringslivet og kommunens sitt kjøp av tenester frå private i prosent av brutto driftsutgifter er låg.
- Kompetanse. Vi har relativt låg del med fagbrev, men relativt høgt m.o.t til del med høgare utdanning, Innanfor kategorien teknisk og naturvitskapleg utdanning er scoren høg.
- Kommuneøkonomi. Med høgast administrasjonskostnad pr person av alle kommunar i fylket kjem me dårleg ut i denne kategorien.

På alle andre indikatorar for kommuneøkonomi kjem Bykle kommune ut blant dei aller beste.

Agder fylkeskommune – næring og verdiskaping

Agder fylkeskommune arbeider for vekst og sysselsetting og berekraftig verdiskaping, med fokus på samhandling og kompetansedeling.

Fylkeskommunen har fem plantema ein vil arbeide med framover:

- Entreprenørskap, næringsutvikling og nyskaping
- Forsking og utvikling
- Reiseliv
- Landbruk og marine næringar
- Innovasjon i offentleg sektor

Alle dei fem satsingsområda er relevante for Bykle, og ein må peike på nokre satsingar der ein kan få regional drahjelp då lokale prosjekt kan understøtte ønskja utvikling i alle / fleire delar av Agder.

KORLEIS RIGGE SEG BEST PÅ NÆRINGSUTVIKLING?

Ulike utgreiingar syner at ein må ha felles oppfatning av kvar næringsarbeidet skal gå ut på, og lukke gapet mellom forventingane til næringslivet og kva dei kan vente av kommunale bidrag og oppfølging framover.

Ein merkar seg og tydinga av å ha ein optimistisk utviklingsorientert kultur, og at kommune kan vere initiativtakar og ta i ei rolle i høve mobilisering.

Undersøkingar gir grunnlag for å vurdere å innrette verkemiddelbruken sterkare mot verksemder og etableringar med eit vekstfokus og eit vekstpotensial.

Kommunen kan medverke til næringsutvikling, men hovudoppgåva fell til verksemder og gründerar sjølve.

Kommunen kan drive med aktiv tilrettelegging, støtte og bistand knytt til prosessar, etablering, innovasjon og vekst. Næringsavdelinga kan og drive med rettleiing og kopling til kompetanse og kapital.

Basert på dette synest det aktuelt å:

- Fokuserer meir på entreprenørar med stort kommersialiserings- og vekstpotensial, framfor fokus på tal nyetableringar.
- At næringsutviklingsrolla blir meir koordinering av møteplassar og som tilretteleggjar og dørøpnar mot aktørar som kan hjelpe lokale verksemder til å vekse gjennom kunnskapsdeling, - utvikling og ikkje minst inovasjon gjennom å legge til rette for samskaping med større eksterne drivarar.

Gode råd frå ekspertpanelet!

I arbeidet med næringsplan inviterte vi til eit ekspertpanel og eit dagsmøte med dei. I etterkant har vi festa oss særleg med følgjande råd:

1. *Folk er vår viktigaste ressursen for vekst og utvikling. Gjer kvarandre gode gjennom framsnakk. Arbeid aktivt med ein positiv samhandlingskultur mellom næringsliv og kommunen. Løft gjerne næringsforeiningane som talerøyr inn.*
2. *Mobilisering og rask handling gir utviklingskraft!
Syn fram resultat av gjennomføring og samhandlingsdynamikken!*
2. *Auk effekten av det vi alt har investert i av infrastruktur. Styrk det vi har av næringsliv, og legg til rette for meir differensiert arbeidsliv framover.*
3. *Ver tydelege på kvar vi vil og ta nasjonal posisjon på område der vi har særlege fortrinn både innafor kraft og naturressursar, og kulturarv.*
4. *Sats på vidareutvikling av reiselivet, landbruk og lokalmat og meir nytting av lokale ressursar.*
5. *Sats på det ein alt er sterk på og spiss pengebruken til færre og større prosjekt. Invester i det som kan utløyse meir! Sats på «mindre» store nye etableringar – dei er store i vår målestokk.*
6. *Jakt gjerne nye næringar og etableringar – men ikkje gløym dei vi alt har!*
7. *Styrk kunnskapen om støtteregulverk og ordningar. Bruk handlingsrommet for lokale innkjøp ved offentlege anskaffingar. Følg opp dei som mottek støtte og om utviklinga går som ønskjeleg!*
8. *Bruk nærleik, små forhold og korte liner for involvering som eit fortrinn. Felles rekruttering i Bykle og Valle vil tene oss i same lokale arbeidsmarknad.*
8. *Ver særeigen og synleg for å styrke attraktiviteten både for arbeide , bu og vitje kommunen.*

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke
15. oktober 2024.

Kommunen sin visjon er; «Bykle ser langt»!

Dei prioriterte satsingsområda i kommuneplanen er:

- Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida
- Eit meir variert næringsliv
- Stadutvikling i Bykle
- Destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden

Satsingsområdet; eit meir variert næringsliv, vart utdjupa med
konkretisering/ prioritering av:

- Strategisk arbeid med korleis kommunen mest målretta kan nytte sin innsats for å styrke næringslivet og legge til rette for nyetableringar.
- Utnytte bransjeeffekten av å vere kraftkommune
- Pådrivar for å få forsterka nettkapasitet og tilgang til energi frå dagens lokale kraftproduksjon for å legge til rette for kraftkrevjande næring
- Pådrivar og fasilitator for vidareutvikling og organisering av fjellandbruket med nisjeproduksjon tilpassa klimaendringar, ny teknologi, nydyrking og bruk av areal som er gått ut av produksjon.
- Pådrivar for gul stripe til Haukeli for å understøtte RV9 som transportkorridor med tilknytning til E134 og framtidig høgfartsbane

Strategisk næringsplan - handlingsdel

Handlingsdelen tek utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget og byggjer opp om dei strategiske målsettingane frå kommuneplanen og drøftingane i politiske verkstader i planprosessen.

Tiltaksdelen er omfattande og langsiktig. Grepa innafor næringsutviklingsområdet er forsøkt knytt til dei enkelte satsingsområda i kommuneplanen der det er naturleg, nokon av tiltaka er felles og er skildra som eigne satsingar, eller meir gjennomgåande tema.

KVALITET I KOMMUNALE TENESTER TILPASSA FRAMTIDA

Kommunens næringsarbeid skal vere tufta på kunnskap om kva som gir størst moglegheit for å få mest att for ressursbruken. Vekst blir skapt i og av næringslivet. Kommunen kan hjelpe som initiativtakar, koordinator og gjennom å leggje til rette. Dialog og samhandling er heilt sentralt for å bidra til vekstkultur og dynamikk mellom kommunen og dei private aktørane.

Tiltak

1. Verksemdsbesøk som rullerande aktivitet. Representasjon og deltaking i lag med verksemdar på viktige arrangement og arenaer.
2. Lett tilgjengeleg informasjon og oppdaterte lokale støtteordningar, med digital søkeside. Styrkt fokus på kvalitet og rutinar i sakshandsaming og i tenestene vår. Meir krav til søknadar og formalitetar, og meir vekt på kommersiell vurdering / prioritering.
3. Styrkt fokus på rolle og funksjon på rettleiing, kompetanseformidling, og aktivitetar som aukar bruken av regionale og nasjonale støtteordningar og verkemiddelapparatet.
4. Kurs og arrangement for næringslivet med sikte på kompetanseheving som er aktuelt. T.d. offentlege innkjøp, miljøsertifisering, HMT og kvalitetssystem.
5. Etablere «Bykle-konferansen» som årleg møteplass for lokalt næringsliv, politikarar, og eksterne kommersielle interessentar/ressursmiljø, FOU / akademia og regionalt verkemiddelapparat.
6. Årleg brukarundersøking – om næringslivet si oppfatning av næringsarbeidet til kommunen.
7. Årleg politisk temamøte om næringsutvikling der ein tek utgangspunkt i spørjeundersøking, rapport over tiltak og effektar gjennom året.
8. Landbruksnæringsane skal følgjast opp med relevant kompetanse og rådgjeving tilpassa fjell-landbruket og måla om auka sjølvforsyning.
9. Etablere «lokal doffin» for utlegging av oppdrag for å fremje lokale handel av varer og tenester.

EIT MEIR VARIERT NÆRINGS LIV

Eit meir variert næringsliv inneber fleire verksemder og gründerar med eit marknadsfokus ut av kommunen, fleire kompetansesarbeidsplassar og meir vekst og gjerne nyskaping hjå eksisterande næringsliv. Vi må spille på våre særegenheit og styrkar for å tiltrekke oss nye verksemder gjennom samskaping med lokale og eksterne aktørar. Vekst blir skapt i og av næringslivet. Kommunen kan hjelpa som initiativtakar, koordinator og tilretteleggjar. Det er viktig å finne ein tenleg lokal struktur og arbeidsform i næringsutviklingsarbeidet som første line og tilretteleggjar.

Tiltak

1. Næringsarbeidet skal bidra til å skape meir innovasjon, vekst og variasjon i næringslivet, gjennom vidareutvikling av ein samskapingskultur med hjørnesteinsverksemdene og ulike bransjar i kommunen, og med eksterne aktørar, regionalt verkemiddelapparat, FOU-miljø og finansieringsaktørar.
2. Arbeide aktivt for å tiltrekke seg nye verksemder som kan nyttiggjere seg dei fortrinna me har i kommunen. Skape eit breiare næringsliv – gjennom etableringar og nye type verksemder/næringar som ikkje finst lokalt i dag, som kraftkrevjande verksemder og nye framveksande næringar
3. Arbeidet med heile næringslivet i kommunen for styrkt robustheit og lønsemd i ulike bransjar, men med eit særleg fokus på følgande område: Eksisterande næringsliv; turisme/besøksnæringen, bygg og anleggsbransjen, kraftbransjen og landbruket.
4. Rekruttere fleire kompetansesarbeidsplassar til kommunen gjennom å ha møteplassar, og revitalisere co-works lokalitetane og stimulere til eksterne (hytte-Byklarar og statlege regionale offentlege verksemder andre) medverkar til at fleire kan bu og arbeide lokalt.
5. Samskaping og relasjonsbygging med eit breitt kontaktnett for å styrke samarbeidet mellom lokale aktørar og eksterne ressursar og miljø.
6. Kompetanseformidling: gjennom eigne tilsette og i samarbeid med eksterne aktørar frå akademien, næringsliv og offentlege aktørar formidle spisskompetanse og relevante fagmiljø til lokale verksemder.
7. Arbeide langsiktig og med kontinuitet for å sikre at involverte i prosessar har insitament og motivasjon for å delta på heile reisa, og at kommunen følgjer på tilsvarande.
8. Etabler eit næringsfond som risikoavlasting og investering i nye verksemd, eller ved utviding av eksisterande verksemder, for å sikre og utløyse vekst i verksemder av strategisk tyding. Formidle eventuelle case /lokale verksemder i utviklingsprosessar til privat investorar etter avtale.



STADUTVIKLING I BYKLE

Bykle bygd på rein kraft er næringslaget sitt slagord, men og eit omgrep kommunen vil stø opp om.

For å auke utviklingstakta i kyrkjebygda må kommunen ta ei meir aktiv rolle. Dette inneber mellom anna å prioritere arbeid med følgande tiltak:

Tiltak

1. Leggjje til rette for auka nærings- og bustadattraktivitet med eit sentrumsbygg med næringslokale og bueiningar
2. Målretta prosjektarbeid for besøksattraktivitet med utgangspunkt i utvikling av landbruks- og reiselivs relaterte opplevingar og dei stadbundne natur- og kulturressursane;
 - a) kulturarv- og besøksattraksjonar med spikarmatte-/stoppeffekt,
 - b) turveg, kultursti, badeplass/ badstoge, fiskeplassar m.v.
3. Ha ei pådrivar og koordinerande rolle for etablering av fleire kraftkrevjande verksemdar og eit større næringsareal kring Bykjilsmoen.
4. Ilag med Otra Kraft AS, Å energi AS, Statnett og Glitre nett, arbeide for å skape eit lokalt økosystem for innovasjon og nyetableringar innanfor kraftteknologi og kraftkrevjande nye verksemdar.
5. Involvere lokale entreprenørar, kapital, og akademia om inoasjonar og etablering av nye verksemdar.
6. Medverke til attraksjonsutvikling – med kraftopplevingscenter, og formidle kunnskap om kva produksjon av fornybar kraft har betydd og betyr i det grøne skiftet.
7. Koordinering av ulike prosjekt som gir auka styringsfart og positive næringsmessige ringverknadar.

DESTINASJONS- OG SENTRUMSUTVIKLING PÅ HOVDEN

Reiselivsnæringa er den største næringa i kommunen i omsetning og tal arbeidsplassar, og har store lokale ringverknadar for beslektade næringar. Næringane har og høg verdi for bu- og besøksattraktiviteten. Vekst i reiselivsnæringa framover må skje innfor rammene av nasjonale føringar og forventingar til natur og arealbruk. Auka besøksattraktivitet må vere tufta på ivaretaking av natur, dyreliv, kultur og miljø og lokalbefolkninga si "tolegrens". Det inneber at reiselivet må utviklast med vekt på sosial, økonomisk og miljømessig berekraft og innfor tolegrensene til både befolkning og villrein. Reisemålsutviklinga må og understøtte ønskja bidrag til samfunnsutviklinga, og at reiselivet blir meir robust med styrkt lønsemd. Utjamning av sesongsvingingar og styrke heilårs sysselsetting kan vere stikkord. Andre kan vere destinasjonsleiing, strategisk reisemålsutvikling, og marknadsutvikling for morgondagens turistnæring med høg økonomisk verdi og lågt klima-avtrykk. Ein vil leggje vekt på at det er «kassapunkt» knytt til nye tilretteleggingstiltak og tilbod.

Tiltak

1. Utarbeide ein reiseliv-/målsstrategi for Hovden som heilårs destinasjon og heile kommunen som turistkommune. I dette ligg mellom anna;
 - a) Utvikling av aktivitet og opplevingstilbod, besøksattraksjonar og nye reisemålsprodukt.
 - b) Besøksforvalting - opplevingsutvikling og kanalisering av ferdsle
 - c) Utvikle Bykle som arrangementskommune
 - d) Arbeide for at private aktørar etablerer bubil-camping og tilhøyrande tilbod
 - e) Sentrumsutvikling med handel og småbutikkar og ulike sentrumstilbod
2. Innovasjon i reiselivsnæringane - marknadsutvikling.



3. Utvikling av Hegni som portal til Hovden og sentrum og ulike infrastrukturtiltak som offentlig toalett og parkeringsplassar ved viktige utfartspunkt.
4. Utarbeide ein reiseliv-/målsstrategi for Hovden som heilårs destinasjon og heile kommunen som turistkommune. I dette ligg mellom anna;
 - a) Utvikling av aktivitet og opplevingstilbod, besøksattraksjonar og nye reisemålsprodukt.
 - b) Besøksforvalting - opplevingsutvikling og kanalisering av ferdsle
 - c) Utvikle Bykle som arrangementskommune
 - d) Arbeide for at private aktørar etablerer bubil-camping og tilhøyrande tilbod
 - e) Sentrumsutvikling med handel og småbutikkar og ulike sentrumstilbod
5. Innovasjon i reiselivsnæringane - marknadsutvikling.
6. Utvikling av Hegni som portal til Hovden og sentrum og ulike infrastrukturtiltak som offentlig toalett og parkeringsplassar ved viktige utfartspunkt.



VIDAREUTVIKLING AV FJELLANDBRUKET

Dei stadbundne næringane nyttar lokalt ressursgrunnlag. Framtidas landbruk (jord- og skogbruk) er berekraftig og bidreg til auka sjølvforsyning i kommunen.

Tiltak

1. Følgje opp strategi for landbruksnæringane med m.a.:
 - a) Stø opp om å utvikle landbruket og oppmuntre til nye nisjenæringar som utnyttar potensialet i dei stadbundne ressursane på ein berekraftig måte, gjennom kompetanseutvikling om nye driftsmetoder og implementering av ny teknologi.
 - b) Stø opp om pilotprosjekt som aukar produksjon av nye/andre vekstar, produksjonsformer og bruk av teknologi for å auke tilfanget av lokalmat og auka sjølvforsyning Iverksette prosjekt og rådgjeving for meir aktiv beiteforvalting, stimulere til generasjonsskifte for å ha aktiv bruk av all innmark, sikre dyrkingspotensial og dyrkamark i dag, og konkretisere strategiar for aktivering av jordbanken framover. Fremje forsøk med ulik organisering der aktive bønder kan nytte seg ressursgrunnlag i landbruksproduksjon på gardar som i dag ikkje er i aktiv bruk/hevd.
 - c) Stø opp om prosjekt som koplar reiseliv, anna næringsliv og landbruk, synergjar mellom skjøtsel opplevingar og lokal verdiskaping, og deltaking i lokalmatsatsingar og regionale matprosjekt.
 - d) Halde på, og vidareutvikle gode tilskotsordningar til landbruket.



ORGANISATORISK GREP I ARBEIDET MED NÆRINGSUTVIKLING

Aktørar, roller og samskapingskultur

Fellesnemnaren for å oppnå vekst, auka variasjon i næringslivet, fleire kompetansearbeidsplassar og fleire nye etableringar med eit marknadsfokus ut av kommunen, er fornying og utvikling. Kommunen må arbeide målretta og langsiktig for å skape betre grunnlag for innovasjon. I det ligg også å byggje eit samskapingsmiljø med ulike kompetanse, kontaktnett, kapital, kontinuitet og kultur for vekst. Samla utviklingskapasitet er summen av samskapinga ein får til med ulike offentlege og private aktørar, og at det er god samhandling mellom politisk og administrativt nivå.

Kommuneleiinga – politisk og administrativt vil vidareføre etablert praksis med bedriftsbesøk jamleg for å avdekke behov og idear til vekst i ulike verksemder.

Omdømebygging og synlegheit eksternt er viktig for å vere ein attraktiv distriktskommune som trekker til seg nye etableringar og verksemder. Kommunen kan ta ei slik rolle framover.

I kunnskapsgrunnlaget peika ein på rolla som produsentar og entreprenør har, og som er særleg viktig at kommunar i distrikta nytta meir aktivt. I det kommunale næringsarbeidet er det særleg rolla som 1.line næringsavdelinga dekkjer. Det blir ytt tenester med rådgjeving, koordinering og tilrettelegging og sakshandsaming knytt til næringssaker.

Ein peika og på det samla tilbodet av verkemiddelapparat regionalt (som Driv Agder, Innovasjon Noreg, Pågang næringshage, Kompetansefonda i Agder, Agder fylkeskommune, SIVA osv) som kapasitet til å drive rettleiing og formidling av kompetanse og ordningar. Tenestekjøp og bruk av næringshagar, og utviklingsselskap kan vere supplement til lokal 1.line.

Det kommunale næringsarbeidet blir føreslege dreia til meir fokus på arbeid med samla utviklingskapasitet, og meir aktiv bistand til små verksemder med rådgjeving og aktiv oppfølging av utviklingsprosjekt i verksemdene.

Ein legg og opp til meir formidlings-rolle for kompetanseutvikling for næringslivet som felles kurs og fagtilbod og arrangement, og innretta mot enkeltverksemder, verkemiddelapparat og ordningar. Kommunen skal aktivt formidle ordningar som Skattefunn, IFU og OFU-avtalar, SMB-program og -kursrekker for dei dette kan vere aktuelt for.

Kommunen vil invitere til og gjennomføre infomøter for næringslivet lokalt 3 gongar i året framover med aktuelt fagleg program. Det er eit mål at verkemiddelapparatet medverkar til å stø opp om og gjere etablerte verksemder meir robuste – og at råd og rettleiing kan vere nyttig. I tillegg vil det vere viktig å arbeide for å breie ut arbeidsmarknaden og at veksten kjem i privat sektor, og at ein utløyser synergjar og ringverknadar gjennom å stimulere til rekruttering og samhandling mellom ulike verksemder som treng fleire hender.

Ein ser og at lågterskeltilbodet i kommunen kan bli meir viktig framover, og at næringsavdelinga meir aktivt kan bistå mindre verksemder med rådgjeving i arbeid med forretningsplan og dokumentarbeid slik at dei treff i høve eksterne støtteordningar. Det kan vere nyttig for verksemder å få bistand med tilrettelegging og koordinering av dialogen i høve det regionale verkemiddelapparatet med såkalla «Jungel-hjelp» både for nyetableringar og eksisterande verksemder. Samstundes som ein vil fasilitere og hjelpe er det viktig at det ligg kommersielle prinsipp og at ein har kritisk blick på støttenivået når det gjeld økonomiske verkemiddel frå kommunen si side. Der kommunen ikkje har relevant bransjekunnskap kan ein vurdere tenestekjøp for å bistå aktørar effektivt.

Det kommunale selskapet Bykle og Hovden Vekst (BHV) har allereie i dag mandat og en vedteken strategi som underbygger dei sin posisjon i arbeidet med næringsutvikling i kommunen. BHV er i dag ein viktig aktør til gjennomføring av eigedomsutvikling, gjennomføre store prosjekt, styre kommunale verksemder, og bidra med profesjonalitet i utvikling av større verksemder i kommunen. BHV ein aktør som eventuelt kan tilleggast eit utvida oppdrag i næringsarbeidet framover. Kommunen og styret i BHV har god eigardialog.



Ein ser det som aktuelt å løfte ulike satsingar/prosjekt framover i regi av BHV og/ eller kommunen sjølv, som:

- Arbeid med å auke innovasjonsevna hjå næringslivet
- Attrahere kompetansearbeidsplassar til kommunen og stimulere til nyetableringar i lag med kommunal tilrettelegging av areal og infrastruktur.
- Drive fram eit prosjekt med tanke på etablering av kraftkrevjande verksemder og ei klynge rund rein kraft.
- Forvalte eventuelt lokalt investeringsfond/ risikokapital til investeringar i lokale verksemder og satsingar på vegne av kommunen.

BRUK AV ØKONOMISKE VERKEMIDDEL TIL NÆRINGSUTVIKLING

I frå drøftinga av kunnskapsgrunnlaget legg ein til grunn ønskje om at næringsramma framover blir disponert etter desse føringane:

- Støtte til næringsutvikling skal verte tufta på ei kommersiell fagleg vurdering:
 - Prioritering av støtte til eksisterande verksemder med potensial til vekst og auka verdiskaping, inkludert å oppretthalde gode lokale ordningar for vidareutvikling av landbruksnæringane.
 - Søknadar som ikkje har eit kommersielt føremål skal ikkje prioriterast
 - Oppdaterte retningslinjer som er målretta for å spisse bruken av næringsramma, der ein trekker ut kostnader til omsetteleg lausøyre, og innarbeide føringar for ev tilbakebetaling ved opphøyr / tak for samla støtte og andre relevante vilkår.
- Tydlegare differensiering til ulike satsingar og næringsområde, og mellom nyetableringar og verksemder med vekstkraft og vekstpotensial, og fellessøknadar til arrangement og prosjekt. Balansere og vurdere om spiremiddelordning skal vidareførast eller om ein skal meir kommersielle organisasjonsformer (AS) og verksemder med mål om fleire tilsette. Vurdere om ein skal øyremerke delar av ramma mellom bransjar.
- Kommunen framover vil legge til rette for å ta ei rolle i høve risiko-avlasting med utgangspunkt i at verksemder i distrikt har eit svakare kommersielt utgangspunkt enn meir sentralt plasserte verksemder som treng investorkapital og/eller bankfinansiering. Det er eit mål å avsette øyremerke midlar til langsiktige innsatsområde / prosjekt for større etableringar og satsingar.

- Avstemme samla innsats på reiselivsrelaterte løyvingar og drifta av fellesgode-infrastruktur opp mot andre næringar og langsiktig ønskjer om breiare næringsliv / omstilling til andre og nye framveksande næringar.
- Vurdere endra prioritering/innsats i dei ulike kommunale selskapa for å frigjere middel til nye og andre satsingar/ investeringar.
- Lage einskaplege føringar for eigeninnsats/ dugnadsinnsats som del av kostnadsgrunnlag ved støtte til arrangement – Vektlegge påreknelege næringsmessige ringverknadar i vurderinga av støtte.
- Vurdere om omdømebygging bør vere ei satsing for å styrke attraktivitet og rekruttering i komande år.
- Nytte kommunen si innkjøpsmakt og handlingsrom til å understøtte og etterspørje lokale varer og tenester, og slik auka lokal berekraft.
- Arbeide meir med å utløyse regionale verkemiddel og ordningar før ein nyttar lokal næringsramme.

Næringsavdelinga skal bistå slik at dei regionale verkemiddelordninga blir nytta før søknad til kommunen . Støtte til ny etablering skal prioriterast mot verksemd med vekstpotensial, auka verdiskaping og sysselsetting, og eit marknadsfokus ut av kommunen.

Grunnlaget i kompetansedelen talar for å vri den kommunale verkemiddelbruken mot tiltak av nytte for heile næringslivet for å skape eit felles og betre grunnlag for vekst og nyskaping. For å stø opp under endra fokus i arbeidet med næringsutvikling der fleire av tiltaka inneber prosess og prosjektarbeid over fleire år. Det kan skje innfor driftsramma til næringsavdelinga og ev øyremerka prosjekt i næringsramma framover.

I arbeidet med å skape innovasjon, vekst og nye etableringar vurdere ein at det er trong for meir risikokapital til etableringar. Risikokapital bør komme frå både kommunen og private aktørar. Slike investeringar bør gjerast basert på en kommersiell vurdering og etter strategiske og politiske føringar.

Tiltak:

1. Avstemme hovudprinsipp for fordeling / bruk av næringsfondet og disponering til næringsutvikling/ næringsramme.
2. I framtidige budsjett føreslår ein at næringsramma blir tydlegare med fordeling av ramme til ulike innsatsområde innafor næring og øyremerka rammer til prosjekt og satsingar relatert til føringane frå strategisk næringsplan. Vurdere ein forholdsmessigheit mellom rammer og bransjar i fordelinga av poster.
3. Avspegle innsatsområda frå strategisk næringsplan sin handlingsdel med å plukke/prioritere tiltak med prosjektramme i årlege budsjett.
4. Utarbeidast og revidere alle ulike tilskottsreglement for disponering og løyvingar frå næringsramma, slik at dei understøtter føringane frå strategisk næringsplan. Innarbeide tak og reglar for støttenivå og samla støtte til einskildpersonar og føretak, jf. EØS-støtteregulverk. Innarbeide vilkår for varigheit og eventuell tilbakebetaling ved sal/opphøyr innafor ei periode etter støttemottak.
5. Arbeide med å etablere eit fond for risikoavlasting – investering i lokale større etableringar/utviding av verksemdar.
6. Revidere kommunalt innkjøpsreglement med tanke på lokal innkjøp av varer og tenester så langt konkurranseregulverket tillèt, og slik fremjar produksjon og etterspørsel etter stuttreist / lokalmat i sine innkjøp. Vurdere etablering av lokal-Doffin-side for å fremje lokal verdiskaping og kjøp av varer og tenester.





REKRUTTERING, KOMPETANSE OG ARBEIDSKRAFT

Trass låg arbeidsløyse har Bykle kommune også utfordringar knytt til utanforskap. Gjennom «Brynje prosjektet» er det et sterkare fokus på å hindre fråfall frå skole og styrke menneskjers moglegheit for å kome inn i, eller tilbake til lønna arbeid og arbeidslivet. Dette arbeidet er viktig og vi må nytta forventa vekst til å få fleire ut av utanforskapet.

Samtidig opplev næringslivet utfordringar med å skaffa arbeidskraft, kvantitativt og kvalitativt. I kommunen skårar me lågt på lærlingar og yrkesfagleg kompetanse, medan me med fordel kan få fleire med høgare utdanning, særleg innan tekniske fag. Det er og låg del kvinner i tradisjonelle mannsdominerte bransjar som bygg og anlegg. Me må samarbeida på tvers for å sikre tilgang til tilstrekkeleg og riktig kompetanse.

Tiltak

1. «Heimte». I samarbeid med ungdomsrådet skal kommunen bidra til et årleg arrangement for utflytta ungdommar og dei som fortsett bur i kommunen der fokus er på arbeidsmoglegheiter og bulyst.
2. Bykle kommune skal i samarbeid med næringslivet og Setesdal interkommunale politiske råd arbeide for å ta imot minst 1 nye trainee kvart år.
3. Samarbeide med næringslivet om å utvikle en felles profilering av bo- og arbeidsattraktivitet i Bykle. Delta på arrangement for studentar, karrieredagar, utdanningsmesser og rekruttering samen med lokalt næringsliv for å sikre relevant fagkompetanse og arbeidskraft. Vurdere felles rekrutteringsportal og stillingsbank innanfor bu- og arbeidsmarknadsregionen for kommunane og lokalt næringsliv.
4. Auke tal nye lærlingar i kommunen og fremje lærlingordningane for næringslivet. Bykle kommune skal utgreie behovet for felles bustadtilbod for lærlingar i lag med lokale næringsaktørar. Eventuelt vurdere butilbod for unge og yngre tilflyttarar for skape godt bumiljø og inkludering.
5. Fremje lokalt næringsliv og arbeidsliv med tanke på rekruttering og relevante utdanningsval. Fokuserer fagbrevsutdanningar som sal, service og matfag i lag med lokalt næringsliv med unge stolte ambassadørar på utdanningsmesser osb. Vere aktiv med å tilby praksisplassar for studentar ved samarbeidande universitet som UIA og NMBU som innsal og langsiktig rekruttering til småkommunar.
6. Leggje til rette for auka bruk av samlingsbaserte og fleksible – ev. desentralisert utdanningstilbod på høgskole/universitetsnivå saman med UIA og andre institusjonar. Formidling av relevante kurs og sertifiseringar for lokalt næringsliv.
7. Nytt stipendordning til målretta stimulering til utdanning relatert til lokalt næringsliv sitt behov.
8. Alle verksemder skal få informasjon og kunnskap om regelverk og støtteordningar knytt til å ta i bruk personar som er i utanforskap, samt oppmode arbeidsgjevar til å nytte moglegheitsrommet i eksisterande verkemidlar. Setje fokus på innsats for at flyktningar sin arbeidsressurs blir utløyyst i meningsfylt arbeid.
9. Leggje til rette for kjennskap til lokalt arbeidsliv og kunnskap om næringslivet og lokale moglegheiter i grunnskulen, og fremje grunderskapsopplæring med ungt entreprenørskap.
10. Vurdere lokal studielån- ordning – på nivå med staten og kommunar i Nord-Noreg.



INFRASTRUKTUR OG MOBILITET

Velfungerande infrastruktur fremjar gode kommunikasjons- og logistikkøysningar, trygg og effektiv transport for næringslivet og andre. Det er avgjerande for bu- og besøksattraktivitet, men og for næringsattraktivitet. Spele på dei stadbundne ressursane og fortrinna med lokal kraftproduksjon – og få til etableringar nær produksjonsstaden. I dag er mangel på tilgjengeleg kraft og tilhøyrande nettkapasitet ei utfordring som ein må finne moglege løysingar på for å kunne tiltrekke seg nye verksemdar.

Satsing på utsleppsfrie løysingar for maskiner, utstyr og transport er ein del av det grøne skiftet. Betre og meir miljøvennleg kollektivtilbod og transportløysingar vil venteleg understøtte berekraftssatsingar.

Transportkorridorar og reiseruter til og frå kontinentet og mellom sør- aust- og vestlandet vil styrke kommunen sin attraktivitet som reisemål og som stad for nye næringsetableringar.

Tiltak

- Vidareføre påverknadsarbeidet med gul midtstripe på RV 9 frå Hovden til Haukeli.
- Stø opp om i arbeidet med transportkorridoren E 134 mellom Oslo og Bergen og knutepunkt Haukeli.
- Stø opp om ulike reiseruter og transportkorridorar av tyding for vegtrafikanter i og gjennom kommunen, som Dalen – Brokke- Suleskard og Rv 42 Arendal- Evje – Tonstad.
- Gang-sykkelvegar og sykkelrute 3-satsing vil vere viktig for reiselivet framover.
- Tilgong til straum er føresetnad og kritisk for nyetableringar. Samarbeide med Glitre Nett, Statnett og andre om løysningar for straumtilførsel som sikrar moglegheit for vekst og utvikling av nye etableringar og vekst lokalt.
- Arbeide for meir utsleppsfri transport og stø opp om alternative transportløysingar som lyntog Bergen-Haukeli – Oslo for å avlaste biltrafikk.
- Arbeide for ein kontinuerleg utvikling av robuste føringsveggar for fiber og nettkapasitet som sikrar framtidas behov.
- Kommunen vil fokusere på samkøyring av arbeidsreiser og tenestereiser (haik-ordning) for eigne tilsette, og vurdere fellestransport mellom Hovden og Bykle tilpassa arbeidstider, og vidareutvikle infrastruktur som styrker kollektivtransportmoglegheiter internt i kommunen.
- Tilrettelegging og arealdisponering som reduserer transportbehov internt i kommunen.
- Samarbeid med fylkeskommunen og Agder kollektivtrafikk (AKT) og andre om eit best mogleg kollektivtilbod i døme frekvens, komfort, pris og tilgjengelegheit, korrespondanse med ekspressbuss-ruter (RV9-E134) Hovden- Haukeli – Kristiansand, med korresponderande kollektivtilbod til Oslo, Bergen og Haugesund/Stavanger.
- I samarbeid med fylkeskommunen og AKT, etablere gode lokale pendlartilbod /bestillingsordning «Bygderute» for ulike målgrupper mellom Bykle og Hovden, inkludert skibuss/ nattbuss (helg). Alternativt etablere lokal transportteneste, minibuss/taxi-ordning som del av «ambulerande vaktmeister og sjåførteneste» for eldre. Kartlegge behov og kostnader for ulike driftsmodellar og eventuell regional med-finansiering.
- Kommunen vil ta ei leiande rolle i å leggje om til utsleppsfrie bilar og maskiner i eiga verksemd. Ved utskifting av eldre materiell, skal mest mogleg av nye bilar skal vere utsleppsfrie.
- Kommunen skal også fremje og etterspørje varer og tenester med fokus på miljø i sine innkjøp.
- Stimulere til bruk av utsleppsfri teknologi – maskiner og utstyr i næringslivet.



Resultat-/effektmål - næringsarbeidet innan 2035

Kommunar som legg godt til rette for næringsutvikling bidreg til at verksemder får viktige konkurransefortrinn. For å lukkast er det viktig å være tett på næringslivet, tilpasse seg raskt og sørge for kort veg mellom idé og handling. I samskapinga må alle gjere godt arbeid kvar dag for å få ønskja resultat.

For kommunen er det også ønskeleg å kunne rapportere og evaluere effektane av arbeidet. Kommunen vil framover legge inn i si rapportering vurdering av måloppnåing mot følgjande resultatmål.

Innan 2035 skal kommunen ha medverka til:

Auka tilfredsheit med det kommunale næringsarbeidet.

10 nye verksemder med marknadsfokus utover kommunen. I dette ligg;

- Nye næringar(koder) som ikkje finnes i Bykle pr nå for å auka variasjon i næringslivet.
 - Nye etableringar av kraftkrevjande verksemder
 - Nye produkt/prosessor/verksemder som spring ut av innovasjonsarbeid i eksisterande verksemder.
-

50 nye arbeidsplassar i privat sektor. I dette ligg;

- 15 nye kompetansearbeidsplassar.
-

Lokalt landbruk er i vekst, tilfanget av lokalmat er aukande, og graden av sjølvforsyning i kommunen er på 50 %.

Samanlikna med 2024-tala – 10 % auka samla omsetning og resultat, og 7 % auka sysselsetting i eksisterande verksemder

Kvar år skal kommunen har gjennomført 3 temadagar/samlingar for lokalt næringsliv og vitja minst 10 verksemder.

Alle løyvingar og aktørar /næringssatsingar skal vere promotert og synleggjort for å understøtte omdømebygginga av ein næringsattraktiv kommune.

BYKLE KOMMUNE SER LANGT

Bykle kommune er ein god stad å bu og leve!
Kraftkommunen øvst i Setesdal kan by på
fantastisk natur, fargerike bygdemenneske
og hyttebyklarar som år ut og år inn skaper
liv og røre rundt om!



© BYKLE KOMMUNE 2025
Grafisk design: Tress Design
Foto: Bykle kommune / StyrkFjærtøft

Atterhald om trykkfeil




**BYKLE
KOMMUNE**

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
T 37 93 85 00

postmottak@bykle.kommune.no
Org.nr.: 958 814 968





HEGNI SOMMER 2025

EVALUERINGSRAPPORT

Kultur og fritid, Bykle kommune
20. september 2025





EVALUERINGSRAPPORT:



Utarbeidd av: Kultur og fritid, Bykle kommune / Dato: 20.09.2025

1.0 Bakgrunn	Side 4
1.1 Kva skjedde	
1.2 Korleis var det gjennomført	
1.3 Prosjektets formål og verdi	
1 Førebygging og folkehelse	
2.0 Aktivitetar og tilbod	Side 4
3.0 Drift og vedlikehald	Side 4
4.0 Økonomi	Side 4
5.0 Bruk etter sesongslutt	Side 4
6.0 Vegen vidare- utvikling og moglegheiter	Side 4
7.0 Avslutning	Side 5

Vedlegg: Økonomisk oversikt- Hegni sommardrift 2025

1.0 Bakgrunn

1.1 Kva skjedde?

Våren 2025 blei det klart at tidlegare privat aktør ikkje ønska å vidareføre drifta av Hegni kiosk og badeplass. For å unngå at området blei ståande tomt og utan aktivitet, tok eininga for Kultur og Fritid på seg ansvaret for sommardrifta 2025. Behovet for eit slikt tilbod blei forsterka av at alpinsenteret samstundes reduserte sitt sommartilbod.

1.2 Korleis blei det gjennomført?

Kommunen organiserte drifta slik at ein fekk moglegheit til å tilby sommarjobb og arbeidstrening til lokal ungdom på 8.–10. trinn. Det var totalt 22 søkjarar, og for å gje flest mogeleg erfaring, vart vaktene fordelte slik at alle fekk prøve seg. Dei fekk då mellom 5-7 vakter kvar gjennom sommaren. Det var alltid ein ansvarleg vaksen til stades, fordelt mellom tilsette i kultur og fritid, Brynjeprosjektet og ekstern ressurs.

Kommunen utvikla Hegni til å bli meir enn ein kiosk. Det blei ein open og inkluderande møteplass med fokus på aktivitet, naturopplevingar og sosialt samvær. På dagar med dårleg vêr opna kommunen i tillegg grendehuset som eit gratis tilbod for alle, med tilgang til gymsal, buldrevegg og bibliotek.

1.3 Prosjektets formål og verdi

Kommunen tok på seg ansvaret for Hegni med fire klare mål, som alle ga stor verdi for lokalsamfunnet:

1. Førebygging og folkehelse:

Gode møteplassar er avgjerande for trivsel og psykisk helse. Hegni fungerte som eit reelt lågteskeltilbod. Folk kunne kjøpe kaffi m.m., men det var like naturleg å ta med eigen niste og også bruke grillen som var stilt til rådighet. Dette reduserte eventuelle

barrierar for deltaking og styrkte fellesskap, noko ein veit gjer økt folkehelse.

2. Arbeidstrening og utvikling for ungdom:

Sommarjobben ga dei unge verdifull erfaring, ansvarskjensle og stoltheit over eigen innsats og heimstad. Ungdommane møtte presist, tok ansvar og ga service som gjestene roste. Dei utvikla seg tydeleg gjennom sommaren. Hegni blei også ein trygg møteplass der dei visste dei kunne treffe andre på sin eigen alder.



3. Inkludering og fellesskap:

Hegni blei etablert som ein open møteplass utan kjøpspress, og var dermed tilgjengeleg for alle uavhengig av økonomi. Dette gjorde Hegni til ein viktig sosial arena for ungdomar, barnefamiliiar, flyktingar og andre då ein veit at sommarferien for noen kan opplevast meir einsam enn elles.



4. Turisme og omdøme:

Eit levande område med aktivitet og serviceinnstilt bemanning gir eit positivt inntrykk. Når gjester møter lokal ungdom som trivst i

jobben sin, styrkar det omdømet til Hovden som ein gjestfri og attraktiv destinasjon.

Dette fekk vi stadfesta gjennom mange positive tilbakemeldingar.

2.0 Aktivitetar og tilbod

Kommunen gjennomførte eit breitt spekter av aktivitetar:

→ Arrangement:

Kommunen arrangerte St. Hans-feiring med over 250 besøkande, og grillfestar som Frivilligsentralens sommaravslutning og Ung kultur Kick off ved skulestart.

→ Kioskdrift:

Kiosken var open kvar dag frå 19. juni til 10. august. Opningstid var kl 12:00-18:00. Arbeidstid for tilsette var kl 11:30-18:30.

→ Fasilitetar:

Toalett blei halde døgno-pent, nytt for året og noko som var svært populært. Ungdommane tok òg sjølv initiativ til å opprette eit nytt skifterom ved å omdisponere ei tidlegare bod.

→ Gratis aktivitetar:

Alle kunne fritt låne utstyr som badeleiker, badminton, kubb og volleyball. I tillegg vart det også i år eiga ordning for gratis utlån av båt, sup og kano spesielt retta mot lokale barn og unge (totalt 75 lokale utlån).

→ Utleige:

Kommunen leigde ut robåt, SUP og kano (totalt 189 betalte utlån), samt sju plassar for bubilparkering.

→ Opent grendehus:

På regnvêrs dagar opna kommunen grendehuset for alle.

3.0 Drift og vedlikehald

Som ny driftsansvarleg måtte Kultur og fritid etablere alle rutinar frå botnen av. Dette kravde stor innsats og fleksibilitet. Godt samarbeid, motiverte tilsette med ei positiv innstilling var avgjerande. Sommarens gjennomføring har gitt verdifull kunnskap og erfaring for vidare drift.

Følgjande oppgåver blei gjennomført:

→ **Rydding og klargjering:**

Heile uteområdet og båtlageret blei rydda i ein dugnad med frivillige før opning. Dette bør bli ein årleg rutine.

→ **Båthandtering:**

Kommunen oppmoda båt-teigarar om å merke båtane sine og rydda moloen for båtar utan eigar. Dette fekk vi berre positive tilbakemeldingar på, og fleire etterlyste betre ordningar for båtplassar.

→ **Oppgradering av området:**

Kommunen kjøpte inn to nye trampolinar for å erstatte dei gamle, reparerte øydelagde vassleiker og oppgraderte sitjeområdet med gjenbruksmateriale frå Ski NM.

→ **Dagleg drift:**

I godt samarbeid med park og reinhald i TDE, tok kommunen ansvar for dagleg reinhald, søppeltømming og vedlikehald av heile anlegget.

4.0 Økonomi

Kommunen nytta ungdomsklubben som økonomisk plattform for drifta, noko som var ei naudsynt og praktisk løysing på kort varsel.

Det totale driftsresultat på kultur var -161 506 kr. Det totale driftsre-

sultatet til klubben var på 68 899 kr. Dette resulterte i eit netto driftsunderskot på -92 607 kr.

Dette talet representerer kommunen si samla investering for å realisere dei verdiane og tilboda som er beskrive i rapporten. For detaljar, sjå vedlegg.

For framtida: For å sikre betre oversikt og klare ansvarsliner, bør ei eventuell vidareføring av drift på Hegni først på Kultur og fritid sitt eige budsjett.

5.0 Bruk etter sesongslutt

Etter at kiosken stengde for sommaren, har kommunen gjort området og utstyret lett tilgjengeleg for lokale lag og skular. Aktørar som Fjellgardane skule, SFO, Bykle barne- og ungdomskule og Hovden skigymnas har nytta seg av tilbodet til aktivitetar. I tillegg har Hovden Sportsklubb og Bykle Folkeakademi nytta området med fasilitetar til sine aktivitetar og arrangement utover hausten. Tilbakemeldingane har vore svært positive. Mange uttrykker glede over at Hegni no er enkelt å ta i bruk for heile lokalsamfunnet, også utanom hovudsesongen.

6.0 Vegen vidare – utvikling og moglegheiter

Erfaringane frå sommaren viser eit stort potensial for å vidareutvikle Hegni. Følgjande punkt er ikkje krav, men moglegheiter som kan styrke området som ein ressurs for heile kommunen:

1. Båthus og utstyr:

Det er behov for ei generell oppgradering og systematisering av utstyret i båthuset. Dette inkluderer vedlikehald av eksisterande utstyr, samt innkjøp av manglande delar som kanoårer og åregafflar. For å styrke tilbodet ytterlegare, bør ein vurdere innkjøp av fleire barnevennlege alternativ som trøbåtar og SUP-brett.

2. Platting og molo:

Bytt ut dei flisete plattingane og fullfør oppryddinga av øydelagde båtar ved moloen.

3. Parkering:

Etabler fleire parkeringsplassar for privatbilar, basert på TDE sine allereie utarbeidde planar. Ein bør sjå på moglegheita for kortare tilkomst frå vegen til båtoppsettet, slik at trafikk ikkje går gjennom aktivitetsområdet om mogleg.

4. Idrett og aktivitetar:

Bytt ut den grusete sanden på volleyballbana med ny vollyballsand og finn ei tryggare plassering for basketballkorga.

5. Brygge og badeområde:

Det er stor etterspurnad etter fleire båtplassar for utleige. For å auke attraktiviteten til området, særleg utanfor høgsesong, kan ein også vurdere å etablere ei badstue (mobil) i tilknytning til badeplassen. Samt utvikle den vesle stranda ved vollyballbana til eigna badeplass for ungdom, som eit supplement til hovudstranda.

6. Bubilcamp:

Vurder å etablere ein tømme-stasjon for bubiltoalett i Bykle kommune. Vurder å sette opp ein eigen søppelkonteinar ved campen på Hegni.

7. Millenniumstatuen:

Vurder betre belysning rundt statuen for å framheve kunstverket og gjere området meir innbydande, særleg på kveldstid.

8. Sikre heilårsbruk:

Formaliser utlansordninga for skular og lag. Vurder i tillegg å opne båthuset for andre sosiale møteplassar utanom sesongen, etter konkret ønske frå mellom anna Brynjeprojektet.

"Sommaren 2025 skapte verdier som går langt utover det reinte forretningsmessige"



7.0 Avslutning

Erfaringane frå sommaren 2025 viser tydeleg at kommunen lukkast med noko svært viktig: å skape ein genuint inkluderande lågterskel møteplass på Hegni. Frå lokalmiljøet har ein bl.a. høyrte utsagn som "Nå har vi fått Hegni tilbake".

Sommarens gjennomføring har gitt verdifull kunnskap og erfaring for eventuell vidare drift. Gjennom å drive Hegni med eit fokus på fellesskap, har det blitt tydeleg korleis området har blitt ein verdifull arena for barn, unge, familiar og ev. sårbare grupper. Modellen kommunen nytta i sommar, med ungdom i arbeid og låge tersklar for deltaking, la til rette for at tilgjengelegheit og sosial trivsel blei det sentrale. Desse verdiane let seg vanskeleg måle i kroner og øre, men er avgjerande for eit levande og inkluderande lokalsamfunn.

Diskusjonen om den framtidige drifta av Hegni handlar difor om meir enn berre økonomi; den

handlar om kva slags møteplassar vi som kommune ønskjer å legge til rette for.

Vi håpar denne rapporten vekker interesse og viser at sommaren 2025 skapte verdier som går langt utover det reinte forretningsmessige. Ei vidare satsing på denne modellen vil vere ei investering i folkehelse, trivsel og tilhøyrsløse for alle i kommunen vår.

Hovudkonklusjonar:

→ Vellukka drift:

Drifta av Hegni sommaren 2025 var ein stor suksess. Vi vurderer gjennomføringa til ein klar 6-ar på ein skala frå 1 til 6.

→ Viktig for ungdom:

Prosjektet ga meningsfull sommarjobb og arbeidstrening til lokale ungdommar, som tok ansvar og som fekk svært gode tilbakemeldingar frå dei som gjesta Hegni.

→ Verdsatt møteplass:

Hegni etablerte seg som ein vellukka lågterskel møteplass for fastbuande, familiar, ev. sårbare grupper og tilreisande uavhengig av den enkeltes økonomi.

→ Klare moglegheiter:

Rapporten viser eit stort potensial for vidare utvikling av området samt driftsmåte, noko som vil styrke lokalsamfunnet ytterlegare.



Økonomisk Oversikt - Hegni

Sommerdrift 2025

Dato: 20. september 2025

Utarbeidd av: Kultur og fritid, Bykle kommune

Formål: Denne oversikta syner dei økonomiske resultata frå drifta av Hegni sommaren 2025, fordelt på dei relevante budsjettpostane for Bykle-Hovden Fritidsklubb og eininga for Kultur og fritid.

1. Driftsrekneskap - Bykle-Hovden Fritidsklubb

Midlar knytte til kiosk- og båtverksemda vart handterte gjennom Fritidsklubben sin rekneskap.

1.1 Inntekter

Kontopost	Spesifikasjon	Sum (NOK)
3000 - Salsinntekter, Kiosk	Sal av varer	192 887,58 kr
3100 - Salsinntekter, Båt	Utleige av båt/SUP	57 875,00 kr
SUM INNTEKTER		250 762,58 kr

1.2 Utgifter

Kontopost	Spesifikasjon	Sum (NOK)
4000 - Varekjøp	Innkjøp frå Asko	74 087,45 kr
4010 - Varekjøp	Butikkinnkjøp	73 921,28 kr
6700 - Betalingstenester	iZettle-gebyr	5 690,50 kr
2710 - Utgåande MVA	Meirverdiavgift	28 164,60 kr
SUM UTGIFTER		181 864,00 kr

1.3 Netto Resultat - Fritidsklubb

Post	Sum (NOK)
Sum inntekter	250 762,58 kr
- Sum utgifter	181 864,00kr
DRIFTSRESULTAT	68 899,00kr

2. Driftsbudsjett - Kultur og fritid

Inntekter frå bubilparkering og utgifter knytte til løn og investeringar vart førte på Kultur og fritid sitt budsjett.

2.1 Inntekter

Kontopost	Spesifikasjon	Sum (NOK)
3200 - Leigeinntekter	Bubilparkering	75 950,00 kr
SUM INNTEKTER		75 950,00 kr

2.2 Utgifter

Kontopost	Spesifikasjon	Sum (NOK)
5000 - Løn	Løn til ungdommar (8.-9. trinn) inkl arbeidsgivar avgift, feriepenger og andel pensjon.	195 497,00 kr
5010 - Løn	Løn til ekstra tilsette over 18. år (2 personar)	24 160,00 kr
6500 - Inventar	Innkjøp av 2 stk. trampolinar	30 577,00 kr

6700- Konsulentteneste	Vaktmeister-vikar	39 000,00 kr
7300 - Driftsmateriell	Div. Innkjøp: skilt toalettpapir, førstehjelpskrin, m.m	36 072,00 kr
SUM UTGIFTER		325 306,00 kr

2.3 Resultat - Kultur og fritid

Post	Sum (NOK)
Sum inntekter	75 950,00 kr
Løyvde midlar frå kulturfond ved ung.råd.	50 000,00 kr
Sjukelønnsrefusjon	37 850,00 kr
- Sum utgifter	-325 306,00kr
DRIFTS RESULTAT	-161 506,00 kr



Hovden Skigymnas - Micke Pålsson

Vår ref:
2025/409-2

Sakshandsamar:
Helga Jacobsen
Helga.Jacobsen@bykle.kommune.no

Dato:
30.09.2025

Administrativt vedtak-Saksnr 443/25

Søknad om tilskudd til trampoline ved HSG

Vedtak:

Bykle kommune løyver kr 10 000 til Hovden Skigymnas til utandørs trampolineanlegg.

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka

Søknaden skildrar eit samarbeidsprosjekt mellom Hovden skigymnas (HSG), Hovden Sportsklubb, Bykle-Hovden fritidsklubb og Bykle kommune ved kultur og fritid. Målet med prosjektet er å etablere eit utandørs trampolineanlegg for å motivere og inspirere til fysisk aktivitet, og for å byggje gode relasjonar mellom elevar ved HSG og annan ungdom i kommunen. Administrasjonen ser svært positivt på prosjektet. Tiltaket blir vurdert som eit viktig bidrag for å skape eit aktivt og inkluderande oppvekstmiljø i kommunen. Det er særleg positivt at prosjektet legg til rette for uorganisert eigenaktivitet, samstundes som det tilbyr opplæring og kurs i regi av kompetente ressursar frå Hovden skigymnas.

Formelt grunnlag

Bykle kommune har vedteke retningslinjer for sakshandsaminga av søknader som dette. Ein må tilfredsstille minst eitt av desse kriteria:

- Søkjar bur i kommunen.
- Prosjektet skal gå føre seg i kommunen, opent for lokale innbyggjarar.
- Temaet er tydeleg frå Bykle kommune.
- Prosjekt retta mot barn og unge skal prioriterast.

Vurdering og konsekvensar

Samarbeidet mellom skigymnaset, idrettslaget, fritidsklubben og kommunen er eit godt døme og viser ei sterk lokal forankring og eit felles ønskje om å skape gode tilbod for born og unge. Prosjektet har ein solid finansieringsplan der fleire aktørar bidreg, noko som sikrar ei brei støtte og god gjennomføringsevne. Dugnadsinnsatsen frå trenarar og elevar ved HSG er også eit verdifullt bidrag.

Klage

Vedtaket kan påklagast til Bykle kommune. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt innafor denne fristen.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket. Oppgjev kva for eitt vedtak det vert klaga på, gjerne med saksnummer, den eller dei endringar De ynskjer, og grunnen til at De meiner klaga må takast til fylgje.

Med helsing
Bykle kommune

Helga Jacobsen
Tenesteleiar kultur og fritid

Helga Jacobsen
Tenesteleiar kultur og fritid

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.

Vedlegg:

1

søknad

Hovden 21.08.25

SAMARBEIDSPROSJEKT.

Hovden skigymnas og Bykle kommune kultur og fritid har inngått ett samarbeidsprosjekt rundt ett utendørs trampoline anlegg.

Målet er å motivere og inspirere til fysisk aktivitet, en annen målsetting kan også være å etablere gode relasjoner mellom HSG og unge i kommunen noe som kan bidra til at flere ønsker å gjennomføre videregående på Hovden i stedet for å flytte ut av kommunen.

Hovden skigymnas ønsker å bidra med opplæring og kurs innenfor utendørs trampoline og stiller med elever og trenere etter avtal.

Budsjett rundt prosjektet.

HSG står for ferdigstilling av anlegget (dugnad av trenere og elever)

Prosjektet finansieres videre gjennom støtte av følgende institusjoner/organisasjoner.

Hovden sportsklubb	40 000 kr
Hovden skigymnas	10 000 kr
Bykle kommune kultur og fritid	10 000 kr
Bykle/Hovden fritidsklubb	10 000 kr
TOTAL SUM	70 000 kr



Kontonummer Hovden skigymnas 2835 0500 903

Micke Pålsson

Daglig leder Hovden skigymnas

OS 19/25 Orientering frå Ordføraren
OS 20/25 Orientering frå Kommunedirektøren
OS 21/25 Orientering med drøfting om lokale skyssordningar og tilbod



Saksmappe: 2024/488
Sakshandsamar: AEB
Dato: 07.10.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
77/25	Formannskap	14.10.2025
	Kommunestyret	

Økonomirapportering per august 2025

Kommunedirektørens si tilråding

Økonomirapport saman med finansrapport per august 2025 vert vedteke.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Økonomirapport per august vert lagt frå til orientering. Inkludert i økonomirapporten er og finansrapport per august. Investeringsrekneskapen er kommentert per prosjekt, som er same nivå som budsjettvedtak. Driftsrekneskapen vert rapportert på hovudoversikt konto samt einingsnivå.

Bakgrunn for saka

Formelt grunnlag

Kortidsrapporteringa følgjer kommunelova §14-5 om årsbudsjettets bindande verknad, budsjettstyring og § 14-3 om finans- og gjeldsforvaltning. I henhold til

finansreglementet vårt skal det leggst fram rapport til kommunestyret som syner utvikling gjennom året.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Vedtekne måltal for økonomiske handlingsreglar er

Netto driftsresultat vert sett til minimum 3% av driftsinntekt	Budsjett 2025 10%
Disposisjonsfond vert sett til minimum 15% av driftsinntekt	Budsjett 2025 20%
Langsiktig gjeld vert sett til maksimum 65% av driftsinntekt	Budsjett 2025 27%
Eigenfinansiering investeringar vert sett til minimum 20%	Budsjett 2025 100%

Med utgangspunkt i rekneskapen og periodisering av budsjett, så ligg resultatet per august innforbi vedteke måltal.

Finansrapport:

Kommunelova § 14-3 om finans- og gjeldsforvaltning og forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning § 8 omhandler rapportering til kommunestyret.

Ledig likviditet og andre midlar meint for driftsføremål:

Bykle kommune sine midlar er plassert i bankinnskott i norske bankar. Bykle kommune har ikkje midlar plassert i pengemarknadsfond eller ved direkte eige i verdipapir. Samla innskott per 01.01.25 var på kr 342 182 000. Per 31.08 var samla innskott på kr 355 151 000. Renteinntekt på innskott vert bokført på slutten av året. Renteinntekt på utlån vert bokført ved betaling. Samla renteinntekt er budsjettert med kr 14 506 000. Renteberekninga er i hovudsak knytt til 3 mnd.Nibor, med margin 0,3%. Bykle kommune har ikkje sett av midlar til plassering i langsiktige finansielle aktiva.

Risikovurdering:

Kommunen renterisiko ved 1% generell auke er liten. Auke i lånerenta vert troleg dekkast inn ved auke i innskottsrenta. Renter og avdrag på lån dekkast inn via driftsinntekter. Kommunen sine midlar er plassert i bank, og av den grunn vert det

ikkje rapportert på tapsrisiko. Kommunedirektøren vurderar kommunen sin finansforvaltning som betryggande.

Gjeldsportefølje:

Det er ikkje budsjettert med opptak av lån i 2025 for investeringar. Ordinære lån inkludert lån for vidareutlån var per 01.01.25 kr 133 550 000. Saldo per 31.08 er på kr 127 675 000. Vedlagde finansrapport innlån gjev utfyllande informasjon vedkommande gjeld.

Driftsrekneskapen:

Avvik frå budsjett kan skuldast differanse mellom periodisert budsjett som er fordelt 1/12-del per månad, og kostnad/inntekt som fordeler seg meir periodevis.

Endring i budsjett på meir- eller mindreforbruk vert teke opp i eigen sak; budsjettrevisjon. Budsjettrevisjon 1-25 er handsama i september, men ligg av den grunn ikkje inne i budsjett-tal.

2025				
Økonomisk oversikt drift jf. 55-6	Faktisk	Oppr. Budsjett	Δ Oppr. Budsjett	Δ%
⊕ Rammetilskudd	-15 763 441	-16 027 584	-264 143	1,6
⊕ Inntekts- og formuesskatt	-66 394 352	-34 498 192	31 896 160	-92,5
⊕ Eiendomsskatt	-41 383 777	-37 518 320	3 865 457	-10,3
⊕ Andre skatteinntekter		-25 723 040	-25 723 040	100,0
⊕ Andre overføringer og tilskudd fra staten	-7 228 691	-9 462 880	-2 234 189	23,6
⊕ Overføringer og tilskudd fra andre	-71 356 092	-87 144 880	-15 788 788	18,1
⊕ Brukerbetalinger	-2 964 135	-1 854 264	1 109 871	-59,9
⊕ Salgs- og leieinntekter	-39 215 126	-33 946 944	5 268 182	-15,5
SUM DRIFTSINNTEKTER	-244 305 613	-246 176 104	-1 870 491	0,8
⊕ Lønnsutgifter	101 814 988	103 002 554	1 187 566	1,2
⊕ Sosiale utgifter	26 701 068	26 242 976	-458 092	-1,7
⊕ Kjøp av varer og tjenester	75 218 204	75 040 536	-177 668	-0,2
⊕ Overføringer og tilskudd til andre	50 616 950	17 096 816	-33 520 134	-196,1
⊕ Avskrivninger		17 326 400	17 326 400	100,0
SUM DRIFTSUTGIFTER	254 351 211	238 709 282	-15 641 929	-6,6
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	10 045 599	-7 466 822	-17 512 421	234,5
⊕ Renteinntekter	-341 310	-9 733 440	-9 392 130	96,5
⊕ Utbytter	-12 461 722	-8 038 784	4 422 938	-55,0
⊕ Renteutgifter	2 750 553	3 691 856	941 303	25,5
⊕ Avdrag på lån	4 899 525	7 113 824	2 214 299	31,1
NETTO FINANSUTGIFTER	-5 152 954	-6 966 544	-1 813 590	26,0
⊕ Motpost avskrivninger		-17 326 400	-17 326 400	100,0
NETTO DRIFTSRESULTAT	4 892 645	-31 759 766	-36 652 411	115,4
⊕ Overføring til investering		22 924 152	22 924 152	100,0
⊕ Avsetning til bundne driftsfond		28 988 400	28 988 400	100,0
⊕ Bruk av bundne driftsfond		-28 988 400	-28 988 400	100,0
⊕ Avsetning til disposisjonsfond		2 037 184	2 037 184	100,0
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT		24 961 336	24 961 336	100,0
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	4 892 645	-6 798 430	-11 691 075	172,0

Inntekts- og formuesskatt inneholdt naturressursskatt. Denne vert splitta ut på «andre skatteinntekter» ved slutten av året.

Sum driftsinntekter ligg no noko under budsjett, men det skuldast periodiseringar. Ein ventar at dei samla inntekter ved slutten av året vert noko over budsjett.

Lønnsutgifter ligg per no noko under budsjett. Årets lønstillegg er ikkje lagt inn for alle, og vil redusere mindreforbruket.

Meirforbruk i overføringer og tilskott til andre gjeld i hovudsak utbetalingar av tilskott. Store deler av dette er dekkja inn ved budsjettrevisjon 1.

Det er utbetalt kr 15 mill til Hovden Badeland som gjelder forskottering av midlar i påvente av avklaring overføring hybelbygg. Denne overføringa ligg inne i

driftsrekneskapen kostnadsført som tilskott. På grunn av at det ikkje er avklara når overføringa av bygg skal skje, vert denne forskotteringa no endra og bokført som utlån i rekneskapen.

Avskrivningar vert gjort ved slutten av året. Renteinntekt vert bokført på slutten av året. Differanse på utbytte gjeld periodisering. Bruk av, og avsetning til fond vert i hovudsak gjort ved slutten av året.

FOR-BODB - Bevilgningsoversikt drift jf. 55-4 andre ledd (B)	Faktisk	Oppr. Budsjett	Δ Oppr. Budsjett	Δ%
1 - Bykle kommune	140 815 859	98 436 794	-42 379 065	-43,1
10 - Politisk styre, råd og utval	3 655 898	2 376 595	-1 279 303	-53,8
20 - Helse og omsorg	33 020 826	37 352 336	4 331 510	11,6
200 - Pleie- og omsorgstenesta	21 292 961	27 199 573	5 906 612	21,7
210 - Helsetenesta i Bykle og Valle	11 727 865	10 152 763	-1 575 102	-15,5
30 - Teknisk drift og eigedom	9 098 511	17 480 638	8 382 127	48,0
300 - Teknisk drift og eigedom	25 466 349	31 066 848	5 600 499	18,0
310 - Teknisk drift og eigedom - selvkost	-16 367 838	-13 586 210	2 781 628	-20,5
40 - Kultur og fritid	8 203 417	7 759 621	-443 796	-5,7
50 - Oppvekst	30 948 799	31 042 421	93 622	0,3
500 - Bykle barne- og ungdomsskule	12 745 438	12 184 895	-560 543	-4,6
510 - Fjellgardane skule	9 123 978	9 001 495	-122 483	-1,4
520 - Barnehagane	9 079 383	9 856 031	776 648	7,9
60 - Interkommunale samarbeid/annet eksternt	27 463 612	23 791 560	-3 672 052	-15,4
70 - Sentrale inntekter og utgifter	-30 214 335	-66 320 128	-36 105 793	54,4
11 - Sentraladministrasjonen	58 639 131	44 953 751	-13 685 380	-30,4

For einingane ligg dei fleste innforbi budsjett.

Politisk styre,råd og utval ligg over budsjett. Dette gjeld utbetaling av honorar, kurs og reisekostnad.

Helse og omsorg ligg under budsjett. Dette skuldast at refusjonsinntekt frå staten for heile året er bokført.

Helsetenesta ligg over budsjett. Hovudgrunn for avvik er at 50% refusjon frå Valle kommune er bokført for 6 av 8 måneder.

Teknisk drift og eigedom ligg under budsjett. Dette skuldast i hovudsak periodisering, og at det påløper kostnader på slutten av året.

Kultur og Fritid har eit overforbruk, men forventes å ligge innforbi årsbudsjett.

Bykle barne- og ungdomsskule har overforbruk. Dette skuldast utbetaling av stipend der første halvår er kostnadsført, medan budsjettet er fordelt over året. Samla for året vil ein halde budsjettet.

Fjellgardane skule har overforbruk som i hovudsak skuldast periodisering av lisenskostnad. I tillegg vert det redusert med ei stilling i haust, slik at ein samle vil halde årsbudsjett.

Barnehagane ligg under budsjett.

Interkommunale samarbeid har forbruk over budsjett. Dette skuldast periodiseringar. Ein forventer å ligge innforbi årsbudsjett.

Sentrale inntekter og utgifter gjeld i hovudsak bruk av ,og avsetning til,fond. Desse føringane vert gjort ved årets slutt.

Sentraladministrasjonen har overforbruk. Dette gjeld i hovudsak utbetaling av næringstilskudd, og vert regulert ved budsjettrevisjon 1.

Investering:

2025				
	Faktisk	Oppr. Budsjett	Δ Oppr. Budsjett	Δ%
⊕ 90100 - Finansiering investring		-34 400 000	-34 400 000	100,0
⊕ 90101 - Aksjer og andeler	684 104	600 000	-84 104	-14,0
⊕ 90102 - Mvakomp investering	-89 598		89 598	-100,0
⊕ 90103 - Spillemidler	-3 849 000		3 849 000	-100,0
⊕ 92201 - Hovedplan VA	1 996 112	16 000 000	14 003 888	87,5
⊕ 92203 - VA rehab nedre Sarv				-100,0
⊕ 92301 - Utlån investeringsregnskap	19 082 762	300 000	-18 782 762	-∞
⊕ 92302 - Tomtesalg/-kjøp	-490 939		490 939	-100,0
⊕ 92303 - Utbyggingsavtaler		500 000	500 000	100,0
⊕ 92410 - Utskifting utstyr	124 156		-124 156	-100,0
⊕ 92415 - Lyd Lys data kommunestyresal	-34 653		34 653	-100,0
⊕ 92501 - Ventilasjon Hovden Grendehus		1 500 000	1 500 000	100,0
⊕ 92502 - Skilting bygg, til og på	2 845	500 000	497 155	99,4
⊕ 92506 - Stedsutvikling Bykle				-100,0
⊕ 92507 - industriareal Hovden		5 000 000	5 000 000	100,0
⊕ 92509 - Hegni				-100,0
⊕ 92515 - Tiltak Hovden Utvikling	355 643	10 000 000	9 644 357	96,4
⊕ 92516 - Innkjøp kunst	175 000		-175 000	-100,0
I alt	17 956 433		-17 956 433	-100,0

90103- Spillemidler er innbetaling for spelemidler for allereie gjennomførte tiltak. Del av budsjettrevisjon 1.

92301- Utlån gjeld forskottering spelemidler for Hovden fjellbad kr 15 025 000, i tillegg til innbetalte avdrag utlån. Del av budsjettrevisjon 1.

92516 – Innkjøp kunst. Del av budsjettrevisjon 1.

Tilhøve til kommuneplanen

Inga endring

Konsekvensar for folkehelse

Inga endring

Bykle, 19.09.25

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

1 KBNStandardReport per 31 08 25

Melding om vedtak blir sendt til:

Finansrapport for Alle lån

BYKLE KOMMUNE

Rapport opprettet: 10.09.2025

Analysedato: 01.09.2025



KBN Finans

Finansrapport for BYKLE KOMMUNE

Rapport opprettet: 10.09.2025

Analysedato: 01.09.2025

Filter: Alle lån

Denne rapporten gir en oversikt over sentrale nøkkeltall og utviklingen for gjeldsporteføljen i Bykle kommune. Alle beløp vises i NOK.


Innhold

- 1 Rentemarkedet
- 2 Trender
- 3 Gjeldsprofil
- 4 Fordeling fast og flytende rente
- 5 Finansiell risiko
- 6 Rentekostnader
- 7 Renterisiko
- 8 Långivere og motparter
- 9 Porteføljeoversikt

1 Rentemarkedet

På rapportdagen var NIBOR3M 4,25%, NIBOR6M 4,29% og 10-års swaprente 3,98%. Grafer og tabeller nedenfor viser en nærmere oversikt.


Flytende renter (NIBOR)



INDEKS	SISTE	-1m	-3m
NIBOR3M	4,25%	4,32%	4,64%
NIBOR6M	4,29%	4,35%	4,66%

3 måneders NIBOR er den mest benyttede referanserenten for flytende rente i Norge. Dette er en flytende rente som varer i 3 måneder av gangen. Lån tilknyttet NIBOR har normalt i tillegg et marginpåslag fra banken. Endringer i NIBOR vil relativt raskt påvirke rentekostnaden for lån med flytende rente.

Fastrenter



LØPETID	SISTE	-1m	-3m
Swap 2Y	3,99%	3,98%	4,18%
Swap 3Y	3,93%	3,92%	4,06%
Swap 4Y	3,90%	3,90%	4,00%
Swap 5Y	3,90%	3,89%	3,98%
Swap 6Y	3,92%	3,90%	3,98%
Swap 7Y	3,93%	3,91%	3,98%
Swap 8Y	3,95%	3,92%	3,98%
Swap 9Y	3,96%	3,93%	3,98%
Swap 10Y	3,98%	3,94%	3,98%
Swap 11Y	3,98%	3,95%	3,98%
Swap 12Y	3,98%	3,95%	3,97%
Swap 15Y	3,96%	3,91%	3,92%
Swap 20Y	3,87%	3,80%	3,77%
Swap 25Y	3,76%	3,67%	3,61%

Bankenes fastrenter settes med utgangspunkt i swaprentene. Swaprentene som vises her utgjør "sålen" for fastrenten man kan få på et lån. Banken legger normalt i tillegg et marginpåslag på swaprenten, og i sum utgjør dette den fastrenten man kan inngå.

Tips: Om den blå grafen er relativt flat, indikerer dette at markedet ikke forventer store renteøkninger fremover. Er grafen brattere legger markedet til grunn at rentene skal opp.

Forventede NIBOR-renter

Tabellen nedenfor viser forventede renter frem i tid (implisitte renter), basert på markedsdata på analysetidspunktet.

Indeks	Siste	Forventet om 1 år	Forventet om 2 år	Forventet om 3 år
NIBOR3M	4,25%	3,65%	3,55%	3,61%
Endring		-0,60%	-0,70%	-0,64%
NIBOR6M	4,29%	3,72%	3,67%	3,73%
Endring		-0,57%	-0,62%	-0,56%


2 Trender

Tabellen nedenfor viser utvalgte nøkkeltall for gjeldsporteføljen for Alle lån i Bykle kommune.

	01.09.2025	01.06.2025	01.03.2025
Utestående nettobalanse	133.674.187	133.944.021	139.312.589
Utestående bruttobalanse	133.674.187	133.944.021	139.312.589
Utestående nominelt i derivater			
Derivater i % av restgjeld			
Gjennomsnittlig rente siste 12 mnd	3,99%	4,02%	4,04%
Gjennomsnittlig rente eks. derivater siste 12 mnd	3,99%	4,02%	4,04%
Rentekostnader siste 12 mnd	5.463.082	5.521.974	5.551.305
Rentekostnader eks. derivater siste 12 mnd	5.463.082	5.521.974	5.551.305
Rentebinding (år)	1,60	1,71	1,74
Andel rentebinding < 1 år	59,28%	59,36%	60,34%
Rentebinding (år) eks. derivater	1,60	1,71	1,74
Andel rentebinding < 1 år eks. derivater	59,28%	59,36%	60,34%
Kapitalbinding (år)	11,46	11,68	11,48
Andel av kapitalbinding < 1 år	5,58%	5,44%	6,61%

På analysedagen var snittrenten (siste 12 mnd) 3,99% (30/360 basis) på utestående nettobalanse 133.674.187 kr. Rentekostnad (siste 12 mnd) frem til analysedato er 5.463.082 kr.


Det finnes 1 ulike låntakere. Den største av disse er Bykle kommune med en andel på 100% tilsvarende 133.674.187 kr.



3 Gjeldsprofil

Prognose på fremtidig gjeldsprofil og gjennomsnittlig rente.

Dersom porteføljen inneholder lån som forutsettes refinansiert (f.eks. sertifikat- eller obligasjonslån), og/eller simulerte fremtidige låneopptak, vil også effekten av disse vises.




Tabellen nedenfor viser periodisk utvikling i gjeldens volum og rente. OBS - rapporten viser periodenes beregnede gjennomsnittlige lånevolum, ikke inngående eller utgående balanser.


Periode	Løpende lån	Refinansierte lån som forfaller	Sum løpende og refinansierte lån	Snittrente løpende lån	Snittrente hensyntatt refin. og simulerte lån
2025	135.096.032	0	135.096.032	3,89%	3,89%
2026	126.976.450	0	126.976.450	3,57%	3,57%
2027	119.490.354	0	119.490.354	3,30%	3,30%
2028	112.013.258	0	112.013.258	3,29%	3,29%
2029	104.487.930	0	104.487.930	3,52%	3,52%

4 Fordeling fast og flytende rente

Gjeldsporteføljen for Alle lån i Bykle kommune for løpende lån har 41,49% andel fast rente for inneværende år. Uten derivater er andelen 41,49%. Den fremtidige utviklingen av fordelingen vises i nedenfor.




Dersom porteføljen inneholder lån som forutsettes refinansiert (f.eks. sertifikat- eller obligasjonslån), og/eller simulerte fremtidige låneopptak, vil i tillegg effekten av disse hensyntas i fordelingen nedenfor.




5 Finansiell risiko

Nedenfor vises hvordan porteføljens kapitalbinding og rentebinding er fordelt over kommende år.



Kapitalbinding viser hvordan porteføljens avdrag og låneforfall er fordelt frem i tid. Lave søyler vil normalt representere sum årlige avdrag. Høye søyler vil normalt representere avdragsfrie lån (f.eks. sertifikat- eller obligasjonslån) som forfaller i sin helhet.

En stor andel kort kapitalbinding indikerer at store deler av porteføljens snart forfaller og må refinansieres eller innløses innen kort tid. Dette kan i såfall innebære en finansiell risiko.



Rentebinding viser hvordan rentenes varighet er fordelt i porteføljens. Lån med flytende rente har rentebinding lavere enn 1 år. En stor andel kort rentebinding kan utgjøre en finansiell risiko ved å eksponere porteføljens for endringer i rentemarkedet.


Gjeldsporteføljens gjennomsnittlige kapitalbinding er 11,45 år og den gjennomsnittlige rentebindingen er 1,61 år. I porteføljen har 5,58% en kapitalbinding på 1 år eller mindre, og 59,28% har en rentebinding på 1 år eller mindre. Uten derivater hadde 59,28% av porteføljen hatt en rentebinding på 1 år eller kortere.

	Rentebinding (år)	Rentebinding (kr)	Kapitalbinding (år)	Kapitalbinding (kr)
0-1 År	0,01	79.236.687	0,44	7.461.174
1-2 År	1,33	1.625.000	1,43	7.482.592
2-3 År	2,34	1.625.000	2,44	7.496.706
3-4 År	3,34	1.625.000	3,44	7.512.583
4-5 År	4,08	49.562.500	4,44	7.528.008
5-6 År	0,00	0	5,43	7.544.486
6-7 År	0,00	0	6,44	7.561.388
7-8 År	0,00	0	7,43	7.279.781
8-9 År	0,00	0	8,43	5.184.996
9-10 År	0,00	0	9,43	5.204.531
Over 10 År	0,00	0	18,97	63.417.942
Totalt	1,61	133.674.187	11,45	133.674.187

OBS! I analysen av finansiell risiko inkluderes ikke effekten av forventede refinansieringer i porteføljen.

6 Rentekostnader

For inneværende kalenderår (2025) forventes rentekostnader, inkludert eventuelle forventede refinansieringer og simulerte låneopptak, å bli 5.254.404 kr .




Periode	Rentekostnader inkl derivater, refin. & simulering	Rentekostnader løpende lån & derivater	Rentekostnad refinansieringer
2025	5.254.404	5.254.404	0
2026	4.528.858	4.528.858	0
2027	3.942.123	3.942.123	0
2028	3.685.884	3.685.884	0
2029	3.674.018	3.674.018	0

7 Renterisiko

Tabellen og diagrammet nedenfor viser endring (rentesensitivitet) i rentekostnader dersom den flytende renten øker med 1% (100bp). Rentekostnadene inkluderer effekten av eventuelle derivater, forventede refinansieringer og simulerte nye låneopptak i porteføljen.


Periode	Rentekostnad	Rentekostnad +1 %	Andel økning renterisiko 1%
2025	5.254.404	5.337.543	83.139
2026	4.528.858	5.122.610	593.752
2027	3.942.123	4.577.897	635.774
2028	3.685.884	4.267.269	581.385
2029	3.674.018	4.315.121	641.102
2030	4.131.096	5.056.667	925.571
2031	3.846.510	4.700.117	853.607
2032	3.569.016	4.353.203	784.187
2033	3.272.157	3.986.273	714.115
2034	3.030.713	3.691.941	661.228

Denne endringen med 100 bp (1%) vil potensielt medføre 83.139 kr høyere rentekostnad for inneværende år, og inntil totalt 6.473.862 kr over de 10 kommende årene.




8 Långivere, motparter og produktfordeling

Største långiver er KommunalBanken som har en andel på 60%. Nest størst er Husbanken med 20%.



Långiver	Gjeld	Andel i %
KommunalBanken	80.769.070	60,42%
Husbanken	26.460.117	19,79%
KLP	26.445.000	19,78%

Porteføljen inneholder ingen derivater.



Kategori	Utestående	Andel
Husbanken Halvårig	20.765.690	15,53%
Ordinær p.t.	51.151.570	38,27%
Husbanken Kvartalsvis	5.694.427	4,26%
Fastrente	56.062.500	41,94%

9 Porteføljeoversikt

Gjeldsbrevslån

Motpart	Referanse	Beløp	Rente (inkl. margin)	Produkt	Margin
Husbanken	HUS-11532731-30	1.729.447	4,5680%	Husbanken flytende	0,0000%
Husbanken	HUS-11536052-10	3.634.400	4,5420%	Husbanken flytende	0,0000%
Husbanken	HUS-11534013-10	577.513	4,5422%	Husbanken flytende	0,0000%
Husbanken	HUS-11544319-10	590.801	4,6222%	Husbanken flytende	0,0000%
Husbanken	HUS-11541678-10	968.808	4,6168%	Husbanken flytende	0,0000%
Husbanken	HUS-11516710-10	1.488.786	4,5420%	Husbanken flytende	0,0000%
Husbanken	HUS-11532166-10	792.838	4,5975%	Husbanken flytende	0,0000%
Husbanken	HUS-11539890-10	933.796	4,5975%	Husbanken flytende	0,0000%
Husbanken	HUS-11545154-10	5.100.000	4,5779%	Husbanken flytende	0,0000%
Husbanken	HUS-11545948-10	900.000	4,5779%	Husbanken flytende	0,0000%
KommunalBanken	KBN-20190421	56.062.500	2,3600%	Fastrente	0,0000%
Husbanken	HUS-11547952-10	9.750.000	4,5975%	Husbanken flytende	0,0000%
KommunalBanken	KBN-20180110	16.906.620	5,1446%	P.t. rente	0,0000%
KommunalBanken	KBN-20170531	5.699.950	5,1804%	P.t. rente	0,0000%
KLP	KLPpt test	26.445.000	5,0744%	P.t. rente	0,0000%
KommunalBanken	KBN-20120412	2.100.000	4,7874%	P.t. rente	0,0000%

Obligasjonslån

Ingen

Sertifikatlån

Ingen

Rentebytteavtaler (swapper)

Ingen



Saksmappe: 2025/599
Sakshandsamar: HJA
Dato: 08.10.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
78/25	Formannskap	14.10.2025
	Ungdomsrådet	
	Kommunestyret	

Aktivitetskort for barn og unge i Bykle kommune

Kommunedirektørens si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek Modell B, «Aktivitetsordning for barn og unge» som gir full støtte til begge aktivitetar. Denne kombinerast med modell C, individuell tilpassing ved eventuelle fraval, «Individuell aktivitetsordning for barn og unge»

Det vert løyvd inntil kr 1 214 000 til aktivitetskort for 2025/2026. Dekning ved omdisponering kulturmidlar/tilskott til andre innanfor eining kultur og fritid.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Bykle kommune har i fleire år hatt ei raus ordning med subsidiering av sesongkort i alpinsenteret og badeland for alle lokale barn og unge. Kommunestyret har løyvd 500 000 kr til eit nytt "Aktivitetskort" (omlegging og utviding av ordninga med

skikort/badeland) i budsjettet for 2025-2028, med mål om å gi større valfridom i aktivitet til barn og unge.

Tidlegare modell (2023): Full dekning for alle lokale barn og unge.

- Alpinsenter: ca. 300 000 kr (med 50/50-modell og eigenandel)
- Badeland: ca. 150 000 kr (inkl. eigenandel)
- Totalt: 450 000 kr – dekning over kultur og fritid sitt driftsbudsjett

Nye priser og avtaler for 2025: Avtale med Hovden Alpinsenter: Som følge av vedtak i PS. sak 110/24 08.10.2024 Formannskapet (vedlegg), kjem det fram at kommunen skal no kjøpe tenester til reell kostnad. Dette fjernar den tidlegare 50/50-modellen der Hovden Alpinsenter reduserte prisen 50% til lokale barn og unge. Kommunen subsidierte derav resterande 50% på skikort for barn og unge. Det nye vedtaket inneber derfor ein vesentleg dyrare avtale enn tidlegare. Alpinsenteret har likevel tilbudd ein reduksjon i pris (2025-26) for lokale barn og unge. Desse prisane er frå kr 6 120 til kr 7 905 ut ifrå alder. Gjeld kjøp av sesongkort før 10. nov. Sjå tabell 2.

Avtale med Hovden Fjellbad: Pris (2025-26) for sesongkort er sett til kr 2 500 for alle lokale barn og unge frå 3–19 år. Unntak frå reell prisliste.

Denne saka legg fram ulike modellar for det nye Aktivitetskortet. Endringa medfører at den totale kostnaden utan 50/50 modell og økte priser for å oppretthalde dagens tilbodsnivå (tilgang til både alpint og badeland) vil auke frå kr 450 000 til estimert kr 1 214 070. Innanfor den vedtekne ramma på kr 500 000 vil konsekvensen vere at barn og unge må velje éin aktivitet, og at eigenandelen for eit skikort vil auke dramatisk. Saka analyserer konsekvensane av dette, og korleis det nye Aktivitetskortet som var tenkt som eit positivt tiltak, kan føre til eit redusert og dyrare tilbod for barnefamiliar i kommunen.

Målgruppe: Tabell 1 viser fordelinga av barn og unge i Bykle kommune.

Skuleåret 2025/26		
Tal på elevar	Alder	Skule
59 elevar	1.-10. trinn (6-15 år)	Bykle barne- og ungdomskule
42 elevar	1.- 7. trinn (6-13 år)	Fjellgardane skule
30 ungdommar	16-19 år	Folkeregistrert i Bykle kommune
21 barn	3-6 år	Fjellgardane barnehage
4 barn	3-6 år	Bykle barnehage
Total 156	Barn og unge	

Prisnivå 2025/26: Tabell 2 viser reell kostnad/pris utan subsidiering for badeland/alpin

Aktivitet	Pris (utan rabatt)	Pris (med rabatt)
Skikort sesong barn (7-15 år)	7 200 kr	6 120 kr
Skikort sesong ungdom (16–19 år)	9 300 kr	7 905 kr
Badeland årskort (3-10 år)	2 500 kr	2 300 kr
Badeland årskort (11-17 år)	2 800 kr	2 300 kr
Badeland årskort student	3 000 kr	2 300 kr (t.o.m.19 år)

Bakgrunn for saka

Kommunen har hatt ei vellukka ordning der barn og unge har fått tilbod om sesongkort i både alpinsenter og badeland mot ein låg eigenandel på kr 100/200. Kostnaden har vore delt mellom kommunen og tenesteytarane. Desse kostnadene er dekte over kultur og fritid sitt budsjett.

I møte med Hovden Alpinsenter 6. september 2024 kjem det fram at senteret jobbar med kostnadsreduksjon, og har dekkja ein del kostnadar for tenester som kjem innbyggjarane direkte til gode. Dette gjeld mellom anna bruk av anlegg for skule og barnehage, samt deira del av subsidieringa av heiskort. Formannskapet vedtok i sak 110/24 den 08.10.2024 å gå bort frå den tidlegare subsidieringsmodellen. Kommunen skal no kjøpe tenester til marknadspris. Alpinsenteret har likevel gitt eit tilbod om redusert pris på sesongkort for barn og unge i Bykle kommune med frist 10. november.

Dette vedtaket, kombinert med prisauke frå begge aktørane, endrar heile kostnadsbiletet. For å vidareføre tilbod om både skikort og badelandkort til alle barn og unge, er den estimerte kostnaden no ca. kr 1 220 000. Budsjettvedtaket for 2025-2028 har sett av kr 500 000 til eit nytt tiltak kalla "Aktivitetskort for barn og unge". Ved å fordele midlane rettferdig på kommunen sine 156 barn og unge, utgjer dei løyvde midlane kr 3 205 per person for 2025/26. Dette skapar eit gap mellom forventa tilbod og tilgjengeleg finansiering.

Formelt grunnlag

- Vedtak i formannskapet, PS. sak 110/24 08.10.2024 Formannskapet:
Kompensasjon for tenester og leige av utstyr - kommunal bruk. Vedtaket inneber at kommunen skal kjøpe tenester frå alpinsenteret til reell kostnad.
- Kommunestyret sitt budsjettvedtak for Økonomiplan 2025-2028: Løyving på kr 500 000 årleg til "Aktivitetskort for barn og unge".

Saka blir lagt fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.

Vurderingar og konsekvensar

Overgangen til eit Aktivitetskort innanfor den gitte ramma tvingar fram nye modellar som har betydelege konsekvensar for innbyggjarane. Administrasjonen har skissert følgjande alternativ med utgangspunkt i tilbod som ligg innafor Bykle kommune.

Modell A - Eitt valfritt tilbod per barn. «Fleksibel aktivitet for barn og unge»

- **Pro:** Modellen held seg innanfor budsjetttramma på kr 500 000. Den gir valfridom ved at barn kan velje aktivitet, og opnar for at dei som ikkje går på ski eller badar kan få støtte til andre ting.
- **Kontra:** Dette er ei vesentleg forverring av dagens tilbod. Barn kan ikkje lenger delta på begge hovudaktivitetane. Den største negative konsekvensen er den økonomiske. For å fordele subsidiane rettferdig, vil eigenandelen for eit skikort auke frå kr 200 til estimert kr 2 915/4 700x per barn/unge, medan val av badeland framleis kan gi full dekning. Dette vil gjere skikøyring utilgjengeleg for mange familiar.

Modell B - Full støtte til begge aktivitetar, «Aktivitetsordning for barn og unge»

- **Pro:** Denne modellen vidarefører dagens populære og velfungerande ordning, der alle barn får både skikort og badelandkort. Den sikrar lik tilgang og er enkel å administrere.
- **Kontra:** Modellen krev ei tilleggsløyving på om lag kr 714 070, slik at totalramma blir på ca. Kr 1 215 000. Den gir heller ikkje støtte til alternative aktivitetar for dei som ikkje nyttar alpint eller badeland. Aktivitetskort vil ikkje vere nødvendig og ordninga vidareførast som før.

Modell C - Individuell tilpassing ved fraval, «Individuell aktivitetsordning for barn og unge»

- **Pro:** Denne modellen fangar opp dei som ikkje ønskjer å nytte seg av hovudtilboda som badeland og alpint. Desse barna får eit "gult aktivitetskort" som kan nyttast til andre aktivitetar som kino, riding. Dette sikrar at alle får eit tilbod, det er venta at dette vil gjelde ei lita gruppe.

- **Kontra:** Modellen krev meir administrasjon for å kartleggje ynskje og behov, og for å sikre gode og rettferdige ordningar for alle. Det må avklarast kva tilbod som skal inkluderast. Ein kan leggje til rette for individuelle løysingar for aktivitet og brukar. Tilbodet kan kombinerast med modell B.

Saksframlegget kjem til handsaming i Ungdomsrådet 27.10.25. Aktivetskort vart drøfta i Ungdomsrådet 23.09.25 og drøftinga vart referert i sak PS 15/25:

«[...] Aktivetskortet: Ungdomsrådet ønsker at ungdommene i kommunen får de tilbudene.

- *Alternativt: et sett med aktiviteter eller et annet sett med aktiviteter. Istedet kun en aktivitet*
 - *Det er en viktig møteplass for ungdommene*
 - *Det er ikke alle familiar som har råd til alle aktiviteter. Det er med på å utjevne forskjeller i kommunen.*
 - *Det er synd at det kommunale lånekortet forsvinner samtidig som prisen øker.*
- [...]

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Kostnadsberekning: Tabell 3 tek utgangspunkt i at heile målgruppa nyttar seg av tilboda.

Aktivitet	Antall deltakarar	Kostnad per eining	Totalsum med rabatt
Badeland/Svømmehall	156	2 300 kr	358 800 kr
Alpin (Gruppe 1)	101	6 120 kr	618 120 kr
Alpin (Gruppe 2)	30	7 905 kr	237 150 kr
Sum Alpin	131		855 270 kr
TOTALT BEREGNET KOSTNAD			1 214 070 kr

Finansieringsbehov: Tabell 4

Beløp	
Total berekna kostnad	1 214 070 kr
Eksisterande midlar	- 500 000 kr
Behov for ekstra bevilgning	714 070 kr

Konsekvensar for familiar og born

Intensjonen med Aktivitetskortet var å skape eit meir fleksibelt og inkluderande tilbod. Konsekvensen av å gjennomføre dette innanfor gjeldande budsjett (Modell A) er derimot at tilbodet blir dårlegare og dyrare for dei fleste. Familiane mistar eit verdifullt gode og må no ta vanskelege økonomiske val. For ein familie med fleire barn vil den auka kostnaden for skikort vere umogleg å bere. Dette kan føre til auka sosial ulikskap der nokre har råd til å delta, medan andre fell utanfor.

Sjølv om Aktivitetskortet i utgangspunktet er tenkt som eit godt tiltak, er det ei reell fare for at det i praksis kan føre til eit dårlegare og mindre inkluderande tilbod for våre lokale barn og unge. Dette kan føre til at ein vil miste viktige universelle, sosiale møteplassar som er opne for alle. Den uformelle inkluderinga, der ein enkelt kan ta med seg venner eller naboborn, blir vanskelegare med ei individuell kortordning.

Dette kan også få negative konsekvensar for veletablerte tilbod. Eit godt døme er Hovden Sportsklubb sitt populære arrangement med mat og kveldskøyring kvar tysdag. Vi er bekymra for at deltakinga i slike viktige, sosiale samlingar vil bli påverke i negativ retning.

Konsekvensar for folkehelse

Ei av grunngivingane for kommunal støtte til fritidsaktivitetar er å fremje fysisk aktivitet og skape lågterskel møteplassar, noko som er positivt for folkehelsa. Den

tidlegare ordninga har vore eit svært effektivt folkehelsetiltak som har sikra høg deltaking i både alpint og symjing. Ved å innføre ein modell som avgrensar tilgangen og aukar kostnadane dramatisk, risikerer ein at færre born og unge deltek i både organisert og eigenorganisert fysisk aktivitet som dei to store attraksjonane i Bykle tilbyr. Dette kan ha ein negativ konsekvens for folkehelsa og er i strid med kommunen sine eigne mål om å fremje deltaking og utvikle aktive lokalmiljø.

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 08102024 Saksprotokoll Kompensasjon for tenester og leige av utstyr - kommunal bruk

Melding om vedtak blir sendt til:



Saksmappe: 2021/687
Sakshandsamar: SSH
Dato: 02.10.2024

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
110/24	Formannskap	08.10.2024

Kompensasjon for tenester og leige av utstyr - kommunal bruk

Kommunedirektøren si tilråding:

Bykle kommune løyver rund sum kr. 380.000 for sesongen 2024-2025 til dekking av meirkostnadar for tenesteyting som kjem innbyggjarar, skule og barnehage, frivilligsentral og skiklubben til gode.

Inndecking av løyvinga er gjennom bruk av næringsramma.

Ein føresett at Skisenteret administrerer ordninga som tidlegare.

Formannskapet tilrår at

Formannskap si handsaming av sak 110/2024 i møte den 08.10.2024:

Handsaming

Saka vart drøfta

Forslag frå Hans Blattmann AP:

"Bykle kommune viderefører ordningen med subsidiering av heiskort for innbyggerene i kommunen i tråd med budsjettet 2024. Innenfor en ramme av 260 000.

Formannskapet tilrår at skular og barnehage mv. sjølv dekker kostnadar for bruk av anlegget gjennom eige driftsbudsjett."

Kommunedirektøren si tilråding vart satt opp mot forslaget frå Hans Blattmann

Forslaget frå Hans Blattmann vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Bykle kommune viderefører ordningen med subsidiering av heiskort for innbyggerene i kommunen i tråd med budsjettet 2024. Innenfor en ramme av 260 000.

Formannskapet tilrår at skular og barnehage mv. sjølv dekker kostnadar for bruk av anlegget gjennom eige driftsbudsjett.

skular og barnehage mv. sjølv dekker kostnader for bruk av anlegget gjennom eige driftsbudsjett.

Saksutgreiing

Samandrag/ konklusjon

Kommunedirektøren ser det som rimeleg at kommunen dekker utgifter og meirkostnader for å oppretthalde innbyggjarane sine fordelar med rimeleg bruk av anlegg til uteaktivitetar og trening /idrett.

Bakgrunn for saka

I møte med Hovden Alpinsenter 6. september kom det mellom anna fram at Alpinsenteret arbeider med kostnadsreduksjon, og at dei ber ein del kostnader som kjem innbyggjarane til gode, og som kommunen ser at ein bør vurdere å dekke. Det gjeld bruk av anlegg og utstyr i saman med skule, barnehage, Frivilligsentral som gir auka driftskostnader og bemanning. Dei ber og 50 % av kostnadane til heiskort for barn og unge. Kommunen bad på denne bakgrunn om ei oversikt over desse kostnadane med tanke på drøfting av kompensasjon for slike utgifter. Denne saka er ei oppfølging av dette. Meirkostnader for tilrettelegging for Hovden Skigymnas kjem som eigen sak.

Rabattar til ulike selskap til overnatting og arrangement og dugnad /eigeninnsats er vurdert som marknadsføring som ikkje vedkjem kommunen og difor halde utanfor i saka.

Formelt grunnlag

Formannskapet avgjer sak inntil 500.000,-

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Hovden Alpinsenter (HAS) har lagt fram eit grunnlag /estimat av kostnader til ulike bruk. HAS sin andel av støtte til heiskort for barn og unge omfattar både lokale barn og elevar og trenarar på Hovden skigymnas (HSG). I 2023-2024 sesongen utgjorde dette kr. 255.325.

Utleige av ski, heiskort til vaksne, skiinstruktørar for skiskule for skular, barnehagar og Frivilligsentralen, inkludert meirkostnader til preparering, personell utgjorde kr. 103.665.

Ekstra opningstider og kveldskøyning av anlegget for Hovden skiklubb når det elles ikkje ville vore kommersielt grunnlag for drift av skiheis utgjorde kr. 21.000

Samla kostnader 379.990.

Vurderingar og konsekvensar

Kommunedirektøren vurderer at Skisenteret og tilbodet i alpinanlegget er viktig for lokale barn og unge og lokalt idrettsmiljø, og det understøttar tilrettelegging for fysisk aktivitet for mange.

Ein vurderer det som rimeleg at Bykle kommune ber kostnader som er relatert til kommunen sin bruk av anlegget og meirkostnadane dette har for drifta av alpinanlegget.

Kommunedirektøren tilrår difor støtte / kompensasjon som skissert i saka.

Tilhøve til kommuneplanen

I den nye kommuneplanen (samfunnsdelen) står det mellom anna at:

«Bykle har eit mangfaldig samfunn med både folk som har budd her heile livet, permanente og mellombelse tilflyttarar og hyttebyklarar. Ulikskapen er vår styrke, men krev aktivt arbeid med å bygge felles kultur og identitet. Openheit og inkludering er viktig innanfor alle tenesteområda og i kommunen sitt arbeid med samfunnsutvikling.»

Og at;

...Kommunen ønskjer gjennom sitt tenestetilbod og i samarbeid med frivillige organisasjonar å arbeide for ei trygge oppvekstmiljø for barn og unge med nulltoleranse mot krenking, m.a. gjennom å utvikle aktive lokalmiljø som fremmer deltaking i meningsfylte fritidsaktivitetar og fysisk aktivitet. Møteplassar og lågterskeltilbod er viktig for at alle kan delta i samfunnet....».

Under satsingsområde kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida står det vidare:

... Prioritere systematisk folkehelsearbeid, tverrfagleg samhandling og tidleg innsats for barn og unge»

Under satsingsområde – Destinasjons- og sentrumsutvikling Hovden heiter det m.a.

- Utvikle lågterskel møteplassar

Konsekvensar for folkehelse

Støtte til å oppretthalde rimeleg tilgong av alpinanlegget medfører stimulering til fysisk aktivitet og lågterskel møteplassar som venteleg er positivt for folkehelsa for dei som nyttegjer seg av tilboda.

Bykle,

Kommunedirektør

Vedlegg:

Melding om vedtak blir sendt til:



Saksmappe: 2020/805
Sakshandsamar: HEN
Dato: 07.10.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
79/25	Formannskap	14.10.2025
	Kommunestyret	

Tildeling av sosial stønader ved busetting og etablering av flyktningar, Bykle kommune

Kommunedirektørens si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at regler for «Tildeling av sosial stønader ved busetting og etablering av flyktningar» for perioden 2026 – 2028 vert vedteke.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Flyktingtenesta i Bykle kommune legg fram forslag til revidert regelverk for kommunale stønader ved busetting og etablering av flyktningar. Regelverket er ei oppdatert og justert vidareføring av tidlegare vedtak frå perioden 2023 – 2026.

Endringar i retningslinene:

Punkt 1.0

Satsane skal indeksregulerast årleg.

Punkt 3.3

Buskort aukar med kr 1000,- per person. Stønaden kan alternativt gjevast som støtte til vinterdekk.

Punkt 3.5

Vaksne flyktningar kan få eitt årskort til badeland, eller få inntil kr 2 000,- til dekking av medlemskap/kontingent til fritidsaktivitet det første året etter busetjing.

Punkt 3.6

Ved busetjing i bustad utan moglegheit for vedfyring, kan beløpet ved søknad nyttast til å dekkje elektrisk oppvarming.

Bykle kommune har busett flyktningar, hovudsakleg frå Ukraina. Desse har fått kollektiv beskyttelse, som gir mellombels opphaldsløyve med moglegheit for forlenging. I denne samanhengen er det viktig med klare og føreseielege retningslinjer for tildeling av stønader i ankomst- og etableringsfasen.

Stønader frå kommunen skal dekke grunnleggande behov som bustad, klede, helse, transport og fritidsaktivitetar. Regelverket harmonerer med praksis i andre kommunar i Setesdal, og vil bidra til ei rettvís og strukturert forvaltning av stønadsordningane.

Bakgrunn for saka

Tidlegare regelverk frå perioden 2023 - 2026 bør reviderast i forbindelse prisnivået. Det nye regelverket skal gjelde for perioden 2026 – 2028 og tilpassast dagens situasjon i forhold til prisauking for busetjing av flyktningar med kollektiv beskyttelse.

Formelt grunnlag

Saka vert fremja som ei rullering av eksisterande plan og regelverk, med heimel i kommunens ansvar for busetjing og integrering av flyktningar.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Stønader vert finansierte over flyktningbudsjettet. Kommunen mottar integreringstilskot frå staten over ein femårsperiode for kvar flyktning som vert busett og blir verande. Til dømes utgjør tilskotet for ein einsleg vaksen kr 860 200,- etter satsane for 2025.

Tilskotet skal dekke gjennomsnittlege kostnader knytt til busetjing og integrering, inkludert økonomiske ytingar til livsopphald og introduksjonslønn.

Det er vanskeleg å vurdere den samla kommuneøkonomiske effekten, då dette avheng av kor raskt flyktningane kjem i arbeid eller utdanning og blir sjølvforsørga.

Tilhøve til kommuneplanen

I kommuneplanen sin samfunnsdel for Bykle kommune (2024–2034) er det lagt vekt på å skape "Det gode liv" for innbyggjarane.

- Inkludering og mangfald: Kommunen skal ha gode system for å inkludere nye innbyggjarar, og vere open for mangfald og likestilling.
- Oppvekst og familie: Det skal støttast opp under familiar og barn for å sikre ein trygg og god oppvekst.
- Folkehelse og trivsel: Kommunen skal arbeide for god fysisk og psykisk helse, og leggje til rette for aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap.
- Berekraft og lokalsamfunn: Planen vektlegg lokal identitet, berekraftig utvikling og medverknad frå innbyggjarane.

Desse måla er styrande for kommunens innsats på tvers av sektorar, og skal sikre at Bykle er ein god stad å bu – både for dei som har budd her lenge og for nye som kjem til.

Konsekvensar for folkehelse

Flyktningar som vert busett i Bykle kjem frå krigsramma område og har ofte med seg traume og uro. Regelverket vil bidra til å skape tryggleik og føreseielege rammer i etableringsfasen, noko som er avgjerande for god psykisk og fysisk helse.

Særleg viktig er det å sikre at barn får moglegheit til å vere godt kledde og delta i fritidsaktivitetar på lik linje med andre barn i kommunen. Dette fremjar sosial deltaking og styrkar folkehelsa i eit langsiktig perspektiv.

Bykle,


kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

1 tildeling-av-sosiale-stonadar 2026-2028


Melding om vedtak blir sendt til:

A dark blue vertical bar runs down the left side of the page. A blue arrow points to the right from this bar, containing the text '2026 - 2028'.

2026 - 2028

Tildeling av sosiale stønader

Ved busetting og etablering av
flyktningar i Bykle kommune

Several thin, curved lines in dark blue and light grey originate from the bottom left corner and sweep upwards and to the right.

Bykle kommune - Flyktingtenesta

1.0 Tildeling av sosiale stønader – om vedtaket	Side 1
2.0 Bustader	Side 1
3.0 Ytingar ved busetting og etablering	Side 2
- 3.1 Helsesjekk/optikar/tannhelse	Side 2
- 3.2 Arbeidsklede	Side 3
- 3.3 Busskort	Side 3
- 3.4 Barnehage/SFO	Side 3
- 3.5 Fritidsaktivitetar	Side 3
- 3.6 Ved	Side 3
- 3.7 Førarkort	Side 3
- 4.0 Klage	Side 4

1.0 Tildeling av sosiale stønader til flyktningar ved busetting i Bykle kommune

Bykle kommune har vedteke følgjande retningslinjer for tildeling av sosiale stønader til flyktningar som busettast etter avtale med IMDi.

Tildelinga gjeld flyktningar med vedtak om kollektiv beskyttelse, som gjeld for eit år, og ikkje dannar grunnlag for varig opphald jf. utlendingslova § 34 (eks. Ukraina), **og for** flyktningar som har fått innvilga opphald som gir grunnlag for permanent opphaldstillating i Noreg.

Der stønadane er ulik for desse gruppa vert det nemnd spesifikt.

Vedtaket gir rom for at Flyktingtenesta i spesielle høve kan utøve faglege og individuelle vurderingar og gi tildelingar ut over det som er vedtaksfesta.

Satsane skal indeksregulerast årleg

2.0 Bustad

Konto: 12001 3663 265 450

Ved busetting i Bykle kommune vert flyktningar tildelt ein bustad som kommunen har funnet eigna for den einskilde/familien. Bustadene varierer i standard, storleik og leigepreis. Flyktingane kommer til ferdig innreidd bustad. Det er flyktingkoordinator sitt ansvar å handle inn (nytt eller pent bruka) naudsynt etableringsutstyr tilpassa den einskilde eller familiar. Flyktingane bur gratis fram til de får introduksjonslønn. De får leigekontrakt (møblere husvære) når dei startar på introduksjonsprogram, og er ansvarleg for å betale husleige, straum og andre utgifter med mindre anna er avtalt. Det gis som hovudregel eit tilbod om bustad. Flyktningar i kommunale einestader og leilegheiter får 30% reduksjon i husleiga i tre år etter same regelverk som kommunalt tilsette. Vaksne flyktningar som ikkje deltek i introduksjonsprogrammet må søke stønad til husleige gjennom sosialhjelp.

Inventar bustad:

Bustadene vert nøkternt og rimeleg møblert (brukte/nye møblar). Inventar i bustadene er Bykle kommune sin eigedom i tre år. Kvitevarer, skap, gardiner og anna fastmontert inventar kan ikkje takast med ved flytting.

Bustaden skal innehalde:

- Kvitevarer (kokemøglegheiter, kjøl/frys, vaskemaskin, tørketrommel til barnefamiliar)
- Støvsugar og vaskeutstyr, tørkestativ
- Oppvarming
- Seng/dyne/pute/pledd/ sengetrekk/ handduk
- Klesskap
- Gardiner
- Sofa, salongbord, stol
- Kjøkkenbord og stoler
- Tv/tv benk
- Golvteppe stua
- Belysning
- Utstyr til bad
- Diverse anna utstyr som er naudsynt for etablering, etter individuell vurdering

Retningslinjer for sosiale stønader ved busetting og etablering

Konto: 14709 3509 281 450

3.0 Ytingar ved busetting og etablering

NAV Midt-Agder yter sosialhjelp fram til flyktningane får introduksjonslønn.

- Mat i kjøleskåp til minimum to dagar
- Kr. 4000,- per person (Inntil kr. 7000,- til overføringsflyktningar med varig opphaldstillating) til innkjøp av klede og sko (individuell vurdering. Vinterklede vert prioritert).
- Familiar med barn vil få rettleiing på innkjøp av kler og utstyr til barna. Beløpet utbetalast når flyktningar har fått bankkonto.
- Inntil kr. 7000,- til innkjøp av sykkel/skiutstyr per voksen/barn. Utstyret er kommunen sin eigedom i inntil to år viss flyktningane vender tilbake til heimlandet.

3.1 Helsesjekk/optikar/tannhelse

- Kommunen dekker utgifter til helsesjekk ved busetting, der helsesjekk ikkje er føretatt på mottak. Helseutgifter ut over dette dekker flyktningen sjølv. Legekontoret fakturerer flyktningtenesta for 1. gangskonsultasjon.

- Kommunen dekker nødvendige utgifter til synsundersøking hos optikar og innkjøp av briller/linser etter rimelegaste alternativ med inntil kr. 4000,- i løpet av det første året etter busetting.
- Flyktingtenesta dekker kurativ, ikkje kosmetisk tannbehandling, som tannlækjaren finn heilt nødvendig det første året etter busetting. Tannlækjaren skal utarbeide kostnadsoverslag som skal godkjennast av flyktingtenesta før behandlinga startar. Kr. 10.000.- vert satt som maks beløp per person. Flyktningane vert rettleia til å søke sosial stønad til omfattande behandling ut over maksbeløp. Flyktningar skal føretrinnsvise bruke offentleg tannlækjar.
- Barn får tilbod via skuletannhelsa.

3.2 Arbeidsklede

Vaksne som deltek på introduksjonsprogrammet som treng arbeidsklede for å starte i praksis får dekkja dette. Krav til arbeidsklede vert avklara med arbeidsgjevar.

3.3 Busskort

Vaksne som deltek på introduksjonsprogram får ved oppstart refundert utgifter til halvårs busskort innan Agder. Dette skal mellom anna dekke reiseveg for skule, praksis, helsetenester/optikar/tannlækjar, og dekke behovet for andre reiser innan Agder.

Kr. 8000,- per person.

Stønaden kan alternativt gis til støtte ved kjøp av bil eller vinterdekk.

3.4 Barnehage/SFO

Når minst ein av foreldre deltek på introduksjonsprogram dekkast utgifter til barnehage/SFO etter behov, om det ikkje dekkast gjennom andre støtteordningar.

3.5 Fritidsaktivitetar

Vaksne flyktningar kan få 1 årskort på badeland, eller få inntil kr. 2000,- til dekning av medlemskap/kontingent til fritidsaktivitet det 1. året etter busetting.

Barn får gratis heiskort og gratis årskort i Badeland, og kan få inntil kr. 1000,- i stønad til anna organisert fritidsaktivitet i inntil to år frå busetting.

3.6 Ved

Det vert gjeve tilskot til vedfyring med kr. 4000,- per husvære med vedfyring 1. vinter etter busetting.

Ved busetting i bustad utan moglegheit for vedfyring, kan beløpet ved søknad dekke elektrisk oppvarming.

3.7 Førarkort

Kommunen kan refundere kostnader til sertifikat på inntil kr. 18.000,- per flyktning med vedtak om varig opphald.

Maks to personar per husstand/familie kan få refundert kostnader til sertifikat.

Stønadene gjeld ikkje barn som er under 18 år ved busetting til Noreg.

Føresetnad for stønaden er tilstrekkeleg dokumentert språkkunnskap, samt ein økonomisk og praktisk utarbeida plan for gjennomføring.

4.0 Klage

Det gis rett til å klage på vedtak om tildeling av tilskott i tråd med retningslinene. Det kan leggjast fram klage på sakshandsaming og tildelt/ikkje tildelt teneste/yting. Vedtak om tilskott etter disse retningslinene gjeld for integreringsperioden, inntil fem år. Fristen for å klage på avgjersla om tildeling må fremjast innan 3 veker frå vedtaket er gjort kjent. Klagen skal sendast skriftleg til den som har handsama vedtaket. Klage på avgjersle om tildeling av tilskott til stønad ved busetting avgjerast av formannskapet.



Saksmappe: 2023/25
Sakshandsamar: EIT
Dato: 08.10.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
80/25	Formannskap	14.10.2025

Rekrutteringsprosjekt Valle og Bykle - prosjektrapport fase 1

Kommunedirektørens si tilråding

Kommunestyret tek projektrapporten frå fase 1 i rekrutteringsprosjektet mellom Bykle og Valle til orientering. Rapporten skal liggje til grunn for det vidare arbeidet med fase 2, der tiltaksplan med prioriteringar, ressursbehov og budsjett vert lagt fram for politisk handsaming.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Bykle og Valle kommunar har sidan 2023 samarbeidd om eit prosjekt for å møte aukande utfordringar med å rekruttere til kompetansekravjande stillingar. Fase 1 har samla eit omfattande kunnskapsgrunnlag gjennom spørjeundersøking, sektorvise djupneanalysar og samanlikning med nasjonale erfaringar.

Hovudfunn frå fase 1:

- Jobben er den viktigaste drivaren for flytting, men stadkvalitet avgjer ofte om flyttinga faktisk skjer.
- Kjennskapen til Bykle og Valle er låg (80 % av respondentane kjenner ikkje til kommunane).
- Rekrutteringssituasjonen varierer mellom sektorar, livsfasar og demografi.
- Nærområda i Agder er ikkje automatisk det mest aktuelle rekrutteringsgrunnlaget.

Rapporten slår fast at fragmenterte enkeltinitiativ ikkje er nok, og at det krevst ei samla og profesjonell satsing.

Bakgrunn for saka

Både kommunane står ovanfor dei same utfordringane som mange distriktskommunar, trenden er aukande sentralisering og hard konkurranse om kompetanse. Nasjonalt er me inne i ei utvikling der den yrkesaktive delen av befolkninga ikkje lenger aukar, samstundes som talet på eldre og behovet for arbeidskraft i omsorgsyрка veks sterkt (jf. Perspektivmeldinga 2024 og framskrivingar frå SSB).

Dette inneber at konkurransen om arbeidskrafta truleg vert hardare, og gjer det endå viktigare for distriktskommunar å utvikle langsiktige og profesjonelle rekrutteringsstrategiar.

Prosjektet vart etablert i samarbeid med næringslivet i øvre Setesdal og Personalhuset. Fase 1 har levert kunnskapsgrunnlag og retning for tiltak, medan fase 2 skal handle om utprøving og evaluering.

Formelt grunnlag

Prosjektet er forankra i eit administrativt initiativ i dei to kommunane om felles rekrutteringssatsing. Vidare arbeid med konkrete tiltak og budsjett vil krevje politisk handsaming.

Vurderingar og konsekvensar

Rapporten dokumenterer at utfordringane er strukturelle og komplekse, og at dei ikkje kan løysast gjennom isolerte enkeltinitiativ frå einskildverksemdar. Utan ei samla tilnærming risikerer ein fragmentering, ressurslekkasje og redusert konkurransekraft i kampen om arbeidskrafta. Funn frå fase 1 syner at arbeid, bustad og stadkvalitet verkar saman når folk vurderer å flytte. Rekruttering må difor sjåast i samanheng med bustadpolitikk, omdømebygging, tenestetilbod og kultur- og fritidstilbodet.

For politisk nivå gjev rapporten særleg verdi som kunnskapsgrunnlag og retningsval. Me kan anten halde fram med meir avgrensa og kortsiktige tiltak, eller å satse på ei koordinert, profesjonell og langsiktig tilnærming. Ei slik satsing kan innebære etablering av felles rekrutterings- og profileringsfunksjon, tydelege roller mellom prosjekt/eining og verksemdene, og prioritering av ressursar til systematisk oppfølging.

Prosjektet representerer på mange måtar nybrottsarbeid i nasjonal samanheng. Få andre kommunar har gjort tilsvarande brei og systematisk kartlegging på tvers av sektorar, livsfaser og arbeidsmarknader. Det gjer at prosjektet har høg

overføringsverdi og kan tene som modell for andre distriktskommunar. Dette styrkjer både legitimiteten i arbeidet og sjansane for ekstern finansiering av tiltak.

Ei slik satsing vil krevje ressursar, både økonomiske og menneskelege. Samstundes er kostnaden ved ikkje å lukkast med rekruttering høg. Stillingar som står ledige, meir bruk av mellombelse løysingar, og redusert tenestekvalitet i kommunen og konkurranseevne i næringslivet er døme på slike. Rapporten peikar på at konsekvensane av å ikkje handle kan verte meir alvorlege enn kostnadene ved å gjennomføre tiltaka.

Kommunedirektøren vurderer at prosjektrapporten gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet. Intensjonen er at resultata frå fase 1 og rapporten skal liggje til grunn for det vidare arbeidet med fase 2, der tiltaksplan med prioriteringar, ressursbehov og budsjett vert lagt fram for politisk handsaming på eit seinare tidspunkt.

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Rekrutteringsprosjekt _ rapport med sektoranalysar 05.10.25

REKRUTTERING TIL KOMPETANSEKREVJANDE STILLINGAR I BYKLE OG VALLE

Analyse av resultat frå spørjeundersøking

Innhald

1. INNLEIING.....	4
2. DELRAPPORT FOR BYGG- OG ANLEGG.....	5
1. INNLEIING	6
2. KVEN ER RESPONDENTANE?	6
2.1 KJØNN.....	6
2.2 ALDER	7
2.3 SIVILSTATUS	7
2.4 BARN	8
2.5 FYLKE.....	8
2.6 INNBYGGJARTAL BUSTADKOMMUNE.....	9
2.7 UTDANNING	9
3. KVA SKIL DEI SOM ER POSITIVE FRÅ DEI SOM ER NEGATIVE?	10
3.1 KJØNN.....	10
3.2 ALDER	10
3.3 SIVILSTATUS	11
3.4 BARN	11
3.5 FYLKE.....	11
3.6 INNBYGGJARTAL BUSTADKOMMUNE.....	11
3.7 UTDANNING	12
4. KVA ER VIKTIG FOR RESPONDENTANE NÅR DEI SKAL SØKJE JOBB?	12
5. KVA ER VIKTIG FOR RESPONDENTANE NÅR DEI SKAL VELJE STAD Å FLYTTE?	13
6. KVA ER VIKTIGAST – JOBBEN ELLER STADEN?	14
7. PERSONAS	15
7.1 POSITIV PERSONAS – HØGT UTDANNINGSNIVÅ	15
7.2 POSITIV PERSONAS – LÅGT UTDANNINGSNIVÅ	16
3. DELRAPPORT FOR HELSE- OG OMSORG	17
1. INNLEIING	18
2. KVEN ER RESPONDENTANE?	18
2.1 KJØNN.....	18
2.2 ALDER	19
2.3 SIVILSTATUS	19
2.4 BARN	20
2.5 FYLKE.....	20
2.6 INNBYGGJARTAL BUSTADKOMMUNE.....	21
2.7 UTDANNING	21
3. KVA SKIL DEI SOM ER POSITIVE FRÅ DEI SOM ER NEGATIVE?	22
3.1 KJØNN.....	22
3.2 ALDER	22
3.3 SIVILSTATUS	23
3.4 BARN	23
3.5 FYLKE.....	23
3.6 INNBYGGJARTAL BUSTADKOMMUNE.....	24
3.7 UTDANNING	24

4. KVA ER VIKTIG FOR RESPONDENTANE NÅR DEI SKAL SØKJE JOBB?	24
5. KVA ER VIKTIG FOR RESPONDENTANE NÅR DEI SKAL VELJE STAD Å FLYTTE?	25
6. KVA ER VIKTIGAST – JOBBEN ELLER STADEN?	27
7. PERSONAS	28
7.1 POSITIV PERSONAS – HØGT UTDANNINGSNIVÅ	28
7.2 POSITIV PERSONAS – LÅGT UTDANNINGSNIVÅ	29
 4. DELRAPPORT FOR SKULE OG UNDERVISNING	 30
1. INNLEIING	31
2. KVEN ER RESPONDENTANE?	31
2.1 KJØNN.....	31
2.2 ALDER	32
2.3 SIVILSTATUS	32
2.4 BARN	33
2.5 FYLKE.....	33
2.6 INNBYGGJARTAL BUSTADKOMMUNE	34
2.7 UTDANNING	34
3. KVA SKIL DEI SOM ER POSITIVE FRÅ DEI SOM ER NEGATIVE?	35
3.1 KJØNN.....	35
3.2 ALDER	35
3.3 SIVILSTATUS	36
3.4 BARN	36
3.5 FYLKE.....	36
3.6 INNBYGGJARTAL BUSTADKOMMUNE	37
3.7 UTDANNING	37
4. KVA ER VIKTIG FOR RESPONDENTANE NÅR DEI SKAL SØKJE JOBB?	37
5. KVA ER VIKTIG FOR RESPONDENTANE NÅR DEI SKAL VELJE STAD Å FLYTTE?	38
6. KVA ER VIKTIGAST – JOBBEN ELLER STADEN?	40
7. PERSONAS	41
7.1 POSITIV PERSONAS – HØGT UTDANNINGSNIVÅ	41
7.2 POSITIV PERSONAS – LÅGT UTDANNINGSNIVÅ	42
 4. DELRAPPORT FOR INDUSTRI, PRODUKSJON OG KRAFT	 43
1. INNLEIING	44
2. KVEN ER RESPONDENTANE?	44
2.1 KJØNN.....	44
2.2 ALDER	45
2.3 SIVILSTATUS	45
2.4 BARN	46
2.5 FYLKE.....	46
2.6 INNBYGGJARTAL BUSTADKOMMUNE	47
2.7 UTDANNING	47
3. KVA SKIL DEI SOM ER POSITIVE FRÅ DEI SOM ER NEGATIVE?	48
3.1 KJØNN.....	48
3.2 ALDER	48
3.3 SIVILSTATUS	49
3.4 BARN	49
3.5 FYLKE.....	49

3.6 INNBYGGJARTAL BUSTADKOMMUNE	49
3.7 UTDANNING	50
4. KVA ER VIKTIG FOR RESPONDENTANE NÅR DEI SKAL SØKJE JOBB?	50
5. KVA ER VIKTIG FOR RESPONDENTANE NÅR DEI SKAL VELJE STAD Å FLYTTE?	51
6. KVA ER VIKTIGAST – JOBBEN ELLER STADEN?	53
7. PERSONAS	54
7.1 POSITIV PERSONAS – HØGT UTDANNINGSNIVÅ	54
7.2 POSITIV PERSONAS – LÅGT UTDANNINGSNIVÅ	55

1. Innleiing

Kommunane og næringslivet i Bykle og Valle opplever aukande rekrutteringsutfordringar til kompetansekreivjande stillingar. Dette er utfordringar dei deler med dei fleste distriktskommunane i Noreg. Ein stadig aukande sentraliseringstendens og ei generelt låg arbeidsløyse nasjonalt er viktige årsaker til dette.

Prosjektet «Rekruttering til kompetansekreivjande stillingar i Bykle og Valle» har som mål å etablere verknadsfulle tiltak for å styrke rekrutteringa til kompetansekreivjande stillingar til kommunane og næringslivet i Bykle og Valle.

I mars gjennomført prosjektet ei spørjeundersøking for å etablere eit kunnskapsgrunnlag for utvikling av tiltak. Det var totalt 393 respondentar som deltok i undersøkinga. Ei oppsummering av svara vart presentert for arbeidsgruppa den 7. mai. Det vart vedteke å plukke ut fire yrkessektorar for utvikling og utprøving av tiltak.

Styringsgruppa vedtok den 29. mai å gjennomføre djupare analyser innanfor dei følgjande yrkessektorene for å få eit meir presist kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet med tiltak:

- Bygg og anlegg
- Helse og omsorg
- Skule og undervisning
- Industri, produksjon og kraft

Analysane av svara frå dei fire yrkessektorene søker å finne svar på:

- Kven er respondentane?
- Kva skil respondentane som er positive til å flytte for ein ny jobb, frå dei som er negative?
- Kva er viktig for respondentane når dei skal søkje jobb?

Innanfor undersøkingsspørsmåla vert det gjort greie for kva som karakteriserer dei fire yrkessektorane og om det er avvik knytt til kjønn, alder, sivilstand, geografisk tilhøyrsl med vidare. Dette for å avdekke om det er spesifikke kategoriar av søkerar innanfor yrkessektorane som er meir eller mindre sannsynlege som jobbkandidatar i Bykle og Valle kommunar.

Analysane vert vidare nytta til å utarbeide «personas» for kvar yrkessektor. Dei skal hjelpe oss til å forstå det segmentet av målgruppa som har skåra høgast på positive faktorar knytt til rekruttering. Gjennom å forstå segmentet kan ein utarbeide meir målretta rekrutteringstiltak.

2. Delrapport for bygg- og anlegg

1. Innleiing

Totalt 23 respondentar i spørjeundersøkinga har kryssa av for at dei jobbar innanfor bygg- og anleggssektoren. Det er totalt 5,85 % av det samla talet respondentar.

I Noreg jobbar det om lag 260 000 menneske innanfor sektoren. Dersom ein legg til grunn ein konfidensintervall på 95 % vert feilmarginen for gjennomsnittberekningar i undersøkinga 20 %.

Samstundes er det slik at undersøkinga er retta mot ei gruppe innanfor sektoren som er aktuelle for jobbytte. Dette gjer at resultata i undersøkinga ikkje er uttrykk for sektoren som eit heile, men berre for den spesifikke gruppa innanfor sektoren undersøkinga er retta mot.


Dersom ein til dømes legg til grunn at utvalspopulasjonen av dei som er aktuelle for jobbytte innanfor for bygg- og anleggssektoren består av 25 000 personar, vil dette likevel ikkje verke inn på feilmarginen. Feilmarginen er difor for høg til at vi kan trekke slutningar, men den er tilstrekkeleg til å avdekke trendar.

2. Kven er respondentane?

2.1 Kjønn


Kjønnsfordelinga blant dei 23 respondentane innanfor bygg- og anleggssektoren er på 74 % menn (17) og 26 % kvinner (6). Dette er eit vesentleg avvik frå kjønnsfordelinga blant respondentane i spørjeundersøkinga samla sett på 48 % menn og 52 % kvinner.

Bygg- og anleggssektoren er tradisjonelt sterkt mannsdominert. I dag er om lag 10 % kvinner av det samla talet tilsette i sektoren, men talet aukar betydeleg i stillingar der det er krav om høgare utdanning. Den relativt sett høge delen kvinner i undersøkinga har ein sannsynleg samanheng med utdanningsnivået blant respondentane. Sjå nærare informasjon om dette under punkt 2.7.




2.2 Alder

Aldersfordelinga syner at det prosentvis er færre respondentar i aldersgruppene under 35 år i bygg- og anleggssektoren enn i sektorane samla, og at det følgeleg er fleire i aldersgruppene over 35 år. Totalt 40 % av respondentane i bygg- og anleggssektoren er under 35 år, medan ein finn 50 % av det samla talet respondentar i desse aldersgruppene.



2.3 Sivilstatus


Det er ein høgare prosentdel gifte og sambuande respondentar i bygg- og anleggssektoren enn i undersøkinga samla sett. Dette må ein sjå i samanheng med aldersfordelinga, og kunnskapen om at den prosentvise delen av gifte og sambuande aukar med alder. Kjenneteiknar



2.4 Barn

Det er ein betydeleg høgare prosentdel av respondentane i bygg- og anleggssektoren som har barn enn blant respondentane samla sett. 69 % av respondentane i bygg- og anleggssektoren har barn, mot 49 % av det totale talet respondentar.


Dette heng naturleg saman med aldersfordelinga blant respondentane og talet respondentar som er gift eller sambuande.



2.5 Fylke

Respondentanes fylkestilhøyrse syner at det er 11 prosentpoeng færre frå Oslo og Akershus og 8 prosentpoeng fleire frå Vestland. Utover dette ligg avvika frå 1 til 4 prosentpoeng.


Den prosentvise fordelinga mellom fylka er ganske godt samanfallande med ulikskapen i talet tilsette innanfor bygg- og anleggssektoren i dei ulike fylka. Sjølv om Oslo og Akershus har betydeleg fleire innbyggjarar er det langt færre tilsette i sektoren enn i til dømes Vestland, Agder og Vestfold/Telemark.



2.6 Innbyggjartal bustadkommune

Innanfor bygg- og anleggssektoren er 70 % busett i kommunar med over 30 000 innbyggjarar, medan 65 % prosent av alle respondentar er busett i ein slik kommune. Dette utgjer ingen vesentleg skilnad.


Sektoren skil seg likevel ut ved at 21 % kjem frå kommunar under 5 000 innbyggjarar, medan det er 10 % av det samla talet respondentar som kjem frå ein slik kommune.



2.7 Utdanning


Innanfor bygg- og anleggssektoren har 48 % av respondentane bachelorgrad eller høgare utdanning. Dette er 21 prosentpoeng lågare enn i undersøkinga samla sett.

Fordelinga mellom respondentar med lågare og høgare utdanning skil seg likevel vesentleg frå den generelle populasjonen innanfor bygg- og anleggssektoren. Samla sett er det noko under 25 % innanfor bygg- og anlegg som har høgare utdanning.



3. Kva skil dei som er positive frå dei som er negative?

På spørsmålet om kor sannsynleg det er at dei vil flytte for å ta ein jobb dersom arbeidsvilkåra er gode og jobben spanande, er det totalt 12 respondentar som svarar at det er «ganske sannsynleg» eller «svært sannsynleg», medan det er 11 respondentar som svarar at det er «ikkje sannsynleg» eller «mindre sannsynleg». I det følgjande søker vi å finne kva som kjenneteiknar dei to gruppene». Dei to gruppene vert omtalt som «positiv» og «negativ»



52 % av respondentane i bygg- og anleggssektoren er positive til å flytte. Den positive gruppa er 6 prosentpoeng mindre enn i undersøkinga samla sett - mm

3.1 Kjønn

- +** Gruppa består av 3 kvinner og 9 menn.
- Gruppa består av 3 kvinner og 8 menn.
- =** Dette utgjer ikkje eit vesentleg avvik.

3.2 Alder

- +** Gruppa består av 7 respondentar over 30 år og 6 respondentar under 30 år.
- Gruppa består av 10 respondentar over 30 år og 1 respondent under 30 år.
- =** Dette utgjer eit vesentleg avvik. Den positive gruppa har ein betydeleg større del respondentar under 30 år.

3.3 Sivilstatus

- +** Gruppa består av 7 gifte eller sambuande respondentar og 5 single respondentar.
- Gruppa består av 10 gifte eller sambuande respondentar og 1 single respondent.
- =** Dette utgjør eit vesentleg avvik. Den positive gruppa har ein betydeleg større del respondentar som er single.

3.4 Barn

- +** Gruppa har 3 respondentar med barn over 15 år, 3 respondentar med barn under 15 år og 6 respondentar som ikkje har barn.
- Gruppa består av 6 respondentar med barn over 15 år, 4 respondentar med barn under 15 år og 1 respondent som ikkje har barn.
- =** Dette utgjør eit vesentleg avvik. Den positive gruppa har ein betydeleg større del respondentar som ikkje har barn.

3.5 Fylke

- +** Gruppa består av 5 respondentar frå Rogaland, 4 respondentar frå Vestland, 2 respondentar frå Oslo og Akershus, 1 frå Vestfold og Telemark .
- Gruppa består av 5 respondentar frå Agder, 3 respondentar frå Vestfold og Telemark, 1 respondent frå Vestland, 1 respondent frå Oslo og Akershus, og 1 respondent frå Østfold.
- =** Respondentanes fylkestilhøyrse dannar eit mønster der 9 av 12 i den positive gruppa er frå Rogaland og Vestland, medan 8 av 11 i den negative gruppa er frå Agder og Vestfold og Telemark.

3.6 Innbyggjartal bustadkommune

- +** Gruppa består av 7 respondentar frå kommunar med over 30 000 innbyggjarar og 5 respondentar frå kommunar under 5 000 innbyggjarar.
- Gruppa består av 9 respondentar frå kommunar med over 30 000 innbyggjarar og 2 respondentar frå kommunar 20-30 000 innbyggjarar.

- = Dette utgjør eit vesentleg avvik. I den positive gruppa kjem 42 % frå ein kommune med under 5 000 innbyggjarar. I den negative gruppa er det ingen som er busett i ein slik kommune.


3.7 Utdanning

- + Gruppa består av 6 respondentar med yrkesskole/vidaregåande skule, 5 med bachelorgrad og 1 med mastergrad.
- Gruppa består av 6 respondentar med yrkesskole/vidaregåande skule, 1 med bachelorgrad og 4 med mastergrad.
- = Dette utgjør eit vesentleg avvik. Den positive gruppa har ein betydeleg større del respondentar som har bachelorgradutdanning, medan den negative gruppa har ein betydeleg større del respondentar som har mastergradutdanning.

4. Kva er viktig for respondentane når dei skal søkje jobb?

I spørjeundersøkinga søkte vi å finne svar på kva for tilhøve ved arbeidsplassen som er viktigast når respondentane skal søkje jobb. Det vart satt opp ein rekke kvalitetar knytt til arbeidsplassen, som respondentane avgjorde tydinga av gjennom å nytte talgradering 1-5, der 1 er «ikkje viktig» og 5 er «veldig viktig».

Tabellen under syner korleis den positive gruppa og den negative gruppa vurderte dei ulike kvalitetane. Sjølv om det generelt ikkje er stor ulikskap mellom dei to gruppene, kan ein sjå eit mønster: Dei alle fleste kvalitetane er viktigare for gruppa som er positiv til å flytte for å begynne i ny jobb, enn dei er for gruppa som er negativ.




Unnataket er kvalitetane «god pensjonsordning», «trygg jobb» og «fleksitid/heimekontor» der den negative gruppa skårar høgast. Kvalitetar som «lønsnivå», «tilhøve for vidareutdanning» og «stort fagmiljø» er mykje viktigare for den positive gruppa. Utan at ein skal legge for mykje i dette, så kan det kan ha noko å gjere med ulike personlegdomstrekk innanfor dei to gruppene. Ein kan tenkje seg at dei som ikkje vil flytte for å begynne i ny jobb er meir risikoaverse og meir opptekne av fleksibilitet i kvardagen, medan dei som vil flytte er meir opptekne inntekt og karriere.

5. Kva er viktig for respondentane når dei skal velje stad å flytte?

For å finne ut av kva som er viktig for respondentane når dei skal velje stad å flytte til satt vi opp ein rekke stadskvalitetar som respondentane avgjorde tydinga av gjennom å nytte talgradering 1-5 der 1 er «ikkje viktig» og 5 er «veldig viktig».


Tabellen under syner korleis den positive og den negative gruppa vurderte dei ulike kvalitetane. Mønsteret frå det førre punktet gjentek seg. Det er ikkje store skilnader, men «småkommunekvalitetar» som «roleg bygdeliv», «natur og friluftsliv» og «moderate bustadprisar» betyr meir for den positive gruppa. Gruppa som er negativ er meir opptekne av «storkommunekvalitetar» som «kulturtilbod» og «butikkar og serveringsstader».

Den negative gruppa er og meir opptekne av tenestilbod som «helse og omsorg» og «skule og barnehage». Dette kan vi knytte til at respondentane i denne gruppa er eldre og at fleir av dei har barn.



Vi spurte også respondentane om kva for kvalitetar ved kommunen som positivt vil påverke valet om å flytte til ein stad dersom dei skal flytte for å begynne i ny jobb. Respondentane kunne markere fleire kvalitetar.


I diagrammet under har vi rekna ut den prosentvise delen av respondentane innanfor dei to gruppene som har kryssa av for dei ulike kvalitetane. Nok ein gong ser vi at den positive gruppa er meir opptekne av kvalitetar med økonomiske insentiv. Alle kvalitetane vart prosentvis kryssa av fleire gonger av den positive gruppa enn den negative. Faktoren «tilskott til bustadbygging» vart kryssa av flest gonger totalt sett. Nærare 60 % i den positive gruppa kryssa av for denne faktoren, medan under 30 % i den negative gruppa gjorde det same.



6. Kva er viktigast – jobben eller staden?

Respondentane vart spurde om det er tilhøva knytt til jobben eller staden som er viktigast når dei skal avgjere om dei skal flytte for å begynne i ny jobb. Dette spørsmålet gjev oss indikasjonar knytt til val av fokusområde når vi skal rekruttere. Samstundes er det ikkje slik at sjølv om den eine faktoren vert vurdert som viktigare, at den andre er uviktig.

Dette spørsmålet avdekkjer markert ulikskap mellom den positive og den negative gruppa. I den positive gruppa svarar 92 % at det er tilhøva knytt til jobben som er viktigast, medan det i den negative gruppa er 64 % som meiner dette.



7. Personas

7.1 Positiv personas – høgt utdanningsnivå



Kjønn: Mann
Alder: Under 30 år
Fylke: Rogaland eller Oslo og Akershus
Kommunestørrelse: Over 30 000 innbyggjarar
Sivilstand: Singel
Barn: Nei
Utdanningsnivå: Bachelorgrad

Viktige faktorar for val av jobb:

Han er spesielt oppteken av høgt lønsnivå, gode vilkår for vidareutdanning, innovasjons og utviklingsarbeid, moglegheiter for å gjere karriere og ein trygg jobb hos ein solid arbeidsgjevar.

Viktige faktorar for val av stad å flytte til:

Staden han skal flytte til bør ha moderate bustadprisar, gode tilhøve for natur og friluftsliv og eit godt utval av organiserte idretts- og treningstilbod. Han synast at eit fredeleg bygdeliv er meir forlokkande enn å bu i ein pulserande storby.

Tilskot til å bygge bustad, subsidierte bustadtomter og god kommuneøkonomi vil positivt påverke avgjersla om å flytte til kommunen.

Kva er viktigast – jobben eller staden?

Jobben er definitivt det viktigaste.

Kor sannsynleg er det at han vil flytte dersom jobben er spanande og vilkåra gode?

Det er i det heile svært sannsynleg at han vil flytte.

Kva tenkjer han om Valle og Bykle kommunar?

Han kjenner ikkje til kommunane, men er langt over snittet positiv til å flytte til ein av dei ($4 > 3,1$).

7.2 Positiv personas – lågt utdanningsnivå



Kjønn: Mann
Alder: 30-55 år
Fylke: Rogaland eller Vestland
Kommunestørrelse: Under 5 000 innbyggjarar
Sivilstand: Gift/sambuar
Barn: Har barn
Utdanningsnivå: Yrkesskule

Viktige faktorar for val av jobb:

Han er spesielt oppteken av gode pensjonsordningar, sjølvstendig arbeid, stort fagmiljø og ein trygg jobb hos ein solid arbeidsgjevar med godt omdøme.

Viktige faktorar for val av stad å flytte til:

Staden han skal flytte til bør ha moderate bustadprisar, gode tilhøve for natur og friluftsliv, gode helse- og omsorgstenester og eit godt utval av butikkar og serveringsstader. Han synast at eit fredeleg bygdeliv er meir forlokkande enn å bu i ein pulserande storby.

Ingen eigedomsskatt og god kommuneøkonomi vil positiv påverke avgjerla om å flytte til kommunen.

Kva er viktigast – jobben eller staden?

Jobben er definitivt det viktigaste.

Kor sannsynleg er det at han vil flytte dersom jobben er spanande og vilkåra gode?

Det er i det heile ganske sannsynleg at han vil flytte.

Kva tenkjer han om Valle og Bykle kommunar?

Han kjenner ikkje til kommunane, men er likevel godt over snittet positiv til å flytte til ein av dei (3,6 > 3,1).

3. Delrapport for helse- og omsorg

1. Innleiing

Totalt 48 respondentar i spørjeundersøkinga har kryssa av for at dei jobbar innanfor helse- og omsorgssektoren. Det er utgjert 12,21 % av det samla talet respondentar.

I Noreg er det om lag 485 000 menneske som jobbar innanfor sektoren. Dersom ein legg til grunn ein konfidensintervall på 95 % vert feilmarginen for gjennomsnittsberekningar i undersøkinga 14 %.

Samstundes er det slik at undersøkinga er retta mot ei gruppe innanfor sektoren som er aktuelle for jobbyte. Dette gjer at resultata i undersøkinga ikkje er uttrykk for sektoren som eit heile, men berre for den spesifikke gruppa innanfor sektoren undersøkinga er retta mot.


Dersom ein til dømes legg til grunn at utvalspopulasjonen av dei som er aktuelle for jobbyte innanfor helse- og omsorgssektoren består av 48 500 personar, vil dette likevel ikkje verke inn på feilmarginen. Feilmarginen er difor for høg til at vi kan trekke slutningar, men den er tilstrekkeleg til å avdekke trendar.

2. Kven er respondentane?

2.1 Kjønn


Dei 48 respondentane innanfor helse- og omsorgssektoren består av 12,5 % menn (6) og 87,5 % kvinner (42). Dette er eit vesentleg avvik frå kjønnsfordelinga i spørjeundersøkinga samla sett med 48 % menn og 52 % kvinner.

Helse- og omsorgssektoren er tradisjonelt sterkt kvinnedominert. I dag er om lag 18 % menn blant dei tilsette i sektoren. Vurdert opp mot det samla talet mannlege tilsette i sektoren er det eit negativt avvik i denne undersøkinga på 31 %. Dette avviket har ein sannsynleg forklaring i eit relativt lågt utdanningsnivå blant respondentane. Den prosentvise delen menn aukar betydeleg i stillingar der det er krav om høgare utdanning. Til dømes er 47 % av alle leger menn.




2.2 Alder

Aldersfordelinga syner at det er ein høgare prosentdel del respondentar i dei yngre aldersgruppene i helse- og omsorgssektoren enn i sektorane samla. Totalt 88 % av respondentane helse- og omsorgssektoren er under 45 år, medan ein finn 71 % av desse aldersgruppene i det samla talet respondentar i spørjeundersøkinga.



2.3 Sivilstatus


Det er ein noko høgare prosentdel gifte eller sambuande i helse- og omsorgssektoren, enn i undersøkinga samla sett. Dette er eit avvikande resultat sett i samanheng med aldersfordelinga i sektoren, og kunnskapen om at den prosentvise delen av gifte og sambuande aukar med alder.



2.4 Barn


Det er ein betydeleg større prosentdel av respondentane i helse- og omsorgssektoren som har barn enn blant respondentane samla sett. 61 % av respondentane i helse- og omsorgssektoren har barn, mot 49 % av det totale talet respondentar.

Dette heng naturleg saman med talet respondentar som er gift eller sambuande.



2.5 Fylke


Fylkestilhørarsle for respondentane i helse- og omsorgssektoren syner at det er 8 prosentpoeng færre respondentar frå Agder og 10 prosentpoeng fleire frå Vestfold og Telemark enn i det samla respondentutvalet. Utover dette ligg avvika frå 2 til 4 prosentpoeng.



2.6 Innbyggjartal bustadkommune

Innanfor helse- og omsorgssektoren er det 56 % respondentar frå kommunane med over 30 000 innbyggjarar. Dette er 9 prosentpoeng lågare enn snittet i undersøkinga.


36 % av respondentane i helse- og omsorgssektoren kjem frå kommunar med mellom 5 000 og 30 000 innbyggjarar, medan det er 25 % av det samla talet respondentar som kjem frå ein slik kommune.



2.7 Utdanning


Innanfor helse- og omsorgssektoren har 55 % av respondentane bachelorgrad eller høgare utdanning. Dette er 14 prosentpoeng lågare enn i undersøkinga samla sett.

Totalt 43 % av respondentane i helse- og omsorgssektoren har yrkesskule eller vidaregåande skule som høgste utdanning. Dette er 11 prosentpoeng høgare enn i undersøkinga samla sett.



3. Kva skil dei som er positive frå dei som er negative?

På spørsmålet om kor sannsynleg det er at dei vil flytte for å ta ein jobb dersom arbeidsvilkåra er gode og jobben spanande, er det totalt 28 respondentar som svarar at det er «ganske sannsynleg» eller «svært sannsynleg», medan det er 20 respondentar som svarar at det er «ikkje sannsynleg» eller «mindre sannsynleg». I det følgjande søker vi å finne kva som kjenneteiknar dei to gruppene». Dei to gruppene vert omtalt som «positiv» og «negativ»



58 % av respondentane i helse- og omsorgssektoren er positive til å flytte. Dette er samanfallande med resultatet i undersøkinga samla sett.

3.1 Kjønn

- +** Gruppa består av 22 kvinner og 6 menn.
- Gruppa består av 20 kvinner og 0 menn.
- =** Dette utgjer eit vesentleg avvik. Alle dei mannlege respondentane er i den positive gruppa, medan dei kvinnelege respondentane er fordelt med 52 % i den positive og 48 % i den negative gruppa.

3.2 Alder

- +** Gruppa består av 15 respondentar over 30 år og 13 respondentar under 30 år.
- Gruppa består av 13 respondentar over 30 år og 7 respondentar under 30 år.
- =** Dette utgjer eit vesentleg avvik. 65 % av dei under 30 år er positive, medan det berre er 54 % av dei over 30 år.

3.3 Sivilstatus

- +** Gruppa består av 17 gifte eller sambuande respondentar og 11 single respondentar.
- Gruppa består av 14 gifte eller sambuande respondentar og 6 single respondent.
- =** Vurdert etter forholdet mellom talet respondentar i gruppene er det 10 % fleire single i den positive gruppa, og 10 % fleire gifte eller sambuande i den negative gruppa. Dette utgjør ikkje eit vesentleg avvik internt i sektoren, men det skil seg vesentleg frå sektorane samla der det er 25 % fleire single i den positive gruppa enn i den negative gruppa.

3.4 Barn

- +** Gruppa har 4 respondentar med barn over 15 år, 12 respondentar med barn under 15 år og 12 respondentar som ikkje har barn.
- Gruppa består av 4 respondentar med barn over 15 år, 9 respondentar med barn under 15 år og 7 respondentar som ikkje har barn.
- =** Dette utgjør eit vesentleg avvik. Den positive gruppa har ein betydeleg større del respondentar som ikkje har barn.

3.5 Fylke

- +** Gruppa består av 8 respondentar frå Oslo og Akershus, 8 respondentar frå Vestfold og Telemark, 4 respondentar frå Agder, 3 respondentar frå Vestland, 2 respondentar frå Østfold, 2 respondentar frå «andre fylker», og 1 respondent frå Rogaland.
- Gruppa består av 6 respondentar frå Rogaland, 4 respondentar frå Oslo og Akershus, 4 frå Vestfold og Telemark, 2 respondentar frå Vestland, 2 respondentar frå «andre fylker», 1 respondent frå Agder og 1 respondent frå Østfold .
- =** Respondentanes fylkestilhøyrse syner at 69 % av dei totalt 29 respondentane frå dei tre fylka Oslo og Akershus, Vestfold og Telemark, og Agder er i den positive gruppa, medan 85 % av dei 7 respondentane frå Rogaland er i den negative gruppa.

3.6 Innbyggjartal bustadkommune

- +** Gruppa består av 19 respondentar frå kommunar med over 30 000 innbyggjarar, 5 respondentar frå kommunar med mellom 10 og 30 000 innbyggjarar, og 4 respondentar frå kommunar med under 10 000 innbyggjarar.
- Gruppa består av 8 respondentar frå kommunar med over 30 000 innbyggjarar, 7 respondentar frå kommunar med mellom 10 og 30 000 innbyggjarar og 5 respondentar frå kommunar med under 10 000 innbyggjarar.
- =** Dette utgjer eit vesentleg avvik. I den positive gruppa kjem 64% frå ein kommune med over 30 000 innbyggjarar. I den negative gruppa kjem 40 % frå ein slik kommune. 70 % av alle respondentane som kjem frå ein kommune med over 30 000 innbyggjarar er i den positive gruppa.


3.7 Utdanning

- +** Gruppa består av 16 respondentar med yrkesskule/vidaregåande skule, 7 med bachelorgrad og 5 med mastergrad.
- Gruppa består av 1 respondent med grunnskule, 4 respondentar med yrkesskule/vidaregåande skule, 7 med bachelorgrad og 5 med mastergrad.
- =** Dette utgjer eit vesentleg avvik. 80 % av totalt 20 respondentar med yrkesskule/vidaregåande skule er i den positive gruppa. Respondentar med bachelorgrad eller mastergrad er jamt fordelt mellom den positive og negative gruppa.

4. Kva er viktig for respondentane når dei skal søkje jobb?

I spørjeundersøkinga søkte vi å finne svar på kva for tilhøve ved arbeidsplassen som er viktigast når respondentane skal søkje jobb. Det vart satt opp ein rekke kvalitetar knytt til arbeidsplassen som respondentane avgjorde tydinga av gjennom å nytte talgradering 1-5, der 1 er «ikkje viktig» og 5 er «veldig viktig».

Tabellen under syner korleis den positive og den negative gruppa vurderte dei ulike kvalitetane. Sjølv om det generelt ikkje er stor ulikskap mellom dei to gruppene, kan ein sjå eit mønster: Dei alle fleste kvalitetane er noko viktigare for gruppa som er positiv til å flytte for å begynne i ny jobb, enn for gruppa som er negativ.



Unnataket er kvalitetane «pensjonsordning» og «fleksitid/heimekontor» der den negative gruppa skårar høgast. Kvalitetar som «lønsnivå», «gode vilkår for vidareutdanning» og «moglegheiter for karriere» er mykje viktigare for den positive gruppa. Utan at ein skal legge for mykje i dette, så kan det tenkjast å ha noko å gjere med ulike personlegdomstrekk innanfor dei to gruppene. Dei som ikkje vil flytte for å begynne i ny jobb synest å vere opptekne av tryggleik og fleksibilitet i kvardagen, medan dei som vil flytte er meir opptekne av inntekt og karriere.

Dei to kvalitetane som skårar høgast er «lønsnivå» og «trygg jobb». Både desse kvalitetane skårar høgare hos den positive gruppa i helse- og omsorgssektoren enn hos snittet av respondentar i undersøkinga. Snittskår i undersøkinga samla sett er 4,2 for «lønsnivå» og 4,4 for «trygg jobb», medan den positive gruppa i helse- og omsorgssektoren skårar dei to kvalitetane med 4,7 og 4,6.

5. Kva er viktig for respondentane når dei skal velje stad å flytte?

For å finne ut av kva som er viktig for respondentane når dei skal velje stad å flytte til satt vi opp ein rekke stadskvalitetar som respondentane avgjorde tydinga av gjennom å nytte talgradering 1-5 der 1 er «ikkje viktig» og 5 er «veldig viktig».

Tabellen under syner korleis den positive og den negative gruppa vurderte dei ulike kvalitetane. Det er ikkje store skilnader, men respondentane i den positive gruppa er generelt meir opptekne av stadskvalitetar.


Den positive gruppa skårar betydeleg høgare på kvalitetar som «pulserande byliv», «natur- og friluftsliv» og «butikkar og serveringsstader» enn den negative gruppa. Samstundes skårar kvaliteten «roleg bygdeliv» høgare enn «pulserande byliv». Det er med andre ord ingen klar trend som gjer at vi kan seie at gruppa preferer

småkommunekvalitetar framfor storkommunekvalitetar eller motsett. På sett og vis kan ein seie at den positive gruppa vil ha i både «pose og sekk».

Kvalitetane som skårar klart høgast er «rimelege bustadprisar» og «gode helse- og omsorgstilbod». Dette er dei kvalitetane som og skårar høgast i undersøkinga samla sett, men den positive gruppa i helse- og omsorgssektoren skårar dei høgare enn snittet i undersøkinga.

Snittskår i undersøkinga samla sett for «gode helse- og omsorgstenester» er 3,7, medan den positive gruppa i helse- og omsorgssektoren skårar denne kvaliteten med 4,1.


Snittskår i undersøkinga samla sett for «rimelege bustadprisar» er 3,8, medan den positive gruppa i helse- og omsorgssektoren skårar denne kvaliteten med 4,0.



Vi spurte også respondentane om kva for kvalitetar ved kommunen som positivt vil påverke valet om å flytte til ein stad, dersom dei skal flytte for å begynne i ny jobb. Respondentane kunne markere fleire kvalitetar.

Nok ein gong ser vi at den positive gruppa er meir opptekne av kvalitetar med økonomiske insentiv. Alle kvalitetane sett bort frå «gratis barnehage» skårar mellom 5 og 9 prosentpoeng høgare i den positive gruppa enn i den negative gruppa. Kvaliteten «gratis barnehage» utmerkar seg med å ha større tyding hos den negative gruppa som skårar denne 17 prosentpoeng høgare enn den positive gruppa. Dette kan ha ein årsakssamanheng med at det er ein større del av respondentane i den negative gruppa som har barn, enn i den positive gruppa.


Kvaliteten «god kommuneøkonomi» er den kvaliteten som merkar seg ut som den viktigaste i baa gruppene. 68 % prosent av respondentane i den positive gruppa har kryssa av for at denne kvaliteten vil positivt vil påverke valet om å flytte til ein stad dersom dei skal flytte for å begynne i ny jobb.



6. Kva er viktigast – jobben eller staden?

Respondentane vart spurde om det er tilhøva knytt til jobben eller staden som er viktigast når dei skal avgjere om dei skal flytte for å begynne i ny jobb. Dette spørsmålet gjev oss indikasjonar knytt til val av fokusområde når vi skal rekruttere. Samstundes er det ikkje slik at sjølv om den eine faktoren vert vurdert som viktigare, at den andre er uviktig.

Dette spørsmålet avdekkjer markert ulikskap mellom den positive og den negative gruppa. I den positive gruppa svarar 72 % at det tilhøva knytt til jobben som er viktigast, medan det i den negative gruppa er 40 % som meiner at jobben er viktigast.



7. Personas

7.1 Positiv personas – høgt utdanningsnivå



Kjønn: Kvinne
Alder: 26-45 år
Bustad: Oslo og Akershus og Vestfold og Telemark
Kommunestørrelse: Over 30 000 innbyggjarar
Sivilstand: Gift/sambuar
Barn: Nei
Utdanningsnivå: Bachelorgrad eller mastergrad

Viktige faktorar for val av jobb:

Hun er spesielt oppteken av høgt lønsnivå, gode pensjonsordningar, moglegheit for fleksitid eller heimekontor, sjølvstendig arbeid og moglegheiter for å gjere karriere.

Viktige faktorar for val av stad å flytte til:

Staden hun skal flytte til bør ha moderate bustadprisar, gode tilhøve for natur og friluftsliv, gode kulturtilbod og gode helse- og omsorgstilbod. Hun synast at ein pulserande storby og eit fredeleg bygdeliv er like attraktivt.

God kommuneøkonomi er den definitivt viktigaste faktoren som positiv påverke avgjersla om å flytte til kommunen, men hun er og oppteken av kommunen ikkje har eigedomsskatt og at det vert ytt tilskot til å bygge bustad.

Kva er viktigast – jobben eller staden?

Jobben er definitivt det viktigaste.

Kor sannsynleg er det at han vil flytte dersom jobben er spanande og vilkåra gode?

Det er i det heile svært sannsynleg at hun vil flytte.

Kva tenker han om Valle og Bykle kommunar?

Hun kjenner ikkje til kommunane, men er gjennomsnittleg positiv til å flytte til ein av dei (3,1 - 3,1).

7.2 Positiv personas – lågt utdanningsnivå



Kjønn: Kvinne
Alder: Under 30 år
Bustad: Vestfold og Telemark eller Vestland
Kommunestørrelse: Ingen klar markør
Sivilstand: Singel
Barn: Nei
Utdanningsnivå: Yrkesskule

Viktige faktorar for val av jobb:

Hun er spesielt oppteken av høg løn, gode pensjonsordningar, gode vilkår for vidareutdanning og ein trygg jobb hos ein solid arbeidsgjevar med godt omdøme.

Moglegheit for tilsettebustad er viktig for henne.

Viktige faktorar for val av stad å flytte til:

Staden hun skal flytte til bør ha moderate bustadprisar, gode helse- og omsorgstenester og eit godt kulturtilbod. Hun synast at eit fredeleg bygdeliv er mykje meir forlokkande enn å bu i ein pulserande storby.

God kommuneøkonomi, gratis barnehage og gratis SFO vil positivt påverke avgjerla om å flytte til kommunen.

Kva er viktigast – jobben eller staden?

Tilhøva knytt til staden og jobben er like viktige for henne.

Kor sannsynleg er det at hun vil flytte dersom jobben er spanande og vilkåra gode?

Det er i det heile ganske sannsynleg at hun vil flytte.

Kva tenker hun om Valle og Bykle kommunar?

Hun kjenner til kommunane, og er godt over snittet positiv til å flytte til ein av dei (3,5 > 3,1). Det er likevel større sjans for at hun flyttar til Valle (3,75) enn til Bykle (3,25).

4. Delrapport for skule og undervisning

1. Innleiing

Totalt 20 respondentar i spørjeundersøkinga har kryssa av for at dei jobbar innanfor skule- og undervisningssektoren. Det er 5,09 % av det samla talet respondentar i undersøkinga.

I Noreg er det om lag 225 000 menneske som jobbar innanfor sektoren. Dersom ein legg til grunn ein konfidensintervall på 95 % vert feilmarginen for gjennomsnittsberekningar i undersøkinga 22 %.

Samstundes er det slik at undersøkinga er retta mot ei gruppe innanfor sektoren som er aktuelle for jobbyte. Dette gjer at resultata i undersøkinga ikkje er uttrykk for sektoren som eit heile, men berre for den spesifikke gruppa innanfor sektoren undersøkinga er retta mot.


Dersom ein til dømes legg til grunn at utvalspopulasjonen av dei som er aktuelle for jobbyte innanfor skule- og undervisningssektoren består av 22 500 personar, vil dette likevel ikkje verke inn på feilmarginen. Feilmarginen er difor for høg til at vi kan trekke slutningar, men den er tilstrekkeleg til å avdekke trendar.

2. Kven er respondentane?

2.1 Kjønn

Dei 20 respondentane innanfor skule- og undervisningssektoren består av 30 % menn (6) og 70 % kvinner (14). Dette er eit vesentleg avvik frå kjønnsfordelinga på 48 % menn og 52 % kvinner i spørjeundersøkinga samla sett.

Skule- og undervisningssektoren er kvinnedominert. Vi har ikkje klart å finne kjønnsfordelinga i sektoren samla, men tala for grunnskule og vidaregåande skule syner at det 30,1 % er menn og 69,9 er kvinner i undervisningsstillingar. Dette er samanfallande med kjønnsfordelinga i vårt utval.




2.2 Alder

Det er en betydeleg lågare prosentdel respondentar i aldersgruppene under 30 år i skule- og undervisningssektoren enn i sektorane samla, medan det i aldersgruppene frå 31 til 45 år er ein betydeleg høgare prosentdel respondentar.


Totalt 15 % av respondentane skule- og undervisningssektoren er under 30 år, medan ein finn 37 % i desse aldersgruppene i det samla talet respondentar frå alle sektorar.

50 % av respondentane i skule- og undervisningssektoren er i aldersgruppene frå 31 til 45 år, medan det er 34 % i desse aldersgruppene i det samla talet respondentar.



2.3 Sivilstatus


Det er ein noko høgare prosentdel gifte eller sambuande i skule- og undervisningssektoren, enn i undersøkinga samla sett. Den prosentvise fordelinga av sivilstatus er samanfallande med aldersfordelinga i sektoren. Årsakssamanhengen støttast av kunnskapen om at prosentdelen av gifte og sambuande aukar med alder.



2.4 Barn


Det er ein betydeleg større del av respondentane i skule- og undervisningssektoren som har barn enn i undersøkinga samla sett. 80 % av respondentane i skule- og undervisningssektoren har barn, mot 49 % av det totale talet respondentar.

Dette heng naturleg saman med aldersfordelinga og talet respondentar som er gift eller sambuande i sektoren.



2.5 Fylke


Fylkestilhørarsle for respondentane i skule- og undervisningssektoren syner at det er 9 prosentpoeng færre respondentar frå Agder og 11 prosentpoeng fleire frå Rogaland enn i det samla respondentutvalet. Utover dette ligg avvika frå 1 til 5 prosentpoeng. Det er ingen respondentar frå Østfold i sektoren.



2.6 Innbyggjartal bustadkommune

Innanfor skule- og undervisningssektoren kjem 60 % av respondentane frå kommunar med over 30 000 innbyggjarar. Dette er 5 prosentpoeng lågare enn snittet i undersøkinga.

35 % av respondentane i skule- og undervisningssektoren kjem frå kommunar med mellom 5 000 og 30 000 innbyggjarar, medan det er 25 % av det samla talet respondentar som kjem frå ein slik kommune.




2.7 Utdanning

Innanfor skule- og undervisningssektoren har 35 % av respondentane mastergrad som høgste utdanning. Dette er 8 prosentpoeng høgare enn i undersøkinga samla sett.


30 % av respondentane i sektoren har ein bachelorgrad som høgste utdanning. Dette er 7 prosentpoeng lågare enn snittet i undersøkinga.

Fordelinga mellom høgskule/universitetsutdanning og lågare utdanning er samanfallande med snittet i undersøkinga.



3. Kva skil dei som er positive frå dei som er negative?

På spørsmålet om kor sannsynleg det er at dei vil flytte for å ta ein jobb dersom arbeidsvilkåra er gode og jobben spanande, er det totalt 8 respondentar som svarar at det er «ganske sannsynleg» eller «svært sannsynleg», medan det er 12 respondentar som svarar at det er «ikkje sannsynleg» eller «mindre sannsynleg». I det følgjande søker vi å finne kva som kjenneteiknar dei to gruppene». Dei to gruppene vert omtalt som «positiv» og «negativ»



40 % av respondentane i skole- og undervisningssektoren er positive til å flytte. Delen positive respondentar er med det 18 prosentpoeng mindre enn i undersøkinga samla sett.

3.1 Kjønn

- +** Gruppa består av 4 kvinner og 4 menn.
- Gruppa består av 10 kvinner og 2 menn.
- =** Dette utgjør eit vesentleg avvik. 66 % av dei mannlege respondentane er i den positive gruppa, medan 72 % av dei kvinnelege respondentane er i den negative gruppa.

3.2 Alder

- +** Gruppa består av 5 respondentar over 30 år og 3 respondentar under 30 år.
- Gruppa består av 12 respondentar over 30 år og 0 respondentar under 30 år.
- =** Dette utgjør eit vesentleg avvik. Alle respondentane under 30 år er positive, medan det berre er 29 % av dei over 30 år.

3.3 Sivilstatus

- +** Gruppa består av 3 gifte eller sambuande respondentar og 5 single respondentar.
- Gruppa består av 10 gifte eller sambuande respondentar og 2 single respondentar.
- =** Dette utgjør eit vesentleg avvik. 71 % av dei single respondentane er i den positive gruppa, medan 77 % av dei gifte eller sambuande respondentane er i den negative gruppa.

3.4 Barn

- +** Gruppa har 2 respondentar med barn over 15 år, 3 respondentar med barn under 15 år og 3 respondentar som ikkje har barn.
- Gruppa består av 5 respondentar med barn over 15 år, 6 respondentar med barn under 15 år og 1 respondentar som ikkje har barn.
- =** Dette utgjør eit vesentleg avvik. Den positive gruppa har ein betydeleg større del respondentar som ikkje har barn.

3.5 Fylke

- +** Gruppa består av 3 respondentar frå Oslo og Akershus, 2 respondentar frå Vestfold og Telemark, 1 respondent frå Agder, 1 respondent frå «andre fylker», og 1 respondent frå Rogaland.
- Gruppa består av 5 respondentar frå Rogaland, 2 respondentar frå Oslo og Akershus, 2 frå Vestfold og Telemark, 2 respondentar frå Vestland og 1 respondent frå Agder.
- =** Respondentanes fylkestilhøyrse syner at 55 % av dei totalt 11 respondentane frå dei tre fylka Oslo og Akershus, Vestfold og Telemark, og Agder er i den positive gruppa, medan 83 % av dei 6 respondentane frå Rogaland er i den negative gruppa.

3.6 Innbyggjartal bustadkommune

- +** Gruppa består av 2 respondentar frå kommunar med over 30 000 innbyggjarar, 3 respondentar frå kommunar med mellom 10 og 30 000 innbyggjarar, og 3 respondentar frå kommunar med under 10 000 innbyggjarar.
- Gruppa består av 10 respondentar frå kommunar med over 30 000 innbyggjarar, 1 respondent frå kommunar med mellom 10 og 30 000 innbyggjarar og 1 respondent frå kommunar med under 10 000 innbyggjarar.
- =** Dette utgjer eit vesentleg avvik. I den positive gruppa kjem 25 % frå ein kommune med over 30 000 innbyggjarar. I den negative gruppa kjem 83 % frå ein slik kommune. 83 % av respondentane som kjem frå ein kommune med over 30 000 innbyggjarar er i den negative gruppa, medan 75 % av dei som kjem frå ein kommune med under 30 000 innbyggjarar er i den positive gruppa.


3.7 Utdanning

- +** Gruppa består av 1 respondent med grunnskule, 4 respondentar med yrkesskule/vidaregåande skule, 2 med bachelorgrad og 1 med mastergrad.
- Gruppa består av 1 respondent med grunnskule, 1 respondent med yrkesskule/vidaregåande skule, 4 med bachelorgrad og 6 med mastergrad.
- =** Dette utgjer eit vesentleg avvik. 71 % av totalt 7 respondentar med grunnskule eller yrkesskule/vidaregåande skule som høgste utdanning er i den positive gruppa. 77 % av dei totalt 13 respondentane med bachelorgrad eller mastergrad er i den negative gruppa.

4. Kva er viktig for respondentane når dei skal søkje jobb?

I spørjeundersøkinga søkte vi å finne svar på kva for tilhøve ved arbeidsplassen som er viktigast når respondentane skal søkje jobb. Det vart satt opp ein rekke kvalitetar knytt til arbeidsplassen som respondentane avgjorde tydinga av gjennom å nytte talgradering 1-5, der 1 er «ikkje viktig» og 5 er «veldig viktig».

Tabellen under syner korleis den positive og den negative gruppa vurderte dei ulike kvalitetane. Sjølv om det generelt ikkje er stor ulikskap mellom dei to gruppene, kan ein sjå eit mønster. Skule og undervisningssektoren skil seg frå dei andre sektorane ved at dei fleste kvalitetane er noko viktigare for gruppa som er negativ, enn dei er for gruppa som er positiv.



Den einaste kvaliteten som skårar høgare i den positive gruppa er «bustad for tilsette».. Kvalitetar som «stort fagmiljø», «innovasjon og nyskaping» og «gode vilkår for vidareutdanning» skårar markert høgare hjå den negative gruppa. Det kan difor synst som at negative gruppa generelt er meir oppteken av «faglege» kvalitetar ved arbeidsplassen enn den positive. Samstundes verdsett dei og «vilkårskvalitetar» som «gode pensjonsordningar», «lønsnivå» og «moglegheiter for karriere» høgare enn den positive.

Det avvikande resultatet i skule- og utdanningssektoren kan ha ein samanheng med utdanningsnivået i den positive og negative gruppa. 77 % av respondentane i sektoren som har utdanning på bachelorgrad- eller mastergradnivå er i den negative gruppa.

Dei to kvalitetane som skårar høgast samla i sektorutvalet er «lønsnivå» og «trygg jobb». Både desse kvalitetane skårar høgare hos den negative gruppa i skule- og undervisningssektoren enn hos snittet av respondentar i undersøkinga. Snittskår i undersøkinga samla sett er 4,2 for «lønsnivå» og 4,4 for «trygg jobb». Den negative gruppa i skule- og undervisningssektoren skårar dei to kvalitetane med 4,6, medan den positive gruppa skårar dei med 4,1 og 4,4.

5. Kva er viktig for respondentane når dei skal velje stad å flytte?

For å finne ut av kva som er viktig for respondentane når dei skal velje stad å flytte til satt vi opp ein rekke stadskvalitetar som respondentane avgjorde tydinga av gjennom å nytte talgradering 1-5 der 1 er «ikkje viktig» og 5 er «veldig viktig».

Tabellen under syner korleis den positive og den negative gruppa vurderte dei ulike kvalitetane. Mønsteret som vi så på det førre punktet teiknar seg her og. Det er ikkje store skilnader, men respondentane i den positive gruppa er generelt meir opptekne av stadskvalitetar.

Den positive gruppa skårar betydeleg høgare på kvalitetar som «pulserande byliv», «idretts- og treningstilbod», «kulturtilbod» og «butikkar og serveringsstader» enn den negative gruppa.


Kvalitetane som skårar klart høgast er «butikkar og serveringsstader» og «kulturtilbod». Snittskår i undersøkinga samla sett for «butikkar og serveringsstader» er 3,5. Den negative gruppa i skule- og undervisningssektoren skårar denne kvaliteten med 3,8, medan den positive gruppa skårar den med heile 4,8.

Snittskår i undersøkinga samla sett for «kulturtilbod» er 3,4. Den negative gruppa i skule- og undervisningssektoren skårar denne kvaliteten med 3,3, medan den positive gruppa skårar den med 4,5.

Den positive gruppa skårar «pulserande byliv» med 3,6, medan den negative gruppa skårar denne kvaliteten med 2,7. Kvaliteten «roleg bygdeliv» skårar 2,6 i den positive gruppa og 3,3 i den negative gruppa.

Det er ein klar trend som gjer at vi kan seie at den positive gruppa preferer storkommunekvalitetar framfor småkommunekvalitetar i mykje større grad enn både den negative gruppa og snittet i undersøkinga.

Eit anna viktig funn er at den positive gruppa skårar kvalitetar som «gode helse og omsorgstenester» og «gode skuler og barnehagar» noko høgare enn snittet i undersøkinga, sjølv om skåren ligg lågare enn den negative gruppa.




Vi spurte også respondentane om kva for kvalitetar ved kommunen som positivt vil påverke valet om å flytte til ein stad dersom dei skal flytte for å begynne i ny jobb. Respondentane kunne markere fleire kvalitetar.

Den noko paradoksale trenden frå dei førre undersøkingssområda held fram. Den negative gruppa er generelt meir opptekne av «mjuke» kvalitetar som gratis barnehage og SFO.

Kvaliteten «ingen eigedomsskatt» er den einaste som skårar høgare hos den positive gruppa, der 50 % meiner at dette er ein faktor som positivt vil påverke valet om å flytte til ein stad dersom dei skal flytte for å begynne i ny jobb.


Både gruppene er einige om at kvaliteten «god kommuneøkonomi» er den viktigaste. 75 % prosent av respondentane i gruppene har kryssa av for at denne kvaliteten.



6. Kva er viktigast – jobben eller staden?

Respondentane vart spurde om det er tilhøva knytt til jobben eller staden som er viktigast når dei skal avgjere om dei skal flytte for å begynne i ny jobb. Dette spørsmålet gjev oss indikasjonar knytt til val av fokusområde når vi skal rekruttere. Samstundes er det ikkje slik at sjølv om den eine faktoren vert vurdert som viktigare, at den andre er uviktig.

Dette spørsmålet avdekkjer at både gruppene er einige i dette spørsmålet. 75 % av respondentane har kryssa av det er tilhøva knytt til jobben som er viktigast.



7. Personas

7.1 Positiv personas – høgt utdanningsnivå



Kjønn: Mann
Alder: 36-50 år
Fylke: Ingen klar markør
Kommunestørrelse: Mellom 10 000 og 30 000 innbyggjarar
Sivilstand: Gift/sambuar
Barn: Ja
Utdanningsnivå: Bachelorgrad eller mastergrad

Viktige faktorar for val av jobb:

Han er spesielt oppteken av sjølvstendig arbeid, høgt lønsnivå, gode pensjonsordningar, moglegheit for fleksitid eller heimekontor og ein trygg jobb hos ein solid arbeidsgjevar.

Viktige faktorar for val av stad å flytte til:

Staden han skal flytte til bør ha moderate bustadprisar, gode tilhøve for natur og friluftsliv, gode kulturtilbod og stort utval av butikkar og serveringsstader. Han synast at ein pulserande storby er noko meir forlokkande en eit fredeleg bygdeliv.

God kommuneøkonomi og gratis SFO er dei viktigaste faktorane som positiv kan påverke avgjerla om å flytte til ein kommune.

Kva er viktigast – jobben eller staden?

Jobben er definitivt det viktigaste.

Kor sannsynleg er det at han vil flytte dersom jobben er spanande og vilkåra gode?

Det er i det heile ganske sannsynleg at han vil flytte.

Kva tenker han om Valle og Bykle kommunar?

Han kjenner til kommunane, men er noko under gjennomsnittleg positiv til å flytte til ein av dei ($2,9 < 3,1$).

7.2 Positiv personas – lågt utdanningsnivå



Kjønn: Kvinne
Alder: 25-40 år
Bustad: Vestfold og Telemark eller Oslo og Akershus
Kommunestørrelse: Mellom 5 og 30 000 innbyggjarar
Sivilstand: Singel
Barn: Nei
Utdanningsnivå: Yrkesskule

Viktige faktorar for val av jobb:

Hun er spesielt oppteken av høg løn og ein trygg jobb hos ein solid arbeidsgjevar med godt omdøme.

Viktige faktorar for val av stad å flytte til:

Staden hun skal flytte til bør ha eit stort utval butikkar og serveringsstader, gode helse- og omsorgstenester, eit godt kulturtilbod og gode idretts- og treningstilbod. Hun synast at ein pulserande storby er mykje meir forlokkande enn eit fredeleg bygdeliv.

God kommuneøkonomi vil positivt påverke avgjerla om å flytte til kommunen.

Kva er viktigast; jobben eller staden?

Jobben er definitivt det viktigaste.

Kor sannsynleg er det at hun vil flytte dersom jobben er spanande og vilkåra gode?

Det er i det heile svært sannsynleg at hun vil flytte.

Kva tenker hun om Valle og Bykle kommunar?

Hun kjenner ikkje til kommunane, og er under snittet positiv til å flytte til ein av dei (2,8 < 3,1).

5. Delrapport for industri, produksjon og kraft

1. Innleiing

Totalt 32 respondentar i spørjeundersøkinga har kryssa av for at dei jobbar innanfor industri-, produksjon- og kraftsektoren. Det er 8,14 % av det samla talet respondentar i undersøkinga.

I Noreg er det om lag 220 000 menneske som jobbar innanfor sektoren. Dersom ein legg til grunn ein konfidensintervall på 95 % vert feilmarginen for gjennomsnittsberekningar i undersøkinga 17 %.

Samstundes er det slik at undersøkinga er retta mot ei gruppe innanfor sektoren som er aktuelle for jobbytte. Dette gjer at resultata i undersøkinga ikkje er uttrykk for sektoren som eit heile, men berre for den spesifikke gruppa innanfor sektoren undersøkinga er retta mot.


Dersom ein til dømes legg til grunn at utvalspopulasjonen av dei som er aktuelle for jobbytte innanfor industri-, produksjon- og kraftsektoren består av 22 000 personar, vil dette likevel ikkje verke inn på feilmarginen. Feilmarginen er difor for høg til at vi kan trekke slutningar, men den er tilstrekkeleg til å avdekke trendar.

2. Kven er respondentane?

2.1 Kjønn

Dei 32 respondentane innanfor industri-, produksjon- og kraftsektoren består av 78 % menn (25) og 22 % kvinner (7). Dette er eit vesentleg avvik frå kjønnsfordelinga på 48 % menn og 52 % kvinner i spørjeundersøkinga samla sett.

Industri-, produksjon- og kraftsektoren er mannsdominert. Vi har ikkje klart å finne kjønnsfordelinga i sektoren samla, men tala for norske industriverksemder syner at det i 2021, uavhengig stilling og arbeidsoppgåve, var 75,8 % menn og 24,2 % kvinner tilsett totalt. Dette er samanfallande med kjønnsfordelinga i vårt utval.




2.2 Alder

Det er en betydeleg lågare prosentdel respondentar i aldersgruppene under 30 år i industri-, produksjon- og kraftsektoren enn i sektorane samla, medan det i aldersgruppene frå 31 til 45 år er ein betydeleg høgare prosentdel respondentar.


Totalt 28 % av respondentane industri-, produksjon- og kraftsektoren er under 30 år, medan ein finn 37 % i desse aldersgruppene i alle sektorane samla.

53 % av respondentane i industri-, produksjon- og kraftsektoren er i aldersgruppene frå 31 til 45 år, medan det i det samla talet respondentar er 34 % i desse aldersgruppene.



2.3 Sivilstatus


Det er ein noko høgare prosentdel gifte eller sambuande i industri-, produksjon- og kraftsektoren, enn i undersøkinga samla sett. Den prosentvise fordelinga av sivilstatus er samanfallande med aldersfordelinga i sektoren. Årsakssamanhengen støttast av kunnskapen om at prosentdelen av gifte og sambuande aukar med alder.



2.4 Barn


Det er ein noko mindre del av respondentane i industri-, produksjon- og kraftsektoren som har barn enn i undersøkinga samla sett. 47 % av respondentane i sektoren har barn mot 49 % av det totale talet respondentar.

Dette avviker noko frå aldersfordelinga og talet respondentar som er gift eller sambuande i sektoren.



2.5 Fylke


Fylkestilhøyrsløse for respondentane i industri-, produksjon- og kraftsektoren syner at det er lik prosentdel respondentar frå Agder som i det samla respondentutvalet. Utover dette ligg avvika frå 4 til 7 prosentpoeng. Det er ingen respondentar frå Østfold i sektoren.



2.6 Innbyggjartal bustadkommune

Innanfor industri-, produksjon- og kraftsektoren kjem 53 % av respondentane frå kommunar med over 30 000 innbyggjarar. Dette er 12 prosentpoeng lågare enn snittet i undersøkinga.


34 % av respondentane i industri-, produksjon- og kraftsektoren kjem frå kommunar med frå under 2 000 og opp til 20 000 innbyggjarar, medan det er 24 % av det samla talet respondentar som kjem frå ein slik kommune.



2.7 Utdanning


Innanfor industri-, produksjon- og kraftsektoren har 44 % av respondentane yrkesskule eller vidaregåande skule som høgste utdanning. Dette er 12 prosentpoeng meir enn i undersøkinga samla sett.

53 % av respondentane i sektoren har ein bachelorgrad eller mastergrad som høgste utdanning. Dette er 11 prosentpoeng mindre enn snittet i undersøkinga. Respondentane frå industri-, produksjon- og kraftsektoren har med andre ord eit lågare utdanningsnivå enn snittet i undersøkinga.



3. Kva skil dei som er positive frå dei som er negative?

På spørsmålet om kor sannsynleg det er at dei vil flytte for å ta ein jobb dersom arbeidsvilkåra er gode og jobben spanande, er det totalt 21 respondentar som svarar at det er «ganske sannsynleg» eller «svært sannsynleg», medan det er 11 respondentar som svarar at det er «ikkje sannsynleg» eller «mindre sannsynleg». I det følgjande søker vi å finne kva som kjenneteiknar dei to gruppene». Dei to gruppene vert omtalt som «positiv» og «negativ»



66 % av respondentane i industri-, produksjon- og kraftsektoren er positive til å flytte. Delen positive respondentar er med det 8 prosentpoeng større enn i undersøkinga samla sett.

3.1 Kjønn

- +** Gruppa består av 3 kvinner og 18 menn.
- Gruppa består av 4 kvinner og 7 menn.
- =** Dette utgjer eit vesentleg avvik. 72% av dei mannlege respondentane er positive, medan det berre 43 % av dei kvinnelege respondentane er positive.

3.2 Alder

- +** Gruppa består av 2 respondentar over 45 år, 13 respondentar mellom 30 og 45 år og 6 respondentar under 30 år.
- Gruppa består av 4 respondentar over 45 år, 4 respondentar mellom 30 og 45 år og 3 respondentar under 30 år
- =** Dette utgjer eit vesentleg avvik. 33 % av respondentane over 45 år er positive, medan heile 77 % av respondentane mellom 30 og 45 år og 67 % av respondentane under 30 år er positive.

3.3 Sivilstatus

- +** Gruppa består av 13 gifte eller sambuande respondentar og 8 single respondentar.
- Gruppa består av 8 gifte eller sambuande respondentar og 3 single respondentar.
- =** 73 % av dei single og 62 % av dei gifte eller sambuande respondentane er i den positive gruppa.

3.4 Barn

- +** Gruppa har 3 respondentar med barn over 15 år, 6 respondentar med barn under 15 år og 12 respondentar som ikkje har barn.
- Gruppa består av 1 respondent med barn over 15 år, 5 respondentar med barn under 15 år og 5 respondentar som ikkje har barn.
- =** Dette utgjer eit vesentleg avvik. Den positive gruppa har ein betydeleg større del respondentar som ikkje har barn.

3.5 Fylke

- +** Gruppa består av 5 respondentar frå Oslo og Akershus, 5 respondentar frå Vestfold og Telemark, 5 respondentar frå Agder, 3 respondentar frå Vestland og 3 respondentar frå Rogaland.
- Gruppa består av, 4 respondentar frå Oslo og Akershus, 3 respondentar frå Vestland, 1 frå Vestfold og Telemark, 1 respondent frå Rogaland, 1 respondent frå Agder og 1 respondent frå Østfold.
- =** Respondentanes fylkestilhøyrse syner at 83 % av dei totalt 12 respondentane frå Agder og Vestfold og Telemark er i den positive gruppa.

3.6 Innbyggjartal bustadkommune

- +** Gruppa består av 9 respondentar frå kommunar med over 30 000 innbyggjarar, 5 respondentar frå kommunar med mellom 10 og 30 000 innbyggjarar, og 7 respondentar frå kommunar med under 10 000 innbyggjarar.

- Gruppa består av 8 respondentar frå kommunar med over 30 000 innbyggjarar, 3 respondentar frå kommunar med mellom 10 og 30 000 innbyggjarar og 1 ingen respondentar frå kommunar med under 10 000 innbyggjarar.
- = Dette utgjer eit vesentleg avvik. Alle respondentane frå ein kommune med under 10 000 innbyggjarar er i den positive gruppa.

3.7 Utdanning


- + Gruppa består av 1 respondent med grunnskule, 8 respondentar med yrkesskule/vidaregåande skule, 5 med bachelorgrad og 7 med mastergrad.
- Gruppa består av 6 respondentar med yrkesskule/vidaregåande skule, 3 med bachelorgrad og 2 med mastergrad.
- = Dette utgjer eit vesentleg avvik. 78 % av totalt 9 respondentar med mastergrad som høgste utdanning er i den positive gruppa.

4. Kva er viktig for respondentane når dei skal søkje jobb?

I spørjeundersøkinga søkte vi å finne svar på kva for tilhøve ved arbeidsplassen som er viktigast når respondentane skal søkje jobb. Det vart satt opp ein rekke kvalitetar knytt til arbeidsplassen som respondentane avgjorde tydinga av gjennom å nytte talgradering 1-5, der 1 er «ikkje viktig» og 5 er «veldig viktig».

Tabellen under syner korleis den positive og den negative gruppa vurderte dei ulike kvalitetane. Svara frå dei to gruppene danner eit tydeleg mønster. Dei alle fleste kvalitetane er betydeleg meir viktig for gruppa som er positiv enn dei er for gruppa som er negativ. Den einaste kvaliteten som skårar høgare i den negative gruppa er «fleksitid og heimekontor».

Kvaliteten som skil seg mest ut er «innovasjon og nyskaping». Denne kvaliteten skårar 3,3 frå den negative gruppa, medan den positive gruppa skårar den med heile 4,2. Den gjennomsnittlege skåren i undersøkinga er på 3,7. Ein kan difor med tryggleik hevde at den positive gruppa i industri-, produksjon- og kraftsektoren er langt over gjennomsnittleg oppteken av denne faktoren.



Dei tre kvalitetane som skårar høgast samla i sektorutvalet er «lønsnivå», «trygg jobb» og «moglegheiter for karriere». Alle desse kvalitetane skårar høgare hos den positive gruppa i industri-, produksjon- og kraftsektoren enn hos snittet av respondentar i undersøkinga.

Snittskår i undersøkinga er samla sett 4,2 for «lønsnivå», 4,4 for «trygg jobb» og 4,1 for «moglegheiter for karriere». Den negative gruppa i industri-, produksjon- og kraftsektoren skårar dei tre kvalitetane med 4 for «lønsnivå», 4,2 for «trygg jobb» og 4 for «moglegheiter for karriere», medan den positive gruppa skårar dei med 4,3, 4,6 og 4,3.

5. Kva er viktig for respondentane når dei skal velje stad å flytte?

For å finne ut av kva som er viktig for respondentane når dei skal velje stad å flytte til satt vi opp ein rekke stadskvalitetar som respondentane avgjorde tydinga av gjennom å nytte talgradering 1-5 der 1 er «ikkje viktig» og 5 er «veldig viktig».

Tabellen under syner korleis den positive og den negative gruppa vurderte dei ulike kvalitetane.

Den positive gruppa skårar generelt lågare på alle kvalitetar enn den negative gruppa. Dette mønsteret skil seg frå snittet i undersøkinga og frå dei tre andre sektorane som er analysert i denne rapporten. Den einaste faktoren som den positive gruppa skårar høgare enn den negative gruppa er «idretts- og treningstilbod». Denne kvaliteten skårar 3,2 frå den positive gruppa, medan den negative gruppa skårar den med 2,7.


Ikkje berre gjev den positive gruppa kvalitetane lågare skår enn den negative gruppa, men det er og lågare enn snittet i undersøkinga. Dei einaste to kvalitetane som den positive gruppa skårar høgare enn gjennomsnittet i undersøkinga er «gode helse- og

omsorgstilbod» og «eit fredeleg bygdeliv». Den positive gruppa skårar desse kvalitetane 3,4 og 3, medan gjennomsnittet i undersøkinga er på 3 og 2,9.

Kvalitetane som skårar klart høgast innanfor sektoren er «moderate bustadprisar» og «natur- og friluftsliv».

Snittskår i undersøkinga samla sett for «moderate bustadprisar» er 3,8. Den negative gruppa skårar denne kvaliteten med 4, medan den positive gruppa skårar den med 3,5.


Kvaliteten «natur- og friluftsliv» har ein snittskår på 3,5. Den negative gruppa skårar denne kvaliteten med 4, medan den positive gruppa skårar den med 3,4.



Vi spurte også respondentane om kva for kvalitetar ved kommunen som positivt vil påverke valet om å flytte til ein stad dersom dei skal flytte for å begynne i ny jobb. Respondentane kunne markere fleire kvalitetar.

Den positive gruppa skårar alle kvalitetane vesentleg høgare enn den negative gruppa. 80 % av respondentane i den positive gruppa meiner at «god kommuneøkonomi» positivt vil påverke valet om å flytte til ein stad for å begynne i ny jobb. Det er berre 36 % i den negative gruppa som meiner det same.


Skilnaden mellom den positive og negative gruppa er på alle indikatorar betydeleg større enn i undersøkinga samla sett.



6. Kva er viktigast – jobben eller staden?

Respondentane vart spurde om det er tilhøva knytt til jobben eller staden som er viktigast når dei skal avgjere om dei skal flytte for å begynne i ny jobb. Dette spørsmålet gjev oss indikasjonar knytt til val av fokusområde når vi skal rekruttere. Samstundes er det ikkje slik at sjølv om den eine faktoren vert vurdert som viktigare, at den andre er uviktig.

Dette spørsmålet avdekkjer at det er ein noko større del av respondentane i den positive gruppa som meiner at tilhøva knytt til staden er viktigare enn tilhøva knytt til jobben.



7. Personas

7.1 Positiv personas – høgt utdanningsnivå



Kjønn: Mann
Alder: 26-45 år
Fylke: Agder, Rogaland og Oslo og Akershus
Kommunestørrelse: Mellom 10 000 og 30 000 innbyggjarar
Sivilstand: Singel
Barn: Nei
Utdanningsnivå: Bachelorgrad eller mastergrad

Viktige faktorar for val av jobb:

Han er spesielt oppteken av stort fagmiljø, gode moglegheiter for vidareutdanning, høgt lønsnivå, gode pensjonsordningar og ein trygg jobb hos ein solid arbeidsgjevar.

Viktige faktorar for val av stad å flytte til:

Staden han skal flytte til bør ha gode tilhøve for natur og friluftsliv, eit godt utval av organiserte idretts- og treningstilbod og moderate bustadprisar. Han synast at eit fredeleg bygdeliv er langt meir forlokkande enn ein pulserande storby.

Tilskot til å bygge bustad, subsidierte tomter, ingen eigedomsskatt og god kommuneøkonomi er dei viktigaste faktorane som positiv kan påverke avgjersla om å flytte til ein kommune.

Kva er viktigast – jobben eller staden?

Jobben er definitivt det viktigaste.

Kor sannsynleg er det at han vil flytte dersom jobben er spanande og vilkåra gode?

Det er i det heile ganske sannsynleg at han vil flytte.

Kva tenker han om Valle og Bykle kommunar?

Han kjenner til kommunane i nokon grad, og er godt over gjennomsnittleg positiv til å flytte til ein av dei ($3,7 > 3,1$).

7.2 Positiv personas – lågt utdanningsnivå



Kjønn: Mann
Alder: 25-50 år
Bustad: Vestfold og Telemark, Vestland og Agder
Kommunestørrelse: Mellom 5 og 30 000 innbyggjarar
Sivilstand: Gift/sambuar
Barn: I alderen 0-15 år
Utdanningsnivå: Yrkesskule

Viktige faktorar for val av jobb:

Han er spesielt oppteken av høg løn, gode pensjonsordningar, innovasjons- og utviklingsarbeid og ein trygg jobb hos ein solid arbeidsgjevar med godt omdøme.

Viktige faktorar for val av stad å flytte til:

Staden han skal flytte til bør ha eit stort utval butikkar og serveringsstader, gode helse- og omsorgstenester, moderate bustadprisar og gode tilhøve for natur og friluftsliv. Han synast at ein pulserande storby er like forlokkande som eit fredeleg bygdeliv.

Tilskot til å bygge bustad, gratis SFO, ingen eigedomsskatt og god kommuneøkonomi er dei viktigaste faktorane som positiv kan påverke avgjerla om å flytte til ein kommune.

Kva er viktigast; jobben eller staden?

Forhold knytt til jobben og staden er like viktige.

Kor sannsynleg er det at han vil flytte dersom jobben er spanande og vilkåra gode?

Det er i det heile svært sannsynleg at han vil flytte.

Kva tenker han om Valle og Bykle kommunar?

Han kjenner til kommunane, er godt over snittet positiv til å flytte til ein av dei (3,7 > 3,1). Det er likevel større sjans for at han flyttar til Valle (3,8) enn til Bykle (3,6).



Saksmappe: 2024/74
Sakshandsamar: IOF
Dato: 07.10.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
81/25	Formannskap	14.10.2025

NMSK-tilskott - Trydalsheii snuplass

Kommunedirektørens si tilråding

Med heimel i *Forskrift om tilskot til nærings og miljøtiltak i skogbruket* § 5 og skogbrukslova § 19 gis det tilsegn om 40 % i tilskott av kostnader, inntil kr 99 000 til Trydalsheiiwegen - snuplass. Skogdelen i veganlegget er sett til 100 %.

Vilkår jf. *Forskrift om tilskot til nærings og miljøtiltak i skogbruket* §§ 3, 5, 12 og 13

- Byggjefrist 17.09.2026.
- Vegen byggast i samsvar med normalar for landbruksvegar med byggjeforklaring i vegklasse 3, og vilkår gjeven i delegert vedtak 131/25.
- Vegen blir halden i den standard den blir bygd i minst 25 år.
- Vegen skal vere ferdig godkjent før utbetaling av tilskot.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Sigmund A. Trydal har fått løyve og godkjent snu- og velteplassområde for tømmerbil. Bykle kommune har fått overført statlege midlar, NMSK-veg, som etter søknad kan nyttast til tilskott til landbruksveg med skogformål. Kommunedirektøren innstiller på å gi 40 % tilskott ut frå skogressursar i området og vegklassa til vegen.

Bakgrunn for saka

Sigmund A. Trydal har i administrativt vedtak fått løyve til å byggje Trydalsheivegen - snuplass i vegklasse 3. Han søkar no om tilskot til veganlegget.

Formelt grunnlag

- Forskrift om tilskot til nærings og miljøtiltak i skogbruket av 4. februar 2004 nr. 449
- Lov om skogbruk (skogbrukslova) av 27. mai 2005 nr.31
- Retningslinjer for handsaming av søknadar om tilskot til bygging av skogsvegar i Bykle, Valle Bygland, Evje og Hornnes og Iveland.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Bykle kommune har i delegert vedtak 131/25, datert 01.03.25 gjeve løyve til opparbeiding av snu- og velteplass i vegklasse 3. Planlagt veg har utgangspunkt i frå Trydalsheivegen. Planlagt veg vil ha dekningsområde for del av gbnr. 17/2. Lengde på vegen er om lag 150 m inkludert vendehammar.

Trydalsheivegen - snuplass er naudsynt for effektiv inn- og uttransport av tømmer. Snuplassen vart fyrst prosjektert lengre opp langs heivegen av vegplanleggar. Her var det ein del stigningsproblematikk og vegen kunne då kunn nyttast på barmark. Etter nærare vurderingar vart tiltaket planlagt lengre ned. Her er terrenget flatare. Kommunen har heile tida vore i dialog med søkar vedrørande plassering av snuplass. Dagens plassering gjer at ein kan godkjenne vegen som heilårsveg i vegklasse 3.

Bykle kommune har i sak 44/25 gjeve tilsegn om 20 % kommunalt tilskott til snuplass og traktorveg vegklasse 8. NMSK-veg tilskottet kjem i tillegg kommunalt tilskott. Det gis ikkje NMSK-tilskott til traktorveg i vegklasse 8. Gode kommunale støtteordningar bør ikkje vere grunnlag for å redusera NMSK-tilskott.

Statleg vegpott, NMSK veg, til Agder er avgrensa. Kommunane må prioritere sterk mellom ulike vegprosjekt. Bykle kommune fekk i utgangspunktet tildelt kr 30 000 til veg frå Statsforvaltaren i Agder. Etter omfordeling av midlar frå Valle og Bygland i haust har kommunen fått tildelt kr 69 000 i ekstra midlar.

Ut frå tømmer volum innan dekningsområdet, tiltakets storleik og vegklasse foreslår kommunedirektøren å gi 40 % i tilskott til veganlegget. Det er skogbrukets behov for snu- og velteplass som utløyser behov for anlegget. Skogdelen for anlegget er ut frå dette sett til 100 % skogbruk. Veganlegget er kalkulert til kr 247 500. Tilskottet blir då kr 99 000.

I forhold til vilkår for løyvet og § 7 i naturmangfaldlova med vurdering av prinsippa i §§ 8-12 syner vi til vurderingane gjort i delegasjonsvedtak 131/25. Det er vår oppfatning at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verknadane på naturmiljøet.

Kontroll og utbetaling

Skogbrukssjefen har sluttsynfara veganlegget og godkjent snuplassen 22. august d.å. Utbetaling av tilskott vil kunne finne stad når rekneskapssamandrag er sendt kommunen.

Kommunen, Statsforvaltaren, Landbruksdirektoratet eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskottet er i tråd med vilkåra. Tilskottet kan krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom det kjem opp forhold som er i strid med føresetnadane for løyving av tilskottet.

Tilhøve til kommuneplanen

Området er regulert til LNFR i kommuneplanen. Landbruksveg vil samsvare med arealformålet for LNRF

Konsekvensar for folkehelse

Ein kan nytte vegen til å krysse Optestøylbekken om ein vel tur på nordsida av bekken.

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Veg og snuplass. Statleg søknad.pdf
- 2 Søknad om tilskott til landbruksveg - vedtak
- 3 Saksframlegg med vedtak
- 4 Svar på søknad om bygging av landbruksveg Øybøvegen, gnr/bnr 17/2

Melding om vedtak blir sendt til:

Sigmund A. Trydal

Krav til planlegging

Kva skal ein byggeplan omfatte:

Stukket senterlinje

Senterlinja til vegen skal vere stukken i marka og dokumentert. Det bør vere sett ut referansepunkt som gjer at senterlinja kan rekonstruerast.

Kart

Vegplasseringa skal visast nøyaktig på eit detaljkart i målestokk 1:10 000 eller større.

Lengdeprofil

Ein byggeplan skal vanlegvis innehalde lengdeprofil, men for vegar utan kritiske stigningsforhold kan det gjerast unntak frå denne føresegna.

Tverrprofilar i masseberekning

Større veganlegg som medfører store masseforflytningar, bør masseberekast, og det bør utarbeidast tverrprofilar. For mindre anlegg kan det gjerast unntak frå dene føresegna.

Arbeidsbeskriving

Det skal lagast ei arbeidsbeskriving. Innhaldet må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og behova for å beskrive ulike forhold på kvart enkelt anlegg.

Mengdeoversikt og kostnadsoverslag

Som grunnlag for kostnadsoverslag og tilbod bør det setjast opp ei mengdeoversikt. Oversikta må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og skjema "Anbud for utførelse av skogsveianlegg" og "Normalkontrakt for utførelse av skogsveianlegg".

Avtalar ved fellestilltak

Når veger bygges som fellestilltak skal det foreligge ein skriftleg avtale mellom deltagarane om fordeling av kostnader og ansvar i samband med gjennomføring av tiltaket. I tillegg skal det settes vilkår for korleis oppfølging og vedlikehald av vegen skal følgjas opp.

Fastsettelse av vilkår

I henhold til § 3, 3. ledd i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, kan det setjast vilkår for utbetaling av tilskot til det enkelte tiltaket. Slike vilkår kan til dømes vere krav om årleg avvirking i dei områda som er innanfor vegens angitte dekningsområde.

Klage, kontroll og omgjeri

Søker er selv ansvarleg for å gjere seg kjend med bestemmingane om klage, kontroll og omgjeri, jf. Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Eit oversiktskart skal vanlegvis ha målestokken 1: 50 000. Dette skal teiknast inn:

1. Skogområdet som veganlegget omfattar, skal teiknast med **heil blå strek**.
2. Heile skogområdet som kan rekne med å få nytte av vegen, skal teiknast med **broten blå strek**.
3. Eldre vegar i eller nær området skal teiknast med **heil svart strek**.
4. Den planlagde vegen skal teiknast med **heil raud strek**.
5. 0-pelen til vegen skal teiknast med teiknet 0.
6. Det planlagde endepunktet på vegen er teinka med teiknet X.



Sigmund Alfson Trydal
Trydalsvegen 56
4754 Bykle

Vår ref.:
2024/74-11

Sakshandsamar:
Inge Olav Fjalestad
inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no

Dato
22.05.2025

Melding om vedtak

Søknad om tilskott til landbruksveg - vedtak

Formannskapet har i møte 13.05.2025 handsama dykkar søknad om tilskott til landbruksveg.

Følgjande vedtak vart fatta:

Det vert gjeve tilsegn om inntil kr 108 845,- i kommunalt jord- og skogbrukstilskot til bygging av skogsbilveg og traktorveg på gnr. 17, bnr. 2. Vedtaket er fatta i medhald av retningslinjer for *Tilskott til jord- og skogbruk, Bykle kommune, KS sak 4/23, den 26.01.2023.*

Vilkår:

- Traktorvegen byggast i samsvar med gjeven løyve i adm. vedtak 131/25, datert 01.03.2025 og adm. vedtak 147/25 datert 05.03.2025
- Frist for ferdigstilling av veganlegg er 01.12.2027.
- Det kan føretakast utbetaling inntil 75 % i samsvar med framlagde rekningar før sluttutbetaling.
- Eige arbeid kan godskrivas med satsane som går fram av tilskottsreglement.
- Tilskott på 20 % utbetalast ut frå faktiske kostnader eksklusiv mva. med ei øvre ramme på kr 108 845.
- Når vegen er ferdig bygd leverast ein oversikt over totale kostnader med kopi av faktura, kvittering for betalte faktura og timeliste for eige arbeid.

Vedtaket kan påklagast til Bykle kommune. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt innafor denne fristen.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket. Oppgjev kva for eitt vedtak det vert klaga på, gjerne med saksnummer, den eller dei endringar De ynskjer, og grunnen til at De meiner klaga må takast til fylgje.

Klaga må vere underskriva.

Med helsing
Bykle kommune

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.

Vedlegg:

1 Saksframlegg med vedtak



Saksmappe: 2024/74
Sakshandsamar: IOF
Dato: 30.04.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
44/25	Formannskap	13.05.2025

Søknad om tilskott til landbruksveg

Kommunedirektørens si tilråding

Det vert gjeve tilsegn om inntil kr 108 845,- i kommunalt jord- og skogbrukstilskot til bygging av skogsbilveg og traktorveg på gnr. 17, bnr. 2. Vedtaket er fatta i medhald av retningsliner for *Tilskott til jord- og skogbruk, Bykle kommune, KS sak 4/23, den 26.01.2023.*

Vilkår:

- Traktorvegen byggast i samsvar med gjeven løyve i adm. vedtak 131/25, datert 01.03.2025 og adm. vedtak 147/25 datert 05.03.2025
- Frist for ferdigstilling av veganlegg er 01.12.2027.
- Det kan føretakast utbetaling inntil 75 % i samsvar med framlagde rekningar før sluttutbetaling.
- Eige arbeid kan godskrivast med satsane som går fram av tilskottsreglement.
- Tilskott på 20 % utbetalast ut frå faktiske kostnader eksklusiv mva. med ei øvre ramme på kr 108 845.

- Når vegen er ferdig bygd leverast ein oversikt over totale kostnadar med kopi av faktura, kvittering for betalte faktura og timeliste for eige arbeid..

Formannskap si handsaming av sak 44/2025 i møte den 13.05.2025:

Handsaming

Sigmund Alfson Trydal vart vurdert ugild til å handsame saka, det var ingen vara

Saka vart drøfta

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

Vedtak

Det vert gjeve tilsegn om inntil kr 108 845,- i kommunalt jord- og skogbrukstilskot til bygging av skogsbilveg og traktorveg på gnr. 17, bnr. 2. Vedtaket er fatta i medhald av retningslinjer for Tilskott til jord- og skogbruk, Bykle kommune, KS sak 4/23, den 26.01.2023.

Vilkår:

-Traktorvegen byggast i samsvar med gjeven løyve i adm. vedtak 131/25, datert 01.03.2025 og adm. vedtak 147/25 datert 05.03.2025

-Frist for ferdigstilling av veganlegg er 01.12.2027.

-Det kan føretakast utbetaling inntil 75 % i samsvar med framlagde rekningar før sluttutbetaling.

-Eige arbeid kan godskrivas med satsane som går fram av tilskottsreglement.

-Tilskott på 20 % utbetalast ut frå faktiske kostnadar eksklusiv mva. med ei øvre ramme på kr 108 845.

-Når vegen er ferdig bygd leverast ein oversikt over totale kostnadar med kopi av faktura, kvittering for betalte faktura og timeliste for eige arbeid..

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Eigar av gnr. 17, bnr. 2 har fått løyve til å byggje skogsbilveg og traktorveg. Kostnaden for bygging av vegane er kalkulert til kr 544 225 utan mva. Kommunedirektøren tilrår å yte tilskot på 20 % av dokumenterte kostnadar med ei øvre ramme på kr 108 845 kr for å styrke næringsgrunnlaget på eigedomen.

Bakgrunn for saka

Eigar av gnr. 17, bnr. 2 har fått løyve til å byggje skogsbilveg i vegklase 3 inkludert snuplass for tømmerbil med hengar (administrativt vedtak 147/25). Ut frå snuplassen er det gjeve løyve til å byggje traktorveg i vegklasse 8 (administrativt vedtak 131/25). Det er sett opp eit kostnadsoverslag på kr 544 225 utan mva. Eigar søker om kommunalt næringstilskott til landbruksvegen på 20 % av kostnadsoverslag.

Formelt grunnlag

Retningsliner for tildeling av næringstilskott innan landbruk er fastsatt i sak 4/23 i kommunestyret 26.01.2023: *Tilskott til jord- og skogbruk, Bykle kommune.*

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Tømmerbilar og maskiner i skogbruket har blitt større for å få til meir rasjonell drift, og det utførast tømmerdrifter heile året. I Bykle vil det ofte vere ein føremon med tømmerdrift på barmark, eller tidleg vinter før det kjem for mykje snø. Veganlegg må difor dimensjonrast med tanke på at ein kan ta ut tømmer heile året. I dette tilfellet har ein landa på å etablere ein kort veg over Optestøylbekken der ein etablerar snuplass og velteplassområde for tømmerbil med hengar. Veganlegget vil kunne nyttast heile året. Ut frå snuplassområde er det planlagt 1165 m med traktorveg. Traktorvegen vil ha den enklaste vegklassa, men delar av trasen vil bli bygd av sprengstein som er krav til traktorveg i høgaste vegklasse. Resterande del av traktorveg vil bli bygd av stadeigne massar i område med morenemasse som vil gi veg som kan nyttast til heilårsdrift.

Formål med skogsbilvegen er sett til 100 % skogbruk, medan traktorvegen har 95 % på skogbruk og 5 % på jordbruk. Grunnlag for 5 % på jordbruk er at vegen kan nyttast til bufeveg opp til eldre busetnad på Øybu.

Bykle kommune kan i høve sine retningsliner gi inntil 20 % tilskott til landbruksvegar. Det er i liknande saker gjeve 20 % tilskott til traktorvegbygging når eigar er busett i kommunen. Skogsbilvegen i vegklasse 3 vil òg kunne gis tilskott av tildelte statlege overførte NMSK-midlar. Praksis for prosjekt i Setesdal dei siste åra er at ein løyver 35 % tilskott til snuplass for tømmerbil. For 2025 har Bykle kommune fått overført kr 30 000 NMSK-midlar til veg. Det er uvist om ein kan få inn ekstra statlege midlar til veg. Det gis ikkje NMSK-tilskott til traktorveg i vegklasse 8.

Skogen i Bykle er dels vanskeleg tilgjengeleg og vegbygging er naudsynt om ein skal få ut tømmer. Mindre ståande volum pr. daa og vanskelegare terreng gjer at skogen i Bykle gir liten netto til skogeigar pga. store driftskostnader. Vesentleg høgare tømmerprisar dei tre seiste åra gjer det meir interessant som skogeigarane å avverke tømmer. Tilskott til vegbygging gjer at skogeigar kan realisere inntekt frå skog som er vanskeleg tilgjengeleg. I dette tilfellet kan vegane løyse ut om lag 1200 m³ med tømmer. Naboeigedom i nord har òg litt skog som kan tas ut på traktorvegen. Det er ikkje inngått samarbeid med nabo. Alternativ er då at ein avtalar ein kubikkmeterpris for å nytte andre sine veganlegg eller kjøper seg inn i veganlegg.

Vegane er vesentleg for å få utnytta noko av den beste skogsmarka på eigedomen og ein vil dermed styrkje næringsgrunnlaget på eigedomen over tid. Tilskott til veganlegg gjer at veganlegg kan bli realisert som planlagt. I dette tilfellet vil ein kunne få teke ut kvalitetstømmer som kan forelast lokalt i Setesdal og dermed skape sysselsetting innan tradisjonsbygg og sagbruksverksemd.

Kommunedirektøren meiner ein bør stø opp om prosjektet med 20 % tilskott som omsøkt. Ein føreslår å gi nokre månadar forlenga frist ut over to år med ferdigstilling av veganlegget, som då vil vere i tråd med løyvet for å byggje vegane.

Tilhøve til kommuneplanen

Veganlegga ligg i LNRF. Uttransport av tømmer med tømmerbil vil kome inn på Optestøylvegen i 150 m. Optestøylvegen ligg inne som sykkelrute i kommuneplanen.

Ruta er ikkje ofte i bruk av sykkellistar. Område er oversiktleg og vegstrekket er kort slik at næringsutøving i landbruket og sykling bør kunne utøvast samtidig.

Konsekvensar for folkehelse

Tømmerbiltransporten vil som nemnt over kome inn på sykkelrute. Skogsbilveg og traktorveg vil ofte vere føretrekte turvegar for turgåarar. Traktorvegen vil kunne bli ei fin rundløype å gå lokalbefolkning og hyttefolk på Trydal

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Søknad kommunalt tilskott (landbruksveg). Bykle kommune.docx
- 2 Svar på søknad om bygging av landbruksveg Øybøvegen, gnr bnr 17 2.pdf
- 3 Svar på søknad om bygging av Optestøyl snu- og velteplass, gnr bnr 17 2.pdf
- 4 Kostnadsoverslag.xlsx
- 5 Uttale til ein del av søknad om bygging av snu- og velteplass og traktorveg, gbnr. 17 2 i Bykle kommune - uttale til strekninga frå vegbom og opp til og med snu- og velteplass (1).pdf

Melding om vedtak blir sendt til:

Petra Marie G. Trydal og Sigmund A. Trydal



Sigmund Alfson Trydal
Trydalsvegen 56
4754 Bykle

Vår ref:
2024/74-8

Sakshandsamar:
Inge Olav Fjalestad
inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no

Dato:
01.03.2025

Administrativt vedtak-Saksnr 131/25

Svar på søknad om bygging av landbruksveg Øybøvegen, gnr/bnr 17/2

Vedtak:

Med heimel i § 7 i Lov om skogbruk og § 3-2, 3-3 og 3-4 i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier blir det gitt løyve til å byggje traktorveg på gbnr. 17/2.

Vilkår for vedtaket er:

- Traktorveg byggjast etter normalvedtektene for landbruksvegar i vegklasse 8 med byggje forklaring og i tråd med veileiar «Skogsveibygging med miljøhensyn», Landbruksdepartementet og veileiar «Skogsveger og skredfare» LD, NVE mfl.
- Veg leggjast i område som går fram av kart i søknaden og saksutgreiing.
- Steinar og stubbar gravast ned og vegskråningane pussast og dekkast med avflekka jordmasser til 0,5 m frå skulder.
- Dersom det ved tiltak i marka blir oppdaga kulturminne eller oldsaker, skal arbeida stansast i den utstrekkinga dei kan røra fornminna eller sikringssona deira på 5 meter. Melding skal i så fall straks sendast Ager fylkeskommune ved avdeling Kulturminnevern og kulturturisme, seksjon for arkeologi.
- Kommunen fører tilsyn med vegarbeidet og skal ha melding om **når arbeidet startar, og ei veke før anlegget er planlagt avslutta.**
- Fristen for når arbeidet skal vere ferdig vert sett til 01.12.2027. Om fristen ikkje vert overhalden fell godkjenninga vekk.


Når det gjeld naturmangfaldsloven sine miljørettslege prinsipp legg ein til grunn dei vurderingane som er gjort under saksutgreiinga. Ut frå ein samla vurdering av området kan ein difor ikkje sjå at vegbygginga vil føre til skade på spesielt verdifulle økosystemet eller arter i området.

Merknad: Ein gjer merksam på at byggherre før oppstart av tiltak jf. byggherreforskriften har ansvar for utarbeiding av plan for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA-plan) før arbeidet startar.

Saksutgreiing: Samandrag

Bakgrunn for saka

Sigmund Trydal har søkt Bygland kommune om å bygge om 1165 m traktorveg til vegklasse 8. Det er òg søkt om snu- og velteplassområde. Denne delen av søknaden vert handsama som eiga sak då dei må skiljast som to sjølvstendige tiltak i landbruksdirektoratet sitt fagsystem.



Oversiktskart som syner omsøkte traktorveggar med raudt.

Formelt grunnlag


- Lov om skogbruk, 27. mai 2005.
- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, 28. mai 2015
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009.
- Forskrift om berekraftig skogbruk, 7. juni 2006
- Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse, Landbruks- og matdepartementet, august 2016.
- Kommuneplan for Bykle kommune.
- Kommunen sitt delegasjonsreglement.

Vurdering og konsekvensar

Skogfagleg

Dekningsareal til traktorvegane utgjer om lag 100 daa produktivt skogareal. Ståande skog er furudominert. Boniteten varierer frå F11 til F14. Ståande volum i området er vurdert til vel 1200 m³.

I søknaden er nyttedelen skogbruk sett til 95 % skogbruk og 5 % jordbruk. Formålet med vegen er uttransport av tømmer og framtidig skjøtsel av skogen. Eigar har òg planar om at busettingsområdet Øybø kan nyttast til beiteområde. Omsøkt veganlegg gjer det mogleg å nytte vegen til å drive dyr fram mot beite og for tilsyn av dyr. Det er under føresetnad om at Agder fylkeskommune meiner det er føremålstenleg med beitedyr. Tilkomst frå omsøkt traktorveg opp til Øybø vert handsama som eigen sak om ein får løyve til veg inn på gamalt busettingsområde.




Kart syner omsøkt traktorvegar markert med raud strek og snuplass markert med blått

Vegen

Planlagt veganlegg vil gå ut frå «heieveg» bygd i samband med kraftverk og utbygging av kraftliner. Eksisterande veg vil vere innanfor vegklasse 3 mot. stigningsforhold og bereevne fram til der ein planlegg å lage snuplass for tømmerbil og velteplassområde. Litt lengre opp vil bilvegen kunn halde vegklasse 4 for så å gå ut over vegklassa pga. stigningsforhold lengre opp.

Omsøkt traktorveg er naudsynt for utak av tømmer i skissert dekningsområde. Traktorveg er planlagt bygd i vegklasse 8 av stadeigne masser. På eit par kortare strekk må ein forvente noko sprengingsarbeid for å kome fram. Snu- og velteplass i nedre del av teigen vil gjere at ein får ei heilskapleg løysing for uttak av tømmer og framtidig skogproduksjon i området.

Vegtrasear er synfara 7. oktober 2024 i lag med søkar, Sigmund Trydal og vegplanleggar Terje Asdal



Kart vedlagt søknaden som syner omsøkte vegar stipla med svart og raudt. Dekningsarealet til omsøkte vegar utgjør mesteparten av bestand 9 og 14

Økonomi


Etter justert trase og vurdering av behov for sprenging er kostnaden på traktorveg vurdert å koste 270 000 kr. Vegen og utbetring av snu- og velteplass er naudsynt for å få ut store delar av tømmer volumet i området. Permanent veg i området vurderast å vere føremålstenleg. Ut frå ståande kubikkmasse i området vil ein kunne forsvare investeringa.

Ras og erosjonsfare

I følge NVE Atlas er det registrert «aktsomhetsområde» for både flom, snø- og jordskred der traktorveg er planlagt. Under synfaring var det ingenting som tyder på at tiltaket kan føre til auka fare for lausmasseskred, erosjon eller liknande. Traktorveg kryssar Optestøylbekken. 400 m lengre opp er det eit bekkeintakt. Minstevassføring er 20 l/s ut av inntaket. Det er planlagt å krysse bekken på elvebotn. I kryssingspunkt må ein steinsette elvebredda og botn slik at ein ikkje får utgraving om bekken skulle gå for fult.

Ut frå tiltakets karakter og synfaring av området vurderar ein at vegen kan byggast i området om ein utfører arbeidet i samsvar med gjevne råd i veileiar «Skogsveger og skredfare» LD, NVE m fl.

<https://publikasjoner.nve.no/diverse/2011/skogsvegskredfare2011.pdf>



«NVE Aktsomhetskart» i område der traktorveg er planlagt.

Miljø

Etter naturmangfoldlova sin § 7 skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Det er ikkje registrert opplysningar om artar eller miljø som må takast spesielle omsyn til i Miljødirektoratet sin naturdatabase, sensitive artsdata, MiS registreringar i skogbruksplanen, eller under synfaring 14. mai og 7. oktober 2024

§ 9 Føre-var-prinsippet: I dette tilfelle vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vere godt ut frå tiltaket sin karakter.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning. Vegen vil bli nytta til transport av tømmer og skjøtsel av skogen. Vegane vil i liten grad kunne føre til transport som uroar vilt ut over ordinær skogsdrifta i kortare periodar enkelte år.

§ 11 Kostnad med miljøforringing skal bærast av tiltakshavar:

Avflekka jord og humus tilbakeførast i vegfyllingane.

§ 12 *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar*: Tiltaket vurderast som miljøforsvarleg og vi kan ikkje sjå at det er aktuelt med restriksjonar eller pålegg når det gjelder driftsmetodar.

Det er sendt høyringsbrev til Statsforvaltaren si miljøvernavdeling. Kommunen har ikkje motteke høyringssvar i frå Statsforvaltaren. Vi kan ikkje sjå at det her er snakk og miljøkvalitetar som må takast spesielt omsyn til eller at det rører nasjonale interesser som Statsforvaltaren treng uttale seg om. Ein vel difor å fatte vedtak utan høyringssvar frå Statsforvaltaren ligg føre.

Agder fylkeskommune har ikkje uttala seg med omsyn til vassførekomstar. Traktorveg vil krysse Optestøylbekken på elvebotnen. Ein kan ikkje sjå at tiltaket i ein regulert bekk med minstevassføring på 20 l/s kan føre til vesentleg skade på organismar som har tilhald i bekken.

Kulturminne

Kulturminneseksjonen i Agder fylkeskommune har ingen merknadar for denne traktorvegen, men har hatt utgraving for å stadfeste når det var busetnad på Øybu. Forhold i høve kulturminne vurderast difor å vere avklart, men vi minner om at ein må stoppe arbeidet og melde i frå til kulturminneseksjonen i Agder fylkeskommune om ein oppdagar gjenstandar eller anna som kan ha kulturhistorisk verdi.

Friluftsliv

Vegen vil ikkje kome i konflikt med friluftsføremål i kommuneplanen. I dag er område bruk ut over enkelte som går tur på eksisterande bilveg.

Samandrag og konklusjon:

Vegen gir tilgang på om lag 1200 m³ med tømmer. Traktorvegane vil styrkje verdigrunnlaget på garden over tid. Traktorveg og snu- og velteplass vil gi heilskapleg vegløyse for skogteigen då ein får kopla saman veganlegga. Kommunedirektøren er positiv til søknaden.

Klage

Vedtaket kan påklagast til Bykle kommune. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt innafor denne fristen.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket. Oppgjev kva for eitt vedtak det vert klaga på, gjerne med saksnummer, den eller dei endringar De ynskjer, og grunnen til at De meiner klaga må takast til fylgje.

Med helsing
Bykle kommune

Signe Sollien Haugå
Plansjef

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.